

Møteinnkalling

Utval:	Fellesnemnda-AU
Møtestad:	Fylkesutvalsalen, 3.etg., Fylkeshuset, Agnes Mowinckelsgt. 5. Bergen
Dato:	04.02.2019
Tid:	14.00

Du vert med dette kalla inn til møtet i FN-AU måndag 4. februar på fylkeshuset i Bergen.

Program

Kl. 14:00 – 17:00 Opning
 Saksbehandling

Åshild Kjelsnes (A), Terje Søviknes (FRP) har meldt forfall – Trude Brosvik (KRF), Anne-Beth Njørheim (V) stiller.

Dersom nokon av utvalet sine medlemmer ikkje kan møta og må melda forfall, vert dei bedne om å gjere dette snarast ved å fylle ut skjemaet på www.hordaland.no/forfall eller sende melding til folkevalde@hfk.no.

Innkallinga gjeld valde medlemer i Fellesnemnda-AU. Ved eventuelt forfall frå faste medlemer vil varamedlemer bli kalla inn særskilt.



Anne Gine Hestetun
utvalsleiar

Sakliste

Utvals- saknr	Innhold	Arkiv- saknr	U.Off.
PS 1/19	Godkjenning av møteinnkalling og sakliste		
PS 2/19	Godkjenning av møtebok 09.11.18 og 27.11.18		
PS 3/19	Referatsaker (skriv og meldingar)		
RS 1/19	Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune - melding om vidare prosess og arbeid med alternative framlegg	2015/1434	
RS 2/19	Nye Vestland fylkeskommune møter kommunane - møtedatoar og invitasjon	2015/1434	
PS 4/19	Ymse		
PS 5/19	Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune	2018/16486	
PS 6/19	Utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune	2018/16486	

PS 1/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste

PS 2/19 Godkjenning av møtebok 09.11.18 og 27.11.18

PS 3/19 Referatsaker (skriv og meldingar)

Saksutgreiing

Prosjektleiar legg her fram sak om vidare prosess med Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

1. Bakgrunn

Til møtet i Fellesnemnda 19. desember 2018 la Arbeidsutvalet fram prosjektleiar si tilråding til fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune, utan å slutte seg til tilrådinga. Fellesnemnda gjorde følgjande vedtak:

Fellesnemnda ber administrasjonen arbeide vidare med saka og jobbar fram med alternativ med utgangspunkt i dei forslaga som er kome fram i møtet.

Jenny Følling (Sp) sette fram slikt oversendingsforslag til administrasjonen:

- 1. Fellesnemnda ber om forslag på alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap.*
- 2. Fellesnemnda ber om at folkefavoritten vert bearbeidd vidare og framlegg på historisk samlande motiv.*

Gunhild Berge Stang (V) sette på vegner av V, H og Frp fram slikt felles oversendingsforslag til administrasjonen:

«Fellesnemnda vil i det vidare arbeidet med nytt fylkesvåpen gå vidare med Gulatinget, Onarheimsgildet, og St Sunniva. Tematisk skal ein vektlegge at det nye fylkesvåpenet speglar vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til vår felles historie.»

Etter vedtaket i Fellesnemnda 19. desember 2018 er designkonkurransen avslutta. Tilbydar C vann konkurransen, sjølv om vinnarforslaget ikkje er vald som fylkesvåpen. Designbyrået som vann, viste seg å være Neue Design Studio. Dei hadde i tillegg 3 av 4 tilrådde forslag frå fagkomitéen.

Prosjektleiar legg dette til grunn for utgreiinga av den vidare prosessen nedanfor. Oppfølginga av vedtaket og oversendingsforslaga er gjort greie for i kvart sitt kapittel. Prosjektplan i kapittel 4 viser meir detaljert vegen fram til vedtak av Fylkesvåpen for Vestland fylkeskommune.

2. Arbeid med oversendingsforslag 1

Fellesnemnda vedtok 19. desember 2018 følgjande oversendingsforslag:


1. Fellesnemnda ber om forslag på alternative grønfargar på tilrådd alternativ – tilbydar C natur og landskap.
2. Fellesnemnda ber om at folkefavoritten vert bearbeidd vidare og framlegg på historisk samlande motiv.

Prosjektlear ser for seg følgjande prosess for oversendingsforslag 1:

2.1 Framlegging av fargealternativ for tilrådd alternativ

Det vil verte utarbeidd alternativ der fargane på fagkomitéen sitt tilrådde alternativ er justerte. Arbeidet vert utført som eit tilleggsoppdrag til Neue Design Studio.

Døme på justering av fargar i våpenmerke utarbeidd av prosjektlear:



1. Som lagt fram i designkonkurransen
2. Justert farge
3. Justert farge

2.2 Bearbeiding av folkefavoritten

Prosjektlear viser til saksutgreiing (PS52/2018) lagt fram for Fellesnemnda 19.12.2018. Det er ikkje avklart kven som har opphavsrett, jf lov om opphavsrett til åndsverk m.v. av 15. juni 2018, til folkefavoritten. Det har ikkje lukkast å avklare spørsmålet. Prosjektlear konstaterer at det er betydeleg risiko for brot på lova om ein går vidare.

Prosjektlear syner til at det er allereie utgreia eit alternativ mellom dei tilrådde alternativa frå fagkomitéen der byrået har tatt utgangspunkt i ideen til folkefavoritten og at Fellesnemnda i sitt vedtak frå 19. desember ikkje ynskte å gå vidare med dette alternativet. Prosjektlear ser det ikkje mogeleg å arbeide vidare med folkefavoritten og rår til at dette alternativet ikkje vert med i vidare prosess.

3. Arbeid med oversendingsforslag 2

Fellesnemnda vedtok 19. desember 2018 følgjande oversendingsforslag:

«Fellesnemnda vil i det vidare arbeidet med nytt fylkesvåpen gå vidare med Gulatinget, Onarheimsgildet, og St Sunniva. Tematisk skal ein vektlegge at det nye fylkesvåpenet speglar vilje til demokrati, folkevald makt og med referanse til vår felles historie.»

3.1. Prosess

Prosjektleiari organiserer arbeidet som eit tilleggssoppdrag til Neue Design Studio. Arbeidet vert utført som eit samarbeid mellom byrå, prosjektleiari og Arbeidsutvalet (FN-AU). Arbeidsutvalet vil verte involvert i møta våren 2019. Prosjektleiari ser føre seg ein stegvis prosess der avgjerande spørsmål vart avklara i tidleg fase, før prosjektet går vidare til siling og endeleg utforming.

Det vil være avgjerande for eit godt resultat å oppnå den rette balansen mellom det abstrakte, det figurative og det monumentale i utforming av fylkesvåpenet. Prosjektleiari vil vurdere å få designbyrå til å knyte til seg teiknar.

Prosjektleiari er no i gang med å vurdere motivkrinsane Fellesnemnda har gått vidare med, i lys av retningslinene frå same vedtak. Utgreiinga viser førebels at for St. Sunniva og Onarheimsgildet er det krevjande å lokalisere motiv som høver til retningslinene. Gulatinget høver førebels godt til retningslinjene, og prosjektleiari finn at Gulatinget har eit rikt motivtilfang.

Nedenfor er prosjektleiari sin vurdering av Gulating, St. Sunniva og Onarheimsgildet. For Gulating er også greidd ut kva motiv som kan være aktuelle, og nokre døme på korleis aktuelle motivkrinsar kan verte sjåande ut. Utgreiinga er tentativ. Prosjektleiari vil være ferdig med avgrensing av motivtilfang til FN-AU sitt møte 26. mars 2019.

3.1. Onarheimsgildet som motivkrins

Mykje er uklart om Onarheimsgildet, ei samanslutning av gildebrør frå det gamle Hordaland. Ein reknar som sikkert at tingstaden Onarheim har vore ein del av ein større tingstruktur i Hordaland og Sogn og Fjordane. Fellestinget, og det øvste tinget, var Gulatinget. Der møttest folk frå Hordaland og Sogn og Fjordane, på nøytral grunn midtveges mellom høvdingseta, for å diskutere seg fram til semje i vanskelege saker. Gulatinget er etablert på 800-talet, og har kanskje fungert som eit regionalt ting i nokre hundreår før dette. På nivået under Gulatinget hadde truleg kvart av fylka Horda, Sygna og Firda 4 såkalla fjordingsting, og under dette eit nettverk av lokale ting. Det kan ha vore eit fylkesting for kvart av dei 3 fylka, på nivået mellom fjordingstinga og Gulatinget.

Onarheim var truleg åstad for eit av dei regionale tinga i Hordaland i mellomalderen, kan hende var det eit fjordingsting eller sjølv fylkestinget. Tinget på Onarheim kan ha røter langt tilbake, kanskje til

før vikingtid. Øya Tysnes er av fleire halden fram som ein sentral kultstad lenger bak i tid, og ulike teikn kan tolkast i denne retninga, men dette er uvisst.

Onarheimseglet er motivgrunnlag for fylkesvåpenet til Hordaland fylkeskommune. To krosslagde økser under ei krone er eit motiv henta frå seglet, som skriv seg frå eit hyllingsbrev til Kong Magnus Magnusson i 1344. Motivet er tufta på St. Olavsmytten, og framstiller tingsamlinga på Onarheim. Øksene framstiller starten og slutten på Olssok, altså den tida tinget var samla under krona. Motivet er symmetrisk, klart og gjenkjenneleg. Onarheimseglet er eitt av dei få haldepunkta vi har frå tinget på Onarheim.

Olav den heilage er knytt til Trøndelag ved sin død og kanonisering. Som leiar var han ikkje ein utprega folkestyrar, og reiv m.a. fleire tingstader for å styre meir aleine. Han var omstridd og ikkje samlande i si samtid, måtte flykte frå landet, og vart drepen når han kom tilbake. Etter død og kanonisering kravde kyrkja at alle komande norske kongar til evig tid skulle reknast som Olavs vasallar, og dermed underordne seg kyrkja. Dette nekta kongane.

Døme på bruk av Onarheimsseglet i våpenmerke:



1. *Hordaland fylkeskommune våpenmerke*
2. *Hordaland fylkeskommune våpenmerke med endra botnfarge (prosjektleiar)*
3. *Tysnes kommune våpenmerke*

3.2 St. Sunniva som motivkrins

Legenda om Sunniva er kjend frå tre eldre skrifter, to av dei er frå slutten av 1100-talet og den tredje frå 1300-talet. Historia i skriftene er noko ulik, men hovudtrekka er dei same:

Kongsdottera Sunniva flykta frå ein vikinghøvding som terroriserte folket hennar og ville tvinge henne til giftarmål. Sunniva, som hadde ei djup kristentru, valgte å rømme landet. Med henne på flukt var mange av folket hennar, og dei sette ut på havet i tre båtar utan segl, årer eller styre, og la lagnaden i Guds hender. Båtane dreiv mot land i Firdafylket, men innbyggjarane der gjekk til åtak på dei og jagde dei ut på havet att. Ein storm skilde båtane. Ein kom til øya Kinn medan to landa på øya Selja. Sunniva og folket hennar vart buande i holer og under hellarar på Selja. Øya hadde ikkje busetnad, men vart nytta som beiteland for bøndene. Etter kvart som dyr kom vekk frå beite skulda bøndene Sunniva og fylgjet henna for å ha stole dei og det oppstod konflikt. Bøndene bad Håkon Ladejarl om å kome med hærfolk og drepe dei. Håkon kom med ein hær, og Sunniva og folket hennar flykta inn i holene der dei bad gud om å la fjellet falle ned over dei framfor å verte tekne av Håkon og hans menn. Bøna vart høyrd og fjellet raste ned over Sunniva og fylgjet henna. I 996 fant nokre

handelsmenn ein hovudskalle som det steig ljøs opp mot himmelen frå på Selja, og det kom ei vedunderleg lukt frå den. Dei la han fram for Olav Tryggvason. Kongen drog til Selja med eit fylje av mange kristne menn og fann den nedrasa hammaren. Då dei granska den fann dei ei mengde bein med søt ange samt den uskadde kroppen til Sunniva. Sunniva vart ein helgen som hadde lidd martyrdøden og det vart bygd ei kyrkje til henne på staden.

Sunniva er omtala som den første norske kvinnelege helgen, og det oppstod ein sterk kult knytt til henne. På Selja vart det bygd fleire kyrkjer og eit klosteranlegg. I ca. 1068 delte Olav Kyrre landet inn i tre bispedømer, og heile vestlandet låg under Selja bispedømme. Det var truleg fleire grunnar til at bispedømmet for Vestlandet vart lagt til Selja. I tillegg til at Selja var geografisk knytt til St. Sunniva sin martyrdød var Selja ein svært strategisk stad langs kysten av Noreg. Såleis må det ha vore viktig for Olav Kyrre å etablere eit kristent maktsentrum her.

Bispedømmet hadde sete på Selja fram til 1170 då bispedømmet formelt vart flytta til Bergen, då den store Kristkyrkja på Holmen var ferdigstilt. Sunnivaskrinet vart då flytta frå Selje og plassert på høgalteret i den nye kyrkja. Sannsynlegvis hadde biskopen flytta si verksemd til Bergen, som på denne tida var landet sin største by, lenge før den formelle flyttinga av bispestolen.

Historia om St. Sunniva er ei legende og det er uvisst om ho nokon gong har eksistert. Forteljingane om henne har klåre likskapar med legenda om St. Ursula og St. Modwena. Karakteren er også ein kjend arketypp frå dramadiktinga i Europa på 900-talet. Mykje taler for at segna om Sunniva er eit litterært arbeid som er utført av enten ein prest eller ein munk, for å styrke etableringa av eit maktsenter på ein strategisk stad langs kysten.



I religiøse bilete vert Sunniva ofte framstilt med to attributtar, stein (til v.) og hole (til h.), noko som peiker attende på segna.

Døme på bruk av Sunniva i våpenmerke:



1. *Selje kommune våpenmerke*
2. *Sunniva med stein. Utsnitt av logo til St. Sunniva skole (prosjektleiar)*
3. *Sunniva med stein. Innsendt framlegg meldt til Fellesnemda, (RS43/2018)*

3.3 Gulating som motivkrins

Gulatinget var det regionale tinget for Vestlandet. Landområdet som var knytt til Gulatinget endra seg i løpet av mellomalderen. Før 930 var det i hovudsak dagens Hordaland og Sogn og Fjordane fylke som var omfatta av tinget. Etter midten av 900-talet vart området utvida til å omfatte Sunnmøre, Rogaland og Agderfylka. På tidspunktet for innføringa av landslova i 1274 omfatta Gulatingområdet også Valdes, Hallingdal og Setesdalen.

Etter 1274 når alle dei regionale tinga hadde godtatt Landslova var det ei felles lov for heile landet som erstatta dei regionale lovene. Landslova byggjer mykje på dei eldre lovene og mykje frå Gulatingslova er vidareført i denne. Ser ein på innhaldet i Landslova har den henta meir av innhaldet sitt frå Gulatingslova enn frå dei tre andre lovbøkene, Frostatingslova, Eidsivatingslova og Borgartingslova.

Opphavleg var Gulatinget eit allting. Det vil sei eit ting der alle frie menn hadde rett til å møte. Seinare vart det gjort om til eit lagting, eit representasjonsting, ei ordning som i grunntrekk er det same som vi har i dag.

Tinget var ein stad der ein møttest for å samtale for å løyse utfordringar, og der alle respekterte det ein kom fram til. Gulatinget hadde både lovgjevande og dømmende makt. Der tingmennene godkjende lovene i forhandlingar med kongen sine representantar og kyrkja. Noko av det som i dag er viktigast med historia om Gulating er at ein her anerkjende at ein er einige om å dele makt, at alle stemmer skal høyrast, og at tinget er eit møte mellom likemenn. Desse prinsippa ligg til grunn for dagens demokrati, og vi kan her trekkje linjer frå forhistoria og fram til i dag.

Frå den nøytrale lokaliseringa i Gulen, i grensa mellom Hordaland og Sogn og Fjordane, vart Gulatinget flytt til Bergen like etter 1274. Tinget utvikla seg parallelt frå å være ein arena for konfliktløysing til å verte ei arena for kongeleg maktutøving. Med Landslova i 1274 vart bøndene si dømmende makt svekka og kongen den høgaste dommare. Kongen sin representant, lagmannen, spela no ei leiande rolle på tinget.

Med erkjenninga om at samfunnet endrar seg i mente, er det likevel grunnlag for å sei at Gulating har grunntrekk ved seg som kan seiast å være sentrale element i statsdanninga i det som seinare skulle verte Noreg slik vi kjenner det i dag. Det var på Gulatinget Håkon den gode etter kjeldene skal ha gjeve bøndene odelen tilbake, i byte mot lovnad om at dei skulle stille hær mot ytre fiendar. Dette vart organisert ved leidangen og vetene langs norskekysten, og er i grunn eit folkeforsvar.

Gulen kommune har i dag dei to steinkrossane i Eivindvik som motiv på sitt kommunevåpen. Krossane er tett knytt opp til Gulatinget og markerer det mange meiner er tingstaden for den tida Gulatinget møtte i Eivindvik.

Aktuell motivkrins knytt til Gulatinget

Utgreiinga er ikkje uttømmende enno, men aktuelle motivkrinsar kan være følgjande: litterære motiv, gjenstandar frå Gulatinget, landskapet på steden, symbol knytt til institusjonar som vaks fram i denne fasen, folkemakt, kombinasjonar

Motivgruppe	Kjelde	Aktuelt motiv
Litterære motiv	Gulatinglova – primært den eldre delen	3 x 3 x 3 vert 27. Dette var talet på Gulatingmenn som måtte til for å sette tinget Motiv frå dei eldste kjende avskriftene av lova, td Rantzauboka (oml 1250)
	Islandske ætte- og kongesagaer	Motiv knytt til viktige hendingar og personar, mellom anna Håkon den Gode Adalsteinsfostre, Ingolv Arnasson og Ulvlot
	Tåttar og segn	Kongabui under krossen der Håkon sat (Gulatingssullen)
	Gulatingseglet	Stjerne/sol og måne, trone, lovbok og allmugen, lovseiemannen, septer og måne
Gjenstandar		Krossane i Eivindvik
Landskapet	Eivindvik	Ulike landskapstrekk (sjø, slette, platform, bergvegg)
Symbol på institusjonar	Leidangen	Motiv frå runepinne som viser skipsfylkinga Vete for varsling
	Representasjonstinget	Halvsirkel/amfi, veband 3 (Sygna, Firda, Haruda)

		7 (Nordfjord, Sunnfjord, Sogn, Nordhordland, Sunnhordland, Voss, Hardanger)
	Lova	Vekt, bok
Folkemakt	Folket sine symbol og uttrykk	Vernemagiske symbol (valknute, muruspjeld, karveskurd mv)
Kombinasjonar	Statsdanning generelt	Krone, lilje, sverd, løve

Skisser med utgangspunkt i Gulating

Døme på bruk av Gulatingsseglet i våpenmerke:




1. Gulatingsseglet (avtrykk i *Diplomatarium Norvegicum* 662 dagsett 23.06.1421)
2. Gulatingsseglet komplettert ved fri bearbeiding (prosjektleiar)
3. Gulating 2 – i gull på raud bakgrunn (prosjektleiar)

Døme på bruk av gjenstander (kross og septer) frå Gulatinget i våpenmerke:




1. Gulen kommune våpenmerke (Gulatingskrossane)
2. Ein kross sett inn i skjoldet (prosjektleiar)
3. Septer frå Gulatingsseglet (prosjektleiar)

Døme på bruk av symbol på institusjonar (leidangen og representasjonstinget) i våpenmerke:



1. *Leidangen (prosjektleiar, frå Tusenårstaden Gulatinget si heimeside)*
2. *I karveskurd 27 Gulatingsmenn framstilt som 3 x 9-takka stjerner (prosjektleiar)*
3. *Abstrakt representasjon av tingmennene og lagmannen (prosjektleiar)*

Døme på bruk av symbol på institusjonar (veband) og folkemakt (folket sine symbol og uttrykk) i våpenmerke:



1. *Valknute (vern mot vonde makter) kjend frå Vestlandet sin folkekunst. Historisk og folkeleg symbol som teiknar ytre sirkelform (veband). To fylke som går i lag. 8 sirkelar knyter saman Nordfjord, Sunnfjord, Sogn, Nordhordland, Sunnhordland, Voss, Hardanger og Bergen. (prosjektleiar)*
2. *Som 1 i blå botnfarge*
3. *Som 1, men med olavsøkser som historisk referanse*

4. Økonomi og Prosjektplan

4.1 Økonomi

Det vil verte kostnadar i den vidare prosessen. Storleiken vil avhenge av kor mange forslag ein ynskjer å få utarbeidd, men prosjektleiar ser ikkje store utfordringar knytt til dette, då kun eitt byrå vert engasjert.

4.2. Ressursgruppe

Fagkomiteen sitt arbeid er ferdigstilt. Det vert etablert ei ressursgruppe for kvalitetsikring av arbeidet framover.

4.2 Prosjektplan

Dato	Politisk forankring	Prosess	Ansvar
4. februar	Møte FN-AU	Sak med rapportering og plan for vidare arbeid	Prosjektleiar legg fram sak
14. Februar	Møte FN	Sak med rapportering og plan for vidare arbeid	Prosjektleiar legg fram sak
26. mars	Møte FN-AU	Presentasjon av vinnarforslaget med fargealternativ Forslag til aktuelle motiv for fylkesvåpen Vegval i prinsipielle spørsmål <ul style="list-style-type: none">• monumentalitet• grafisk stil: abstrakt vs realistisk	Prosjektleiar legg fram sak FN-AU gjer vegval
29. april	Møte FN-AU	Fleire utkast til fylkesvåpen i tråd med grafisk strategi, og siling av motiv FN-AU gjev tilbakemeldingar på dei presenterte forslaga	Prosjektleiar legg fram sak FN-AU gjer vegval
13. mai	Møte FN-AU	PS-sak med forslag til fylkesvåpen	Prosjektleiar
23. mai	Møte FN	FN gjer vedtak om tilråding til nytt fylkesvåpen	Saka frå FN- AU går til FN
4. og 12. juni	Fylkestinga i SFFK og HFK	Vedtak om nytt fylkesvåpen	Saka frå FN går vidare til FT

Notat

Dato: 23.01.2019
Arkivsak: 2015/1434-729
Saksbehandlar: marrods

Til: Fellesnemnda - arbeidsutvalet

Frå: Rune Haugsdal , prosjektleiar

Nye Vestland fylkeskommune møter kommunane - møtedatoar og invitasjon

Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) har fått ansvar for å førebu kunnskapsgrunnlag for ny regional planstrategi 2020-2024. Det formelle arbeidet med sjølvje planstrategien startar i nyvald fylkesting for Vestland. Kunnskapsgrunnlaget er samstundes eit viktig underlag for å utvikle ein felles plattform for den nye fylkeskommunen. Kunnskapsgrunnlaget vil bestå av eit samla statistikkgrunnlag for det nye fylket og ei oppsummering av viktige utfordringar for fylket.

Statistikkgrunnlaget er ferdigstilt og kan lesast på www.vlfk.no.

For å få fram utfordringane er det gjennomført ei spørreundersøking og det vil bli halde regionale dialogmøte. I tillegg vil det bli innhenta innspel frå statleg hald og fageiningar i fylkeskommunen.

Spørreundersøkinga er sendt til ordførarar, rådmenn, kommunalsjefar, folkehelsekoordinatorar og ungdomsrepresentantar samt leiarar for næringsverksemdar, om lag 700 respondentar. Undersøkinga vil avsluttast 28.januar og resultatane vil bli presentert på dei regionale samlingane.

Dialogmøtene vil bli halde om ettermiddagen mellom klokka 1700-2000 og vera opne for alle. Møtedatoane for dei siste møta er blitt endra sidan førre melding til FN-AU frå 22.mars til 26.mars og frå 3.mai til 29.april for å unngå fredag som møtedag.

Møtedatoane er no:

Stad/tid/regionråd

Bergen, 4.februar 2019
Regionrådet Vest
Div.kommunar i Bergensalliansen

Kommunar

Bergen, Askøy, Fjell, Øygarden, Sund, Os,
Fusa, Samnanger, Vaksdal

Voss, 6.februar 2019
Hardangerrådet
Sogn regionråd
Voss kommune

Lærdal, Årdal, Aurland, Luster, Sogndal,
 Leikanger, Balestrand, Vik, Høyanger, Voss,
 Granvin, Ulvik, Eidfjord, Ullensvang, Odda,
 Jondal, Kvam

Gulen, 7.februar 2019
Regionrådet Nordhordland
HAFS

Hyllestad, Solund, Askvoll, Fjaler,
 Austrheim, Fedje, Gulen, Masfjorden,
 Modalen, Radøy, Lindås, Meland, Osterøy

Førde, 26.mars 2019
Samarbeidsforum i Sunnfjord (SiS)
Nordfjorderådet

Selje, Eid, Vågsøy, Flora, Bremanger, Stryn,
 Gloppen, Gaular, Førde, Jølster, Naustdal

Leirvik, 29.april 2019
Samarbeidsrådet for Sunnhordland

Sveio, Bømlo, Etne, Austevoll, Stord, Fitjar,
 Tysnes, Kvinnherad

Osterøy kommune har meldt at dei vil delta på møtet saman med Nordhordlandskommunane. Vaksdal kommune har meldt at dei vil delta på møtet på Voss grunna kollisjon med formannskapsmøte.

Regionråda har vore kontaktorgan for tilretteleggjinga av møta. Kommunane er informert om møte gjennom eige brev og informasjon gjennom regionråda. Det er sendt direkte invitasjon til kommunane sentralt og til underavdelingar og ulike funksjonar. Verksemdene og næringsorganisasjonane som har delteke i spørreundersøkinga har fått invitasjon direkte. I tillegg er det sendt direkte til ei rekkje organ innan næring, kultur, til frivillig sektor og til offentleg forvaltning. Til saman vil rundt 1000 adressatar få invitasjonen direkte.

Invitasjonen fylgjer dette notatet.

I tillegg er det informert om dialogmøta på nettsidene til HFK og i sosiale medium ved fleire høve. Møta vil bli kunngjort i lokalaviser, både papiravis og nettavis i forkant av møta. Kommunikasjonseiningane i kommunane og lokalavisredaksjonane og andre medium vil bli direkte kontakta med sikte på formidling.

Fylkestinga vil få informasjon gjennom ein e-post direkte til medlemene.

Det er ynskjeleg at kommune- og fylkespolitikarar deltek på møta.



No kan du påverke vegvalet for nye Vestland fylke



Fellesnemnda for nye Vestland fylkeskommune ved arbeidsutvalet inviterer til fem opne dialogmøte.

- 4. februar – Bergen, Amalie Skram vgs, møterom Hans Tank
- 6. februar – Voss, Voss vgs, Skulstadmoen, auditoriet
- 7. februar – Gulen, Sløvåg, Vidsyn hotell
- 26. mars – Førde, Øyrane vgs
- 29. april – Leirvik, Stord vgs, Saghaugen, konsertsalen

[Sjå arrangementa på Facebook](#)

Tid for alle møta: Kl. 17.00 - ca 20.00. Kaffi og ein matbit frå 16.30.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval (FN-AU) førebur no nye Vestland fylkeskommune. Arbeidsutvalet inviterer til fem opne møte om viktige vegval for Vestland fylke. Føremålet med møta er å få fram kunnskap og innblikk i utfordringar i ulike delar av det nye fylket, som rører ved Vestland fylkeskommune si rolle som tenesteleverandør og samfunnsutviklar.

Agenda er lik for alle møta:

- Fylkesordførarane Anne Gine Hestetun og Jenny Følling presenterer visjonane for den nye regionen.
- Orientering om korleis den nye fylkeskommunen vil bli organisert ved framtidig rådmann Rune Haugsdal.
- Vi vil få presentert fakta om utviklingstrekk i regionen og resultat av spørreundersøking om utfordringar.
- Frå lokalt hald kjem det innlegg med innspel om kva som er dei viktigaste tema for felles satsingar framover frå representantar frå kommunane, næringslivet, lag og organisasjonar.
- Viktigast er at alle kan koma med innspel om kva dei meiner bør prioriterast i ein utviklingsstrategi for fylket (regional planstrategi 2020-2024).

Målgruppa er alle som har synspunkt på kva som bør vera satsingsområde i det nye fylket.

Meir om dialogmøta og oppdateringar om nye Vestland fylkeskommune finn de på nettsida www.vlfk.no


Det krevst ingen påmelding. Del gjerne invitasjonen med alle som du meiner ynskjer å bidra!

Vi ser fram til ein open og konstruktiv dialog med folk med meiningar og ambisjonar for det nye fylket!

Les nyheitsaka "[Splitter nye funn om utviklinga i Vestland-området](#)".

Venleg helsing


Anne Gine Hestetun
Fylkesordfører i Hordaland


Jenny Følling
Fylkesordfører i Sogn og Fjordane

PS 4/19 Ymse

Saksbehandlar: Lisa Marie Hillestad Ålsberg, prosjektleiaren, Sogn og Fjordane
Sak nr.: 2018/16486-10

Saksgang	Saknr.	Møtedato
Utval		
Fellesnemnda-AU	5/19	04.02.2019
Fellesnemnda		14.02.2019

Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune

SAMANDRAG

Prosjektlear fekk i samband med sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» i oppgåve å utarbeide framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda slo fast at saka burde leggjast fram for drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og deretter til vedtak i fellesnemnda.

Prosjektlear starta arbeidet med reglementet sommaren 2018, og la – på bakgrunn av ønsket om at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg – fram ei første skisse til drøfting 10.09.18 og vedtak 21.09.18. Saka synleggjorde ei breidde av politiske organ i Vestland fylkeskommune utover den faste hovudutvalsstrukturen, samt eit framlegg til grunnleggjande prinsipp for utforming av godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval drøfta eit utkast til reglement for godtgjersle framlagt av prosjektleiar i sine møte den 18.10.18, 29.10.18 og 27.11.18. Arbeidsutvalet sine drøftingar og arbeidsverkstader har resultert i at prosjektleiar har fått nokre justerte føringar i samband med framlegging av eit nytt heilskapleg utkast til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde. Arbeidsutvalet sine føringar ligg til grunn for modellen og vurderingane som er gjort i dette saksframlegget.

Prosjektlear rår fellesnemnda sitt arbeidsutval til å gje slik tilråding:

1. Fellesnemnda fastset reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.
2. Fellesnemnda vil eventuelt vurdere reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår dersom delegeringsreglementet medfører betydelege justeringar av roller, ansvar og mynde. Prosjektlear utarbeider framlegg til politisk delegeringsreglement til fellesnemnda første halvår 2019.
3. Fellesnemnda vil vurdere samla kostnader knytt til folkevalde sin politiske aktivitet dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

Rune Haugsdal
prosjektlear

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg:

1. Reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, framlegg datert 25.01.2019.

Lenker til relevante dokument:

1. Reglement for godtgjersle/arbeidsvilkår i Hordaland fylkeskommune i dag ([her](#)).
2. Reglement for godtgjersle/arbeidsvilkår i Sogn og Fjordane fylkeskommune i dag ([her](#)).
3. Økonomiske vilkår for folkevalde ([her](#)). Kommunesektorens organisasjon ([KS](#)), 2017.

1. BAKGRUNN FOR SAKA

Føreseieleg reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune

Prosjektleiari fekk i samband med sak 22/18 «Politisk organisering i den nye fylkeskommunen på Vestlandet» i oppgåve å utarbeide framlegg til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i Vestland fylkeskommune. Fellesnemnda slo fast at saka burde leggjast fram for drøfting i fellesnemnda sitt arbeidsutval 18.10.18 og deretter til vedtak i fellesnemnda.

Prosjektleiari starta arbeidet med reglementet sommaren 2018, og la – på bakgrunn av ønsket om at rammene for det politiske arbeidet blir klarlagt så tidleg som mogleg – fram ei første sak til drøfting 10.09.18 og vedtak 21.09.18. Saka synleggjorde ei breidde av politiske organ i Vestland fylkeskommune utover den faste hovudutvalsstrukturen, samt framlegg til grunnleggjande prinsipp for utforming av godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde i den nye fylkeskommunen.

Fellesnemnda vedtok 21.09.18 i sak 35/18 «Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - fase II» følgjande føringar for arbeidet med framtidig reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde:

- a) Samla økonomiske rammer for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune skal hovudsakleg liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag. Dette omfattar m.a. løn, møtegodtgjersle og kompensasjon for tapt arbeidsforteneste.
- b) Fellesnemnda vil vurdere det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.
- c) Fylkesordførar, fylkesvaraordførar og dei fire hovudutvalsleiarane i Vestland fylkeskommune skal ha godtgjersle tilsvarande heil stilling (100%).
- d) Leiaren for kontrollutvalet skal ha godtgjersle tilsvarande halv stilling (50%).
- e) Fellesnemnda legg opp til ei differensiering i høve til den enkelte folkevalde si rolle som fylkestingsrepresentant, fylkesutvalsrepresentant, gruppeleiar og/eller andre sentrale roller.

Fellesnemnda sitt arbeidsutval drøfta eit utkast til reglement for godtgjersle framlagt av prosjektleiari i sine møte den 18.10.18, 29.10.18 og 27.11.18. Arbeidsutvalet sine drøftingar og arbeidsverkstader har resultert i at prosjektleiari har fått nokre justerte føringar i samband med framlegging av eit nytt heilskapleg utkast til reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for dei folkevalde:

- a) Det skal leggjast til grunn at medlemene i fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar, også sit i eit hovudutval.
- b) Hovudutvalsleiarane sit ikkje i fylkesutvalet, men tiltrer i finansutvalet og planutvalet.
- c) Hovudutvalsleiarane skal ikkje frikjøpast i heil stilling.
- d) Gruppeleiarane i fylkestinget skal tilgodesjåast noko meir i det nye reglementsutkastet enn det som var tilfelle i utkastet som var til handsaming 18.10.18. Det bør vurderast om gruppeleiarane bør sitje fast i fylkesutvalet.
- e) Gruppeleiarane si godtgjersle skal vere noko meir differensiert enn det som var tilfelle i utkastet som var til handsaming 18.10.18.
- f) Opposisjonsleiar bør få tilnærma heil stilling som gruppeleiar for den største partigruppa og som medlem i fylkesutvalet.

- g) Kommunelova sin § 43 seier at kommunestyret/fylkestinget kan vedta å opprette eller slutte seg til ei pensjonsordning for folkevalde i kommunar. Arbeidsutvalet la til grunn at alle folkevalde i Vestland fylkeskommune vert innmelde i KLP.
- h) Dersom folkevalde som er frikjøpte vert sjukmelde, er det KS si tilråding at vedkomande beheld si faste godtgjersle. Arbeidsutvalet la dette til grunn i si drøfting 18.10. og 29.10.
- i) Fellesnemnda sitt arbeidsutval la til grunn at prosjektleiar også gjer ei førebels vurdering av framtidig nivå på samla reisegodtgjersle og ev. bustadutgifter i det vidare arbeidet.
- j) Nestleiarar bør ha fast godtgjersle.
- k) Hovudutvalsmedlem og fylkestingsmedlem bør likestillast.
- l) Grunnlaget for berekning av godtgjersle skal vere 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle, og ikkje 90 % som skissert i utkastet den 27.11.18.

2. REGLEMENT FOR GODTGJERSLE OG ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE

I utforminga av reglementet legg prosjektleiar til grunn signala frå drøftingane i fellesnemnda sitt arbeidsutval.

Alle kostnader er i 2018-kroner, og dei konkrete talstorleikane som er presentert vil bli endra når reglementet trer i kraft.

Funksjonar og roller

Reglementet omtalar følgjande roller:

- a) Fylkesordfører
- b) Fylkesvaraordfører
- c) Fylkesutvalsmedlemer
- d) Hovudutvalsleiarar, nestleiar og –medlemer
- e) Kontrollutvalsleiar, nestleiar og –medlemer
- f) Fylkestingsmedlemer
- g) Gruppeleiarar i fylkestinget
- h) Saksordfører
- i) Leiarane for:
 - Fagopplæringsnemnda/yrkesopplæringsnemnda
 - Fylkesrådet for eldre
 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Trafikktryggingsutvalet
 - Styret for fagskuleutdanninga
 - Medverknadsorganet for ungdom

Presisering av godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlemane, leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet og gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget vert frikjøpte i si rolle. Det inneber at ein mottek ei fast godtgjersle i staden for dekning av tapt arbeidsinntekt og arbeidsgodtgjersle, jf. kommunelova § 8-5.

Fylkesutvalsmedlem

Som fylkesutvalsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneberer at ein også sit i eit hovudutval. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal også dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemane får difor ikkje

fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ei ytterlegare godtgjersle på 5 % av grunnlaget.

Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet

Som leiar i eit av hovudutvala eller kontrollutvalet vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som leiar inneberer at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar får ein ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget

Gruppeleiarane i partia vert frikjøpt med grunnlag i 20 % - 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Gruppeleiarane si godtgjersle vert differensiert i tre intervall etter tal representantar i fylkestinget. Rolla som gruppeleiar inneber å leie og koordinere det politiske arbeidet som partigruppa utøver i fylkestinget. Godtgjersla dekkjer møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt, førebuing og deltaking i møter, konferanse, synfaring m.m.

Nivå på faste godtgjersler

Det er lagt opp til at stortingsrepresentantane si godtgjersle per 01.05.18 dannar grunnlaget for berekning av dei faste årlege godtgjerslene i Vestland fylkeskommune, der fylkesvaraordførar si godtgjersle utgjer 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Prosjektleiar har føresett ei godtgjersle på 1,3 mill. kr for fylkesordførar i berekningsgrunnlaget, men denne vert fastsett særskilt ved konstituering av det framtidige fylkestinget.

Satsane vert justert i takt med stortingsrepresentantar si godtgjersle, som vert regulerte 1.mai kvart år.

Ved fastsetjing av godtgjerslene har prosjektleiar lagt seg på minst same kronenivå som det dei to fylkeskommunane har i dag. Prosjektleiar legg opp til følgjande faste godtgjersler til folkevalde:

	%-sats	Beløp
fylkesordførar		kr 1 300 000
fylkesvaraordførar		kr 956 500
Fylkesutvalsmedlem	50 %	kr 478 250
Leiar i hovudutvala	50 %	kr 478 250
Leiar i kontrollutvalet	50 %	kr 478 250
Nestleiarane i hovudutvala og kontrollutvalet	10 %	kr 95 650
Fylkestingsmedlem	5 %	kr 47 825
Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem	5 %	kr 47 825
Leiar yrkesopplæringsnemnda	3 %	kr 28 695
Leiar for trafikktryggingsutvalet	3 %	kr 28 695
Leiar for styret for fagskuleutdanninga	3 %	kr 28 695
Leiar for fylkesråd for eldre	3 %	kr 28 695
Leiar for fylkesråd for menneske med neds. funksj.	3 %	kr 28 695
Leiar for medverknadsorganet for ungdom	3 %	kr 28 695
Gruppeleiarar		
inntil 5 medlem i FT	20 %	kr 191 300
frå 6-9	35 %	kr 334 775
10 eller meir + opposisjonsleiar	50 %	kr 478 250
Telefon og breiband godtgjersle		kr 5 400
Frikjøpsordning		kr 25 000

- a) Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet dei har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av sitt verv eit anna utval.
- b) Varamedlemer i fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala og kontrollutvalet har krav på møtegodtgjersle.
- c) Med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar kan folkevalde ha fleire ulike funksjonar og dermed ha krav på godtgjersla som høyrer til kvar enkelt funksjon.
- d) Summen av dei faste godtgjerslene kan ikkje overstige fylkesvaraordførar si godtgjersle.
- e) Gruppeleiarane, fylkesutvalsmedlemane og leiarane i hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når ein møter i eigenskap av rolla si.
- f) Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet ved møter eller oppdrag på vegne av fylkeskommunen. Utover dette skal fylkeskommunen etter behov syte for høveleg husvære og dekke dei faste utgiftene med leige, straum m.m. for fylkesordførar, fylkesvaraordførar og hovudutvalsleiarane. Vidare skal fylkestinget fastsette særskilte reglar for dekking av reiseutgifter til og frå heimstaden på bakgrunn av kven som innehar vervet og kva som er rimeleg i det enkelte tilfelle, jf. punkt 9 i vedlegg 1.

Tabellen under syner kva godtgjersle ein får ved ulike rollekombinasjonar:

Rollekombinasjonar	Godtgjersle
FT-medlem + HU/KU-medlem ¹	10 %
FT- medlem + HU-medlem + FU-medlem ¹	55 %
FT-medlem + HU/KU-leiar	55 %
FT- medlem + HU/KU-medlem + gruppeleiar ¹ og ²	25 %- 55 %
FT-medlem + HU-medlem + FU-medlem+ gruppeleiar ¹ og ²	70 % -100 %
FT-medlem + HU/KU-leiar+ gruppeleiar ²	70 % - 100 %

¹ Dersom ein er nestleiar i enten HU eller KU vert godtgjersla auka med 5 %, men likevel ikkje slik at ein kjem over 100%.

² Føreset at ikkje alle gruppeleiarar sitter i FU

3. PROSJEKTLEIAR SI VURDERING

Prosjektleiar rår i denne saka fellesnemnda sitt arbeidsutval og i neste runde fellesnemnda til å drøfte eit nytt og konkretisert reglement for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune. Reglementet er utarbeidd med grunnlag i den nye kommunelova kapittel 8 , og byggjer på dei politiske drøftingane som så langt er gjort knytt til godtgjersle og arbeidsvilkår for politisk nivå i fellesnemnda 21.09.18 samt i fellesnemnda sitt arbeidsutval den 18.10.18, 29.10.18 og 27.11.18.

Med bakgrunn i nemnde politiske drøftingar rår prosjektleiar fellesnemnda til å fastsetje reglementet for godtgjersle og arbeidsvilkår for folkevalde i Vestland fylkeskommune, slik dette ligg føre i vedlegg 1.

Prosjektleiar ønskjer samstundes å gjere merksam på det samla kostnadsbiletet det no vert lagt opp til. Fellesnemnda vedtok 21.09.18 i sak 35/18 at «samla økonomiske rammes for folkevalde sin aktivitet i Vestland fylkeskommune hovudsakleg skal liggje innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har for den folkevalde aktiviteten i dag.» Det er då lagt opp til å i hovudsak vidareføre godtgjerslenivået, som i dag dekker godtgjerslene og reiseaktiviteten til folkevalde i to fylkeskommunar, i Nye Vestland fylkeskommune.

Utkastet som prosjektleiar la fram for arbeidsutvalet den 18.10.18 var i hovudsak innanfor summen av ramma som Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i dag. Det vart då gjort merksam på at kostnader som då skal dekke reise, hybel m.m. truleg er lågt vurdert. Det er vanskeleg å gjere eit presist anslag på desse kostnadane no, då dei vil vere avhengige av kvar dei folkevalde kjem frå/bur m.m.

Prosjektleiari har difor lagt til grunn at Vestland fylkeskommune vil trenge minimum det dei to fylkeskommunane har til reise, hybel m.m. i dag.

Etter drøftingar i fellesnemnda sitt arbeidsutval vil ikkje gjeldande budsjetttrammer i dei to fylkeskommunane vere tilstrekkeleg. Prosjektleiari tilrår ikkje å gå vesentleg utover tilgjengeleg ramme, og har difor redusert stønad til frikjøp for politisk arbeid til 25 000 kr per fylkestingsrepresentant, jf. frikjøpsordninga pkt. 13 i vedlegg 1. Frikjøpsordninga kjem i tillegg til partistønad. Partistønad er fylkeskommunen sitt tilskot til dei politiske partia sine fylkesorganisasjonar og gruppene i fylkestinget. Hordaland og Sogn og Fjordane fylkeskommunar har i dag til saman ei partistønad som utgjer om lag 11 mill. kr. I SFFK vert midlane fordelt med 15 % som ei grunnstønad (lik sum til kvart parti) og 85 % ut frå stemmer (lik sum per stemme). I HFK vert 12,5 % av partistønad fordelt som ei grunnstønad (lik sum til kvart parti), 44,5 % vert fordelt per representant (lik sum per representant) og 43 % vert fordelt ut frå stemmer (lik sum per stemme). Fordeling i Vestland fylkeskommune vert å kome attende til.

Framlegget som no ligg føre går ut over den samla ramma som dei to fylkeskommunane nyttar i dag med om lag 2,5 mill. kr.

Prosjektleiari rår vidare til at fellesnemnda vurderer det samla kostnadsbiletet knytt til folkevalde sin aktivitet på nytt dersom oppgåvestrukturen for fylkeskommunane vert endra utover det som no er kjent.

REGLEMENT FOR GODTGJERSLE OG ARBEIDSVILKÅR FOR FOLKEVALDE I VESTLAND FYLKESKOMMUNE

Reglementet har til føremål å sikre folkevalde kompensasjon for sin arbeidsinnsats, erstatning for tapt arbeidsinntekt og dekking av reelle utgifter i samband med utøving av vervet.

Reglementet gjeld for folkevalde og andre medlemar av fylkeskommunale organ. I tillegg gjeld reglementet for fylkeskommunane sine tillitsvalde i fylkeskommunale organ.

Reglementet er utarbeidd med grunnlag i den nye kommunelova kapittel 8.

Det vert vist til punkt 14 i dette reglementet for satsar for godtgjersler og vederlag, samt regulering av satsar.

1. FASTE GODTGJERSLER

Følgjande folkevalde skal ha faste godtgjersler:

- Fylkesordfører
- Fylkesvaraordfører
- Fylkestingsmedlemene
- Fylkesutvalsmedlemene
- Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Nestleiarane for hovudutvala og kontrollutvalet
- Hovudutvalsmedlemene
- Kontrollutvalsmedlemene
- Saksordfører
- Leiarane for:
 - Yrkesopplæringsnemnda
 - Fylkesrådet for eldre
 - Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
 - Medverknadsorganet for ungdom
 - Trafikktryggingsutvalet
 - Styret for fagskuleutdanninga

1.1. Fylkesordfører

Godtgjersla vert fastsett for kvar valperiode av det konstituerande fylkestinget.

1.2. Fylkesvaraordfører

Godtgjersla er sett til stortingsrepresentantane si godtgjersle.

1.3. Andre folkevalde

Godtgjersla til folkevalde, med unntak av fylkesordførar, vert berekna med grunnlag i stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Folkevalde kan ha fleire ulike funksjonar og dermed krav på godtgjersla som høyrer til kvar enkelt funksjon. Likevel skal ikkje summen av faste godtgjersler overstige fylkesvaraordførar si godtgjersle.

1.4. Godtgjersle til ulike politiske funksjonar og roller

Fylkesutvalsmedlemane, leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet og gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget vert frikjøpte i si rolle. Det inneber at ein mottek ei fast godtgjersle i staden for dekning av tapt arbeidsinntekt og arbeidsgodtgjersle, jf. kommunelova § 8-5.

Fylkesutvalsmedlem

Som fylkesutvalsmedlem vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som fylkesutvalsmedlem inneberer at ein også sit i eit hovudutval. Godtgjersla som fylkesutvalsmedlem skal også dekke rolla som hovudutvalsmedlem. Fylkesutvalsmedlemane får difor ikkje fast godtgjersle som hovudutvalsmedlem, møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte i hovudutvala. Viss ein vert nestleiar i eit hovudutval får ein ei ytterlegare godtgjersle på 5 % av grunnlaget.

Leiarane for hovudutvala og kontrollutvalet

Som leiar i eit av hovudutvala eller kontrollutvalet vert ein frikjøpt med grunnlag i 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Funksjonen som leiar inneberer at når ein møter i kraft av rolla som hovudutvalsleiar eller kontrollutvalsleiar får ein ikkje utbetalt møtegodtgjersle eller vederlag for tapt arbeidsinntekt.

Gruppeleiarane for partigruppene i fylkestinget

Gruppeleiarane i partia vert frikjøpt med grunnlag i 20 % - 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Gruppeleiarane si godtgjersle vert differensiert i tre intervall etter tal representantar i fylkestinget. Rolla som gruppeleiar inneber å leie og koordinere det politiske arbeidet som partigruppa utøver i fylkestinget. Godtgjersla dekker møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt, førebuing og deltaking i møter, konferanse, synfaring m.m.

Dersom fylkesvaraordførar er gruppeleiar, vert gruppeleiar godtgjersla overført til partigruppa. I slike tilfelle fordeler partigruppa midlane sjølve. Godtgjersla vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiar sin attestasjon.

1.5. Frikjøp tilsvarande heil stilling

Fylkesordførar og fylkesvaraordførar og andre folkevalde som i sum har faste godtgjersler tilsvarande 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle skal reknast for å vere 100% frikjøpte.

Det inneber at godtgjersla er ei totalgodtgjersle som omfattar fast godtgjersle, møtegodtgjersle og vederlag for tapt arbeidsinntekt for alle verv vedkomande har, der valet eller oppnemninga er resultat av direkte vedtak i eit fylkeskommunalt vedtaksorgan.

1.6. Reduksjon i fast godtgjersle

Dersom ein representant har fråvær i meir enn 25% av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fråværet. Dersom fråværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom,

fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Fylkeskommunen betalar likevel ikkje godtgjersle lengre enn 12 mnd. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf. avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjende ytingar frå NAV vert å betale attende til Vestland fylkeskommune.

Grunnen til fråværet skal opplysast og dokumenterast. Fylkesordføraren avgjer om fråværet skal telje med i «25% -regelen» i tvilstilfelle. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for.

Dersom fylkesutvalet/hovudutvalet har samrådingar, synfaringar, temamøte eller liknande dagen før eller etter eit møte med sakshandsaming, vert også denne dagen rekna som møtedag i høve til «25%-regelen».

1.7. Fast godtgjersle til varamedlem

Varamedlem som møter i meir enn 25% av møta får prosentvis fast godtgjersle i høve til frammøte. Det vert då ikkje betalt møtegodtgjersle. Det same gjeld for nestleiarar som fungerer for leiar med fast godtgjersle. Det vert føreteke ei avrekning mot slutten av året for dei representantane dette er aktuelt for.

2. MØTEGODTGJERSLE

2.1. Møtegodtgjersle

Møtegodtgjersle for representantar i fylkeskommunale organ vert utbetalt for kvar møtedag i same organ.

Representantane som har fast godtgjersle har ikkje krav på møtegodtgjersle for møte i det utvalet ein har fast godtgjersle i, eller når ein møter i kraft av si stilling som til dømes hovudutvalsleiar, fylkesutvalsmedlem, gruppeleiar m.m. Varamedlemer har krav på møtegodtgjersle.

Fylkesutvalmedlemene får ikkje møtegodtgjersle for møte som følgjer av fylkesutvalet sine andre roller og funksjonar. Leiarane av hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje møtegodtgjersle for møte der dei møter i eigenskap av hovudutvalsleiar/kontrollutvalsleiar. I begge tilfella gjeld dette møte i finans- og planutval..

Valde representantar til m.a. årsmøte, generalforsamlingar, arbeidsgrupper, styringsgrupper, interkommunale utval m.m. får utbetalt møtegodtgjersle med 50 %, når slik godtgjersle ikkje vert betalt av andre.

2.2. Fleire møte same dag

Dersom folkevalde møter i fleire utval same dag, har dei rett på ei møtegodtgjersle per utval.

2.3. Dobbel møtegodtgjersle

Utvalsleiarar som ikkje har fast godtgjersle får dobbel møtegodtgjersle.

Nestleiar eller andre, som ikkje har fast godtgjersle, som må leie heile møte i leiaren sitt fråvær får dobbel møtegodtgjersle.

2.4. Arbeidstakarrepresentantar

Arbeidstakarrepresentantar i folkevalde organ har same rettar til godtgjersle etter regulativet som dei folkevalde medlemene av organet.

Møtegodtgjersle vert ikkje gitt til arbeidstakarar som møter i kraft av si stilling.

2.5. Presiseringar

Møtegodtgjersle vert gitt til mellom anna:

- Varamedlemer i fylkestinget, fylkesutvalet, hovudutvala og kontrollutvalet.
- Møtande medlem og varamedlemer i Vestlandsrådet
- Møtande representantar til m.a. årsmøte og generalforsamlingar
- Møtande medlemer og varamedlemer i andre råd og utval (t.d. fylkesråd for eldre, fylkesråd for menneske med nedsett funksjonsevne, medverknadsorgan for ungdom, fagopplæringsnemnda, trafikktryggingsutvalet)

3. VEDERLAG FOR TAPT ARBEIDSINNTÉKT

Folkevald skal ha vederlag for tap av inntekt som følgje av tillitsvervet.

Det gjeld *ein* sats for legitimert tap og *ein* sats for ulegitimert tap, jf. punkt 14. .

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på inntektstapet, vert vederlaget gitt etter satsen for ulegitimert tap, såframt tapet er sannsynleggjort

Vederlag kan gjevast til arbeidstakarar, sjølvstendig næringsdrivande og personar utan arbeidsinntekt dersom dei må forsøme sine ordinære gjeremål for å ivareta tillitsvervet, t.d. heimeverande, studentar og pensjonistar.

Fylkesrådmannen avgjer i kvart tilfelle om det ligg føre faktisk inntektstap.

3.1. Unntak

Gruppeleiarane, fylkesutvalsmedlemene, leiarane i hovudutvala og kontrollutvalet får ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt når dei møter i eigenskap av rolla si, jf. pkt. 1.4.

Fylkesutvalsmedlemene får ikkje vederlag for tapt arbeidsinntekt for møte som følgje av fylkesutvalet sine spesielle funksjonar, t.d. funksjonen som finansutval og fylkesplanutval.

3.2. Personar med lønsinntekt

Tapt arbeidsinntekt skal dekkast ved at arbeidsgivar fakturerer kommunane/fylkeskommunane direkte for fråvær, for å hindre at folkevalde taper pensjon.

3.3. Sjølvstendig næringsdrivande

Dersom inntektstapet er større enn satsen for ulegitimert tap, kan inntektstapet dokumenterast med likningsattest for det siste året. Som alternativ kan ein ta utgangspunkt i gjennomsnittet for likningsattestane for dei tre siste åra.

Kapital- og pensjonsinntekter som kjem inn uavhengig av eige nærver på arbeidsplassen vert ikkje medrekna i grunnlaget. Det er den pensjonsgivande inntekta med fråtrekk for godtgjersla folkevalde har fått utbetalt frå fylkeskommunen som skal leggest til grunn.

Inntektstapet pr. dag vert utrekna etter netto årsinntekt dividert på 260 dagar.

3.4. Personar utan lønsinntekt

Denne gruppa får dekka tap tilsvarande satsen for ulegitimert tap.

3.5. Folkevald tilsett i fylkeskommunen

Folkevald som er tilsett i fylkeskommunen får utbetalt si ordinære løn i fylkeskommunen.

Ved fråver utover 10 dagar per år kan vedkomande institusjon krevje refusjon for ev. vikarutgifter. Refusjonskrav vert å sende fylkesrådmannen.

4. GODTGJERSLER VED DELTAKING PÅ GRUPPEMØTE, KURS, SYNFARING OG LIKNANDE.

4.1. Gruppemøte

Gruppemøte som vert haldne i fylkestingsgruppene før opninga av fylkestinget vert rekna som ein del av fylkestingsmøtet og gir ikkje grunnlag for egne godtgjersler.

4.2 Kurs, konferanse o.l.

Ved deltaking på kurs, konferansar, folkemøte og liknande vert det vert gitt vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Det vert ikkje gjeve møtegodtgjersle. Det vert ikkje betalt vederlag for tapt arbeidsinntekt dersom ein deltek i eigenskap av rollene nemnt under punkt 1.4.

Slik deltaking skal vera avtala og godkjent av fylkesordførar eller utvalsleiar.

4.3. Synfaringar o.a. arbeid utanfor møta

Ved deltaking på synfaringar og anna arbeid utanfor møta som vert gjort av det samla utvalet, vert det gitt møtegodtgjersle, vederlag for tapt arbeidsinntekt og skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle. Dette gjeld likevel ikkje for rollane nemnt under pkt. 1.4.

Det same gjeld når utvalet, fylkesordførar eller fylkesrådmannen har bede om at ein eller fleire medlemmer føretek synfaring.

5. VEDERLAG FOR PÅFØRTE UTGIFTER

5.1. Utgifter i samband med tilsyn til barn under 12 år, funksjonshemma, eldre og sjuke

Folkevalde skal ha vederlag for påførde utgifter som følgje av ombodet. Det gjeld ein sats for legitimerede utgifter og ein sats for ulegitimerte utgifter, jf. pkt. 14.

Dersom det ikkje ligg føre dokumentasjon på utgiftene, vert det gitt etter satsen for ulegitimert tap såframt utgiftene er sannsynleggjort. Det er i alle høve ein føresetnad at det ligg føre eit økonomisk tap.

Aktuelle utgifter vil m.a. kunne vere utgifter til stedfortredar, tilsyn til barn under 12 år og funksjonshemma, samt stell av sjuke og eldre.

Vederlag for påførde legitimerede utgifter vert dekkja inntil eit visst beløp, jf. pkt. 14. I slikt tilfelle skal alderen på barnet og at tilsynet har funne stad dokumenterast. Det er ein føresetnad at omsorgsansvaret elles ville ha hindra den folkevalde i å delta i møtet.

6. SKYSS- OG KOSTGODTGJERSLER M.M.

Dei folkevalde skal ha skyss-, kost- og opphaldsgodtgjersle etter det kommunale reiseregulativet ved møte eller oppdrag på vegner av fylkeskommunen.

6.1. Skyssgodtgjersle

Den folkevalde får dekkja reiseutgifter frå heimstaden/arbeidsstaden.

Dersom den folkevalde på grunn av utdanning, verneplikt, jobb eller liknande oppheld seg ein annan stad enn heimstaden, vert det dekkja reiseutgifter til og frå den staden ein oppheld seg som følge av dette. Fylkesordførar kan i særskilte tilfelle gjere unntak frå dette.

Det er høve for fylkeskommunale folkevalde representantar å nytte eige skyssmiddel for reiser til og frå møte.

6.2. Overnattingsgodtgjersle

Når det vert lagt opp til at overnatting vert dekkja av fylkeskommunen, vil dette gå fram av innkallinga til dei fylkeskommunale møta.

Fylkeskommunen dekkjer overnatting:

- Når fylkeskommunale møte eller møte representanten deltek på som fylkeskommunal folkevald/på vegne av fylkeskommunen går over fleire døger, eller representanten må møte på møte påfølgjande dag og reiseavstand til heimen er på minst 150 km med bil eller minst 2,5 time reise med kollektive transportmiddel (målt etter www.vegvesen.no/trafikk hjå Statens vegvesen).
- Når det ikkje er praktisk mogeleg å komme seg heim med kollektiv reise, eller at heimreise medfører urimeleg lang tidsbruk for representanten dersom representanten skal på fylkeskommunale oppdrag neste dag.
- Dersom møtet varer så lenge ut over kvelden at representanten ikkje kan nå heim same dag.
- Reglane gjeld tilsvarande for gruppemøte før fylkestingsmøte.
- Fylkesordføraren tolkar regelverket og kan gjera unntak til dømes ved ekstremver, brot i samferdsletilbod, vegsteining eller særskilte behov som sjukdom eller liknande.

7. UTGIFTER TIL TELEFON OG BREIBAND

7.1. Telefon

Fylkeskommunen held mobiltelefon for fylkesordførar og fylkesvaraordførar, og dekkjer alle utgiftene ved abonnementet, jf. elles fylkeskommunen sitt telefonreglement så langt det passar.

Fylkestingsmedlemene elles og leiaren for kontrollutvalet får ei fast telefongodtgjersle pr. år, jf. punkt 14.

7.2. Breiband

Fylkestingsmedlemene og leiaren for kontrollutvalet skal ha ei årleg godtgjersle til dekking av utgifter til breiband, jf. punkt 14. Dei ordnar sjølve med tinging og vedlikehald av breibandet.

8. PENSJONSMEDLEMSKAP, FORSIKRINGAR OG PERMISJON

8.1. Medlemskap i KLP

Folkevalde skal ha medlemskap i Kommunal Landspensjonskasse (KLP).

8.2. Tap av pensjonsrettar

Folkevald som vil tape pensjonsrettar som følgje av redusert stilling/fråvær frå sitt ordinære arbeid får refundert arbeidsgivardelen av den tilleggspremie som må betalast for å oppretthalde pensjonsmedlemskapen.

Det vert ikkje gitt refusjon når pensjonsmedlemskap knytt til det politiske vervet minst kompenserer for det tap i ytingar som manglande innbetaling av tilleggspremie vil resultere i. Ved berre delvis tap i ytingar etter ei slik samordning skjer det ei høvesvis avkorting i refusjon av tilleggspremie.

8.3. Gruppelivsforsikring

Folkevalde som er medlem i pensjonsordninga i KLP er også dekkja av fylkeskommunen si gruppelivsforsikring som har heimel i Hovudtariffavtalen kap. 1, § 10.5

8.4 Reiseforsikring

Det er teikna reiseforsikring for folkevalde. Ordninga gjeld for reiser som følgje av vervet, og kun desse.

8.5 Yrkesskade

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle skal ha same rett til ytingar ved yrkesskade som dei tilsette i fylkeskommunen.

8.6 Permisjon

Folkevalde som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle kan få permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova §§12-1 til 12-10, 12-12 og 12-15. Under permisjonen beholder den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre ein gir avkall på den.

Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barn - og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter dei same reglane som dei tilsette i fylkeskommunen.

9. ORDNINGAR FOR FYLKESORDFØRAR, FYLKESVARAORDFØRAR OG HOVUDUTVALSLEIARANE

9.1. Husvære

Fylkeskommunen skal etter behov syte for høveleg husvære og dekkjer dei faste utgiftene med leige, straum m.m.

9.2. Dekking av spesielle reiseutgifter, m.v.

Fylkestinget skal fastsette særskilte reglar for dekking av reiseutgifter til og frå heimstaden på bakgrunn av kven som innehar vervet og kva som er rimeleg i det enkelte tilfellet. Skyss- og kostgodtgjersle vert gjeve etter det kommunale regulativet.

10. POLITIKARDAGAR

Leiarar/medlemer i andre utval som ikkje er medlemer i fylkestinget skal ha høve til å møte på politikardagar dersom det er aktuelle saker som vedkjem deira utval. Dei skal då få dekkja utgiftene til reise, overnatting, møtegodtgjersle og eventuell kompensasjon for tapt arbeidsinntekt. Fylkesordføraren avgjer i tvilstilfelle.

11. ETTERGODTGJERSLE

Folkevald som er frikjøpt med grunnlag i minst 50 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle og som ikkje vert attvald, som fråtrer vervet eller som får vervet redusert, kan søke om å få ettergodtgjersle slik:

- Folkevald som ikkje har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i tre månader.
- Folkevald som har arbeid å gå til får ettergodtgjersle i ein og ein halv måned.

Ettergodtgjersla skal vere lik den faste godtgjersla vedkomande hadde, ev. differansen mellom denne og ny godtgjersle.

12. INNLEVERING AV REISEREKNING M.V.

Reiserekning med krav om godtgjersler og vederlag skal leverast seinast tre månader etter at møtet er halde.

Fylkesrådmannen avgjer om vesentleg brot på denne fristen skal medføre at reiserekninga ikkje vert godkjent.

Eventuelt utbetalt reiseforskot vert trekt ved oppgjeret av reiserekninga.

13. FRIKJØPSORDNINGA

Stønad til frikjøp for politisk arbeid vert gjeve til partigruppene i fylkestinget med 25 000,- per fylkestingsrepresentant per år. Frikjøpsmidlane vert utrekna og fordelt på fylkestinget sine medlemer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar, hovudutvalsleiarane, kontrollutvalsleiar og gruppeleiarane.

Partigruppene fordeler midlane sjølve. Stønad vert utbetalt på grunnlag av gruppeleiareren sin attestasjon.

Når fylkeskommunen føretek utbetaling direkte til eit medlem vert dette registrert som honorar, og det vert trekt skatt og rekna arbeidsgivaravgift av beløpet.

14. REGULATIV FOR GODTGJERSLER OG VEDERLAG TIL FOLKEVALDE

Folkevalde vert rekna som 100 % frikjøpt når ein i sum har godtgjersle tilsvarande 100 % av stortingsrepresentantane si godtgjersle. Godtgjerslene er rekna med eit grunnlag pr. 1.5.2018 på 956 500 kr. Dei faste godtgjerslene vert regulerte i tråd med stortingsrepresentantane si årlege lønsregulering pr. 1. mai. Godtgjersler og vederlaga vert elles regulerte per 1.mai i samsvar med årslønsveksten i det kommunale tariffområdet.

Dei nye satsane vert slik:

1. Faste godtgjersler per år:

	%-sats	Beløp
fylkesordførar		kr 1 300 000
fylkesvaraordførar		kr 956 500
Fylkesutvalsmedlem	50 %	kr 478 250
Leiar i hovudutvala	50 %	kr 478 250
Leiar i kontrollutvalet	50 %	kr 478 250
Nestleiarane i hovudutvala og kontrollutvalet	10 %	kr 95 650
Fylkestingsmedlem	5 %	kr 47 825
Hovudutvalsmedlem og kontrollutvalsmedlem	5 %	kr 47 825
Leiar yrkesopplæringsnemnda	3 %	kr 28 695
Leiar for trafikktryggingsutvalet	3 %	kr 28 695
Leiar for styret for fagskuleutdanninga	3 %	kr 28 695
Leiar for fylkesråd for eldre	3 %	kr 28 695
Leiar for fylkesråd for menneske med neds. funksj.	3 %	kr 28 695
Leiar for medverknadsorganet for ungdom	3 %	kr 28 695
Gruppeleiarar		
inntil 5 medlem i FT	20 %	kr 191 300
frå 6-9	35 %	kr 334 775
10 eller meir + opposisjonsleiar	50 %	kr 478 250
Telefon og breiband godtgjersle		kr 5 400
Frikjøpsordning		kr 25 000

2. Godtgjersler og vederlag per møtedag:

		Beløp
Møtegodtgjersle		kr 1 400
Vederlag for ulegitimert tap i inntekt		kr 1 500
Vederlag for legitimert tap i inntekt	inntil	kr 4 000
Vederlag for påførde ulegitimerte utgifter		kr 700
Vederlag for påførde legitimerte utgifter	inntil	kr 1 500

[... Sett inn saksutredningen over denne linja ↑](#)

Arkivnr: 2018/16486-11

Saksbehandlar: Sigrid Helene Aardal, fylkessekretariatet, Hordalandl

Saksgang	Saknr.	Møtedato
Utval		
Fellesnemnda-AU	6/19	04.02.2019
Fellesnemnda		14.02.2019

Utarbeiding av reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune

SAMANDRAG

Fellenemnda har vedteke hovudstrukturen for faste politiske utval. Der er fastlagt kva fagområde som ligg til dei ulike utvala. Fylkesutvalet sine arbeidsoppgåver er fastlagde, og då særleg kopa til den samfunnsutviklarrolla som fylkeskommunen skal ha. Det er fastlagt kva lovpålagde organ ein har, samt nokre andre organ som ein har sett som føremålstenleg å føra vidare i Vestland fylkeskommune.

Fellesnemnda har vedteke at prosjektleiar får i oppgåve å utarbeide framlegg til delegeringsreglement som vert lagt fram for politisk handsaming i fellesnemnda. Reglementet skal leggje rammene for dei faste utvala si samansetjing, mandat og mynde til å ta avgjerd på vegne av fylkeskommunen.

Som omtalt under vil eit samla delegeringsreglement innehalde reglar som set rammer for dei folkevalde organa på ulike områder. I denne omgang ber prosjektleiaren om at FN-AU drøfter delegeringsreglementet på følgjande områder:

- Tal medlemmer i fylkesutvalet og faste hovedutval
- Saksgang mellom fylkesting, fylkesutval og hovedutval
- Sakshandsaming i politiske organ

Prosjektleiar legg fram saka utan tilråding og ber om ei drøfting i FN-AU som grunnlag for det vidare arbeidet med reglement for folkevalde organ i Vestland fylkeskommune. Prosjektleiar ber FN-AU ta særleg stilling til dei punkt som prosjektleiar har understreka i saksframstillinga.

Prosjektleiar sitt forslag til vedtak;

FN-AU tek saka til drøfting og orientering

Rune Haugsdal
prosjektleiar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Prosjektleiar, 28.01.2019**SAKSFRAMSTILLING****1.0 Bakgrunn for saka**

Fellesnemnda vedtok i FN-sak 22/18 følgjande struktur for faste politiske hovudutval:

- Hovudutval for samferdsel og mobilitet.
- Hovudutval for opplæring og kompetanse.
- Hovudutval for næring, naturressursar og innovasjon.
- Hovudutval for kultur, idrett og integrering.

Fellesnemnda vedtok vidare kva fylkesutvalet si rolle skulle vere gjennom følgjande vedtak:

«Fylkesutvalet er eit lovpålagt organ med ansvar for å leggje fram forslag til økonomiplan og årsbudsjett. Fellesnemnda vedtek at utvalet også får eit overordna ansvar for tverrsektorielle fag- og politikkområde som gjeld heile den fylkeskommunale verksemda.

Særleg for å ivareta samfunnsutviklarrolla skal fylkesutvalet sjå m.a. følgjande oppgåver i eit regionalt heilskapsperspektiv:

- a) Klima, miljø og berekraft.*
- b) Internasjonalt arbeid.*
- c) Folkehelse.*
- d) Eigarskap.*
- e) Regional planstrategi.*
- f) Kommunale og statlege planar.*
- g) Tannhelse.»*

I FN-sak 35/18 vart det vedteke kva andre lovpålagde utval som skal opprettast.:

- a. Kontrollutval, jf. Kommuneleva § 77.
- b. Administrasjonsutval, jf. Kommuneleva § 25, Hovudavtalen del B § 4.
- c. Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2c.
- d. Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2d
- e. Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2e
- f. Klagenemnd, jf. Lov om behandlingssaker § 28, andre ledd.
- g. Fylkesvalsstyre, jf. Lov om val til Stortinget, fylkesting og kommunestyre.

I tillegg har fellesnemnda vedteke å opprette;

- a) Finansutval
- b) Planutval
- c) Trafikktryggingsutval
- d) Valnemnd

I sak 58/18 i fellesnemnda vart prosess for fastsetjing av reglement for folkevalde organ behandla. I samsvar med dette legg prosjektleiar fram sak til drøfting i FN-AU om nærare omtalte deler av reglementet. I første omgang legg prosjektleiar opp til ei drøfting av tal på medlemmer i fylkesutval, hovudutval, administrasjonsutval, kontrollutval, planutval og finansutval, samt saksgang mellom hovudutval, fylkesutval og fylkesting. I tillegg vert det no lagt opp til ein gjennomgang av særskilte tema i saksbehandlingsreglementet.

2.0 Krav til reglement for folkevalde organ

Eit reglement for folkevalde organ omfattar i realiteten tre sett av reglement. Nedanfor er teke inn føresegner i ny kommunelov som viser denne tredelinga.

1. «§ 5-13.Reglement for folkevalgte organer

Folkevalgte organer skal ha et reglement som fastsetter

- a) organets virkeområde og eventuelle vedtaksmyndighet
- b) tidsperioden som organet er opprettet for
- c) eventuelle andre sentrale bestemmelser om organets virksomhet

Plikten etter første ledd gjelder ikke representantskap og andre styringsorganer for interkommunalt politisk råd, representantskap og andre styringsorganer for kommunalt oppgavefelleskap og styre for kommunalt eller fylkeskommunalt foretak.»

2. «§ 5-14.Reglement for delegering og innstilling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement for hvordan vedtaksmyndighet og innstillingsrett skal delegeres. Dette skal gjøres innen 31. desember året etter at kommunestyret og fylkestinget ble konstituert. Det sist fastsatte reglementet og eventuelle andre vedtak om delegering og innstillingsrett gjelder inntil et nytt reglement er fastsatt.»

3. «§ 11-12.Reglement for saksbehandling

Kommunestyret og fylkestinget fastsetter selv et reglement med nærmere regler for saksbehandlingen i folkevalgte organer.»

Prosjektlear finn at det er føremålstenleg å nytta ei slik inndeling av reglementa som den nye kommunelova gjev føringar på.

3.0 Tal på medlemmer i folkevalde organ

3.1 Fylkesutvalet

I den nye kommunelova er følgjande bestemt om talet på medlemmer til fylkesutval.

Ny komml. § 5-6.Formannskap og fylkesutvalg

1.ledd.

«Kommunestyret og fylkestinget velger selv formannskap og fylkesutvalg med minimum fem medlemmer. Kommuner og fylkeskommuner som har innført parlamentarisk styreform, skal ikke ha formannskap eller fylkesutvalg.»

Talet på medlemmer til fylkesutvalet må fastsetjast.

I Hordaland er det i dag 15 medlemmer i fylkesutvalet. Prosjektleiaren meiner at talet på medlemmer i Vestland fylkeskommune bør vera eit høgare tal enn det som er i Hordaland i dag ut frå at den nye fylkeskommune vert større.

I sak om godtgjersle for folkevalde som er lagt fram til behandling i fellesnemnda AU og fellesnemnda har ein lagt som grunnlag for saka at fylkesutvalet har 17 medlemmer.

Prosjektlear tilrår 17 medlemar i fylkesutvalet.

3.2 Hovudutvala og kontrollutvalet

I den nye kommunelova er følgjande bestemt om talet på medlemmer til hovudutval.

Ny komml. § 5-7.Utvalg

1.ledd.

«Kommunestyret og fylkestinget kan selv opprette utvalg for kommunale og fylkeskommunale formål og for deler av den kommunale eller fylkeskommunale virksomheten. Kommunestyret kan selv også opprette utvalg med ansvar for en geografisk del av kommunen (kommunedelsutvalg). Utvalg etter denne paragrafen skal ha minst tre medlemmer.»

For hovudutvala er det i FN sak 22/18 sagt at fylkestinget sine 65 medlemmer, med unntak av fylkesordførar, fylkesvaraordførar og kontrollutvalet sine medlemmer, kan fordelast på dei fire hovudutvala. Dette medfører at alle medlemmene i fylkesutvalet, med unntak av fylkesordførar og fylkesvaraordførar og sit i eit hovudutval i tillegg til å vera medlem i fylkesutvalet.

For å finna ei fordeling må det fastsetjast kor mange representantar frå fylkestinget som skal vera medlemmer i kontrollutvalet. I følgje kommunelova må minst eit av utvalet sine medlemmer velgjast blant fylkestinget sine medlemmer.

Både kontrollutvalet i Hordaland og i Sogn og Fjordane er samansett med 5 medlemmer. I Sogn og Fjordane skal leiar og nestleiar veljast frå medlemmane i fylkestinget. Dei tre andre skal hentast utanfor fylkestinget. I Hordaland har kontrollutvalet 5 medlemmer. 3 medlemmer med varamedlemmer bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer, 2 medlemmer med varamedlemmer bør veljast utanom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer. Leiar og nestleiar bør veljast blant fylkestinget sine medlemmer. Begge reglementa stadfester at leiaren skal veljast blant medlemmer frå opposisjonspartia.

I og med at talet som skal fordelast til hovudutvala er 60 er det naturleg at ein har 3 medlemmer til kontrollutvalet frå fylkestinget. Dette vil medføra at ein får ei lik fordeling på 15 medlemmer til alle dei fire hovudutvala. Medlem i hovudutval som og sitt fylkesutvalet vil ikkje kunna vera leiar i utvalet.

Ein slik struktur er og grunnlaget for forslaget godtgjerslereglementet til folkevalde som er utarbeidd.

Prosjektleiar ber om at det vert drøfte og vurdert.

Som følgje av det som er opplyst ovanfor ser prosjektleiar at det er mest føremålstenleg at ein har eit kontrollutval med 5 medlemmer.

3.3 Administrasjonsutval

Ny komml. § 5-11. Partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg)

1. og 2. ledd.

«I alle kommuner og fylkeskommuner skal det opprettes ett eller flere partssammensatte utvalg (administrasjonsutvalg) for behandling av saker som gjelder forholdet mellom de ansatte og kommunen eller fylkeskommunen som arbeidsgiver. Hvis minst 3/4 av de ansatte ønsker det, kan slike utvalg erstattes med andre ordninger.

Partssammensatte utvalg settes sammen av representanter for kommunen eller fylkeskommunen og for de ansatte. De ansattes representanter velges av og blant de ansatte for to år av gangen. Flertallet i utvalget skal bestå av representanter for kommunen eller fylkeskommunen. Kommunestyret og fylkestinget velger selv kommunens eller fylkeskommunens representanter og utvalgets leder og nestleder blant disse.»

Det er vedteke at det skal vera eit eige administrasjonsutval. Det er og vedteke at likestilling, likeverd og mangfald skal ivaretakast av administrasjonsutvalet.

I Hordaland og Sogn og Fjordane er dette organisert svært ulikt. Hordaland har eit administrasjonsutval som er samansett av 5 politisk valde medlemmer(arbeidsgjevarrepresentantar) og 4 representantar for dei tilsette.

Sogn og Fjordane har eit hovudsamarbeidsutval som er eit kombinert samarbeids- og hovudarbeidsmiljøutval med 10 medlemmer. Arbeidsgjevarrepresentantane er fylkesrådmannen og fire andre

frå administrasjonen utpeika av fylkesrådmannen. I tillegg kjem hovudverneombod og 4 representantar for dei tilsette.

Prosjektleiar ser det som føremålstenleg at modellen frå Hordaland vert vidareført, då det er vedteke at det er administrasjonsutval ein skal ha.

Prosjektleiar tilrår at administrasjonsutvalet vert samansett med 6 folkevalde og 5 tillitsvalde representantar.

3.4 Planutval og finansutval

I fellesnemnda sitt møte 16.11.2018 sak 45/18 - Politisk organisering i Vestland fylkeskommune - tilleggsutgreiing fase II, vart det vedteke at planutvalet sine medlemmer skulle vera personsamanfallande med fylkesutvalet.

Når det gjeld finansutvalet er det ikkje fastlagt samansetnad. I Sogn og Fjordane har dei eit finansutval i dag som er sett saman av fylkesutvalet sine medlemmer, leiarane for hovudutvala og gruppeleiarane i dei partia som ikkje er representerte i fylkesutvalet eller som hovudutvalsleiarar.

Prosjektleiar tilrår Sogn og Fjordane sin modell og samansetjing for finansutvalet.

3.5 Medverknadsorgan

Dette gjeld for følgjande råd:

- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne, jf. Lov om råd eller anna representasjonsordning i kommunar og fylkeskommunar for menneske med nedsett funksjonsevne. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2c.
- Råd for eldre, jf. Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd, kap. 2. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2d
- Ungdomsråd eller anna medverknadsorgan for ungdom, jf. fylkesting for ungdom. Ny kommunelov omtalar dette organet i § 5-2e

I fellesnemnda si sak PS 58/18 vart det fastsett at det skulle haldast eit felles møte med medverknadsorganana i Hordaland (fylkeseldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdommenes fylkesting) og Sogn og Fjordane (fylkesrådet for eldre, fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne og ungdomspolitisk utval). Med møtet ønskte ein innspel på kva som er bra med dagens reglement i respektive fylke og kva som kan forbedrast.

Det er avholdt møte i dei to fylkeskommunane og det som kom fram i dette møtet er samla i eit eige notat som vert lagt ved saka som vedlegg.

Prosjektleiar ber om at dette vert vurdert og at ein kjem med føringa for tal på medlemmer, samansetjing og det som eventuelt er knytt til sakgang.

3.6 Andre utval og råd

Dette gjeld bl.a. fylkesvalstyret, yrkesopplæringsnemnd, trafikksikringsutval, valnemnd og klagenemnd.

Prosjektleiar vil koma tilbake til desse organa på eit seinare tidspunkt.

4.0 Saksgang mellom hovudutval, fylkesutval og fylkesting

I eit reglement må det avklarast kva saksgang som skal leggjast til grunn for saker som skal til behandling i fylkestinget. Det må drøftast om alle saker skal gå til fylkesutvalet, som så innstiller til fylkestinget eller om saker kan gå direkte til fylkestinget med innstilling frå hovudutval.

I Hordaland er det fylkesutvalet som innstiller i saker til fylkestinget.

I Sogn og Fjordane er hovudregelen i følge reglementet at sakene går direkte frå hovudutval til fylkestinget, og at hovudutvala dermed har innstillingsrett til fylkestinget.

I reglement for fylkesutvalet står det følgjande:

«Saker frå hovudutvala skal som hovudregel gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Unntak gjeld for årsbudsjett, økonomiplan, regionale plansaker og saker frå hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta, eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde.

Fylkesordføraren er ansvarleg for å vurdere om sakene skal gå direkte frå hovudutvala til fylkestinget eller om dei bør gå via fylkesutvalet.»

Prosjektleiaren er kjent med at denne hovudregelen i liten grad vert praktisert, og at dei aller fleste politiske sakene går via fylkesutvalet som innstiller til fylkestinget.

Dette er prinsipielt viktig å drøfte hovudutvala si rolle i saksgangen for politiske saker fram mot handsaming på fylkestinget. Dette vil vera avgjerande for det vidare arbeidet med fastsetjing av mandat og oppgåver mellom fylkesutvalet og hovudutvala.

5.0 Saksbehandlingsreglar for dei folkevalde organa

Begge fylkeskommunane har eigne reglement for saksbehandling i folkevalde organ, og som omfattar og regulerer følgjande tema:

- Målform
- Møteprinsippet og møtetidspunkt
- Møteplikt og forfall
- Fjernmøter
- Teieplikt
- Inhabilitet
- Sekretariat
- Tolking av reglement
- Innkalling og saksliste
- Møtebok
- Forslag
- Oversendingsforslag
- Opne møte
- Vedtaksførhet og røystingar
- Ordskifte
- Mindretalsanke
- Lovlegkontroll
- Hastesaker
- Lyd- og bildeopptak

Fleire av desse punkta er likt omtalt i reglementa som gjeld for Sogn og Fjordane og Hordaland. Enkelte av punkta er lovregulert og vert teke med i reglementet for å få ei heilheitleg oversikt. Dette vert ikkje teke med som grunnlag for drøfting i denne saka.

Det ein må få nærare avklart er nye tema som følge av ny kommunelov eller at det er handtert ulikt eller ikkje er teke med i dei to respektive reglementa som gjeld i dag.

5.1 Møteplikt og forfall

Lovregulert i ny kommunelov § 8-1 (i kapittel om rettigheter og plikter for folkevalde):

«Medlemmer av et kommunalt eller fylkeskommunalt folkevalgt organ plikter å delta i organets møter hvis de ikke har gyldig forfall.»

Sogn og Fjordane har regulert dette slik:

«Medlemene har plikt til å delta i utvalet sine møte med mindre det ligg føre gyldig forfallsgrunn. Som gyldig forfallsgrunn vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast.

Forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet.

Etter at møtet er sett kan medlemer ikkje forlate møtet utan å melde frå til møteleiaren på førehand.

Er det reist tvil om eit forfall er gyldig, vert dette handsama før sakene på saklista.»

Hordaland har regulert dette slik:

«Medlem som har lovleg forfall, skal straks melde frå til sekretariatet for organet og til fraksjonsleiar/ gruppeleiar. Sekretæren for organet kallar inn varamedlem. Det same vert gjort når ein er kjend med at nokon er inhabil i ei sak som skal behandlast. Administrasjonen informerer fraksjonsleiar/gruppeleiar om kva varamedlem som møter.»

Prosjektleiar ber om innspel på rutine ved varsling av forfall og om ein skal utdjupe kva som er å ansjå som lovleg/gyldig forfall, slik Sogn og Fjordane har gjort.

I tillegg er det i ny kommunelov § 11-11 ei føresegn om *Fritak av personlege grunner*. Prosjektleiar tilrår at eit slikt punkt/lovhenvising vert innarbeidd under møteplikt og forfall.

5.2 Fjernmøter

I ny kommunelov § 11-7 heiter det at fylkestinget sjølv kan beslutta at folkevalde organ skal ha høve til å halde møter som fjernmøter. Det følgjer av lova at møte som ikkje er opne, ikkje kan gjennomførast som fjernmøte.

Samanslåinga av fylka med større avstandar gjer fjernmøter meir aktuelt enn tidlegare. Prosjektleiar tilrår at ein i reglement gjev alle utvala (eksklusiv fylkestinget) høve til fjernmøte, i tråd med kva lova no opnar for. Det er det enkelte organ som i kvart tilfelle avgjer korleis møtet skal haldast.

5.3 Inhabilitet

Lovreglar om folkevalde sin habilitet er nedfelt i ny kommunelov § 11-10. Hordaland har i sitt reglementet teke inn følgjande tilleggsføresegn:

«Medlemmene bør vurdera sin eigen habilitet, og varsle om dette til administrasjonen så tidleg som mogeleg om det vil eller kan verta fremja spørsmål om habilitet i ei sak på saklista.»

Sogn og Fjordane har henvising til reglane som gjeld for dette i forvaltningslova og kommunelova.

Prosjektleiar tilrår at føresegna til Hordaland vert presiserast i tråd med kva som er lova sitt utgangspunkt. Det ligg ein plikt til dette i lovtekst.

Prosjektleiar tilrår følgjande ordlyd:

«Ein medlem skal i god tid orientere sekretariatet om forhold som gjer eller kan gjere ein ugild.
«Medlemeren bør gjere seg opp ei eiga vurdering av habilitet som han munnleg kan leggje fram for organet.»

Prosjektleiari ber om innspel på om det er ønskeleg å ta med 2.setning, då det her ikkje er noko plikt til dette, men det gjev ei føring som vil komme organet til hjelp.

5.4 Tolking av reglement

Sogn og Fjordane har ikkje regulert spørsmålet om tolking av reglementet. Hordaland har i sitt reglementet teke inn følgjande:

«Dersom det oppstår tvilsspørsmål med omsyn til tolking av saksbehandlingsreglement for folkevalde organ, skal fylkesrådmannen gje ei grunngeven tolking. Vert spørsmålet ikkje løyst på denne måten, vert saka å leggja fram for fylkesutvalet for avgjerd.

Gjeld tolkingstvilen kontrollutvalet, fylkesvalstyret, klagenemnda, utvala, fylkesutvalet eller fylkestinget sitt reglement, vert saka å leggja fram for fylkestinget.

Det skal leggjast fram rapport for fylkesutvalet minst ein gong i året om alle saker der det har vore reist spørsmål om tolking av reglementa.»

Prosjektleiari ser det som ei føremon at ein vidarefører Hordaland sine føresegner.

5.5 Oversendingsforslag

Sogn og Fjordane har ikkje regulert praksis rundt oversendingsforslag i sitt reglement. Praksisen i Sogn og Fjordane er at dette vert det fremma forslag og vert ein del av vedtaket.

I Hordaland har ein regulert dette slik:

- Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønske om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen.
- Det skal røystast om forslaget skal oversendast utan realitetsbehandling. Det krevst fleirtal for å verta oversendt.
- Ved oversendingsforslag til politiske organ legg fylkesrådmannen fram melding til utvalet der forslaget er referert. Vidare arbeid er avhengig av positiv avgjerd i utvalet.
- Ved oversendingsforslag til fylkesrådmannen gir fylkesrådmannen tilbakemelding i form av melding eller sak til organet som har oversendt forslaget.

Prosjektleiari tilrår ei regulering i tråd med kva Hordaland har praktisert når det gjeld oversendingsforslag.

5.6 Mindretalsanke

Sogn og Fjordane har i sitt reglement regulert dette slik:

«Minst ¼ av medlemene i utvalet, fylkesordføraren, fylkesrådmannen eller dei som møter på deira vegner, kan anke eit vedtak i utvalet til fylkesutvalet for overprøving.»

Prosjektleiaren er kjent med at dette er ei ordning som i svært liten grad vert nytta i Sogn og Fjordane. Ordninga heng saman med at ein i Sogn og Fjordane har som hovudregel at politiske saker skal gå direkte frå hovudutval til fylkestinget.

Med grunnlag i at ordninga med mindretalsanke er svært lite nytta i Sogn og Fjordane bør ei slik ordning etter prosjektleiari sitt syn ikkje vidareførast.

5.7 Særskilde sakshandsamingsreglar for fylkestinget

Det kan takast inn i saksbehandlingsreglementet, men som eit eige avsnitt som berre gjeld fylkestinget, eller takast inn i det reglement som gjeld eksplisitt for fylkestinget.

Interpellasjonar

Det bør vurderast om ein ønskjer å ta inn noko om dette i reglementet, då dette ikkje er lovregulert. Spørsmålet blir om ein ønskjer at interpellasjonsinstituttet skal vidareførast.

Dersom ein finn å vidareføra dette bør ein følgja det som ligg i førearbeida.

Kva fristar ein skal ha for innsending av interpellasjonar bør ein vurderast. Det er svært ulike fristar i dei to fylkeskommunane.

Sakshandsamingsreglar om interpellasjonar må utarbeidast i tråd med kva som er uttala i førearbeida til ny kommunelov, sjå prop.46 L (2017-2018) s. 156. Førearbeida gir desse føringane:

1. Interpellasjon utan forslag

Ein interpellasjon som berre inneheld spørsmål og ønskje om eit svar, og som er sendt til møteleiar på førehand, skal påførast sakslista. Interpellasjonen kan berre nektast handsama om organet med alminneleg fleirtal vedtek å utsetje realitetshandsaminga (jf. § 11-3 fjerde ledd).

2. Interpellasjon med forslag

- a) Interpellasjonar med forslag til vedtak fremma i forkant av møtet, skal handsamast etter § 11-3 første ledd eller § 11-2 andre ledd bokstav c) dersom 1/3 av medlemmene krev saka handsama.
- b) Dersom forslaget fremmast i forbindelse med organet si handsaming av interpellasjonen, vil det være å anse som «ny sak» etter § 11-3 femte ledd. For at saka skal verte realitetshandsama må ikkje møteleiar eller 1/3 av møtande medlemer nekte dette.

Dette er regulert i reglementet slik:

Hordaland

Frist: Må meldast skriftleg til fylkesordførar innan 4 yrkedagar før tingssamling.

Taletid: 5 minutt for første innlegg og 5 min for svar. Deretter 3 min. Maks tidsbruk totalt 20 min.

Sogn og Fjordane

Frist: Ein interpellasjon som er meld seinare enn ein månad før den aktuelle fylkestingssamlinga, kan avvisast frå tingsamlinga.

Taletid: 10 min for den som set fram interpellasjonen. Ordskifte bør avgrensast til 1 time.

Prosjektleiar tilrår at interpellasjonsinstituttet vert vidareført, og at det vert teke inn i reglement som gjeld for fylkestinget.

Prosjektleiar meiner at Hordaland sine føresegner vert vidareførtast når det gjeld frist for innsending og taletid. Det som ofte dette instituttet vert nytta til er dagsaktuelle emne, med for lange fristar vil ein missa ein del av hensikta som ligg bak ordninga.

Prosjektleiar ber om ei vurdering og tilbakemelding på frist for innsending og fastsetjing av taletid.

Spørsmål

Fors spørsmål er det ulike fristar i dei to regelementa.

Hordaland

Frist: Bør meldast skriftleg til fylkesordførar seinast kl 9 dagen før tinget

Taletid: Spørjar og svarar 2 min kvar. Høve til oppfølgingsspørsmål og svar på 1 min

Sogn og Fjordane

Frist: I utgangspunktet bør førespurnader/spørsmål varslast seinast åtte dagar før møtedagen for at møteleiaren skal kunne gi fullnøyande svar.

Taletid: Inntil 2 min for den som stillar spm. Inntil 1 min på tilleggsspørsmål.

På lik line med interpellasjonar ber ein om at ein vurderer frist og taletid for dette, og om det av praktiske omsyn til tidsbruk bør setjast ei maksgrænse for totaltid som kan nyttast til interpellasjonar og spørsmål.

Fråsegn

Hordaland:

«Dersom fylkestinget ynskjer å uttala seg om dagsaktuelle saker kan det gjerast gjennom å vedta ei fråsegn om saka. Framlegg om fråsegn vert varsla i samband med ordskiftet etter talane.»

Dersom ein ønskjer at dette skal varslast tidleg i tingsetet, slik at representantane vert kjend med det, må det reglementsfastast.

Opningstalar

Ikkje regulert i Sogn og Fjordane sitt reglement.

Regulert i Hordaland sitt reglement slik:

«Etter fylkesordføraren og fylkesrådmannen sine opningstalar er det høve til ordskifte om ikkje fylkestinget vedtek noko anna. Taletida for kvart innlegg bør vera avgrensa til 3 minuttar og samla tid for ordskiftet til ein time.»

Her er det ønskjeleg med ei tilbakemelding på om ein ønskjer eit slikt ordskifte etter talane. Dersom ein finn at dette er noko ein vil vidareføra så bør det reglementsfastast.

Taletid

Hordaland:

«Ordinær taletid for innlegg i fylkestinget er sett til 3 minuttar. Det er høve til 3 replikkar til kvart innlegg på 1 min, samt svarreplikk på 1 min pr. replikk.

I større saker, for eksempel budsjettbehandling kan fylkesordføraren fastsetja ei anna ordning for taletid, dersom ikkje fylkestinget set seg imot. Dette må takast opp før ordskiftet tek til.»

Sogn og Fjordane:

«Møteleiar kan for den einkilde sak, som t.d. årsbudsjettet og økonomiplanen, ta avgjerd om avgrensa taletid for kvart innlegg. Møteleiar kan også ta avgjerd om å slutte av ordskiftet i ei sak.»

Det bør vurderast om ein ønskjer å regulera taletida i fylkestinget, og korleis den skal fastsetjast.

Anna som må reglementsfastast.

Reglar generelt om delegering og korleis dette kan nyttast må takst inn i reglementet om delegering.

- Generelt om delegering
- Vidaredelegering, i kor stor grad dette kan gjerast og om det bør vera fastsette skrankar.

I delegeringsreglementet må det takast inn delegering etter særlover og forskrifter.

Delegering til fylkesrådmannen må og fastsetjast i delegeringsreglementet. Dette gjeld innan ulike områder, bl.a. bygg- og eigedomsforvaltning, personalforvaltning, pengekrav og underskriftsfullmakter.

Dette vert ikkje teke med i denne saka, men vert arbeid vidare med fram til sak vert lagt fram.



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for eldre
Møtestad	Storehagen Atrium, Førde
Møtedato	15.01.2019
Kl.	10:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades: Harald Ekroll, Anna Sofia Skaar, Aud Karin Netland,
Henrik Oppen

Forfall til møtet: Kristoffer Skjolden

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet: Anne-Kjersti Stavø Stenehjem

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Til innspelsmøte var dei tre medverknadsorgana i Sogn og Fjordane inviterte. Medlemene hadde på førehand fått tilsendt reglementa for medverknadsorgana i både Sogn og Fjordane og Hordaland.

I starten av møte hadde administrasjonen ein gjennomgang av reglementa for dei tre medverknadsorgana i dei to fylkeskommunane, og ein kort informasjon om kommunelova § 5-12 og den nye forskrifta som er ute på høyring no.

Det var lagt opp til innspel frå alle tre medverknadsorgana der fylgjande spørsmål vart stilt til medlemmene:

- Kva er bra med dagens reglement?
- Kva kan forbeholdast i dagens reglement?
- Kva er bra med dagens arbeidsform?
- Kva kan forbeholdast med dagens arbeidsform?
- Andre ting som bør nemnast?

SAK 1/19 Uttale frå fylkesrådet i Sogn og Fjordane, til reglement i Vestland fylkeskommune

Fylkesrådet for eldre skriv i møte saman med dei andre medverknadsorgana i Sogn og Fjordane ein uttale, til reglementet for Vestland fylkeskommune

Endringsframlegg:

Kva som er bra med dagens reglement:

- Bra at fylkesrådet konstituerer seg sjølv
- Samansetninga av alderspensjonistar og fylkestingspolitikar, og at fylkespensjonistforeiningane får kome med forslag til medlemmer i fylkesrådet
- Positivt at det står noko om kjønnsbalanse, sjølv om dette er ein sjølvsaugt ting
- Bra at det står noko om økonomi og eige budsjett i reglementet for Sogn og Fjordane, og at det er nemnt noko om det formelle kring møte.
- Bra at årsmelding er nemnt som eige punkt
- Personleg vara til fylkesrådet er bra

Kva som kan forbeholdast i dagens reglement:

- Kontakten med dei kommunale råda bør styrkast, og dette bør inn som ei av oppgåvene til fylkesrådet.
- Samansetninga av rådet i Vestland fylkeskommune bør vere 9 medlemmer der 2 er fylkestingsrepresentantar og 7 er alderspensjonistar. Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er ikkje oppteken av kva utval fylkestingsrepresentantane er medlem i.
- I første valperioden for Vestland fylkeskommune, bør det vere ei geografisk fordeling av medlemmane i fylkesrådet.
- Treng ikkje talfeste møte pr. år, slik som det er gjort i reglementet for Hordaland. Viser her til § 3 a) i Sogn og Fjordane sitt reglement: «*Rådet held møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemmene ber om det*».
- Økonomi – det bør sikrast at budsjettet for fylkesrådet er stort nok, slik at fylkesrådet får til ei fornuftig deltaking på møte, konferansar og andre møte, og det vert ei god nok handtering av sakene fylkesrådet får tilsendt.
- Det er ynskje om å få ei moglegheit til å presentere saker i fylkesting, fylkesutval og/eller hovudutval, og at det står noko om dette i reglementet.
- Det er ynskje om arbeidsutval for fylkesrådet for eldre i Vestland fylkeskommune, og dette bør bestå av minst tre medlemmar frå fylkesrådet.

Kva som er bra med dagens arbeidsform:

- Ved behov har fylkesråda fått informasjon frå administrasjonen, til dømes frå samferdsleavdelinga om tilrettelagt transport og serviceskyssen, og frå opplæringsavdelinga om tilpassa opplæring
- Det har vore positivt å besøke bedrifter og få informasjon frå dei om aktuelle tema som fylkesråda jobbar med. Dette har til dømes vore besøk hos Stryn vidaregåande skule, der fylkesråda fekk omvising i visningsleilegheita og informasjon om velferdsteknologi.
- Det har vore positivt at ein i møta har fordjupa seg i spesielle tema, der ein har fått informasjon frå innleiarar. Sjå kulepunktene over for eksempel.
- Slik som sakspapir og møteprotokollar er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fungerer bra.
- Det har vore dialog med interesseorganisasjonane for dei to fylkesråda, for å få innspel frå organisasjonane og for å sikre informasjon frå fylkesråda. Dette har fungert bra.
- Det har vore høve for medlemmane til å delta på kurs og konferansar for å halde seg fagleg oppdatert.
- Dialogen med dei kommunale råda har fungert delvis, ved å ha møta i ulike delar av fylket, der dei kommunale råda i nærområdet har vorte invitert til møte. Dette er ein måte å komme i kontakt med dei kommunale råda, og få til ein dialog.

Kva kan forbeholdt med dagens arbeidsform?

- Til tider kan det vere omfattande saker som kjem til høyring, og det er mykje å lese gjennom. Det er ynskje om å få tilsendt ei oppsummering av store høyringar. Eit forslag kan vere å ha innleiar til dei store tunge sakene, slik at ein sikrar ei god innføring i problemstillingane.
- Det er viktig med god kontakt med dei kommunale råda for å få til ein god aktivitet i dei kommunale råda, og få innspel til aktuelle saker for fylkesrådet.
- Medverknadsorgana har krav på same opplæring som dei folkevalde, og det er ynskje om det vert lagt til rette for dette i Vestland fylkeskommune.
- Ved større planarbeid og/eller større utbyggingar i fylkeskommunal regi, er det ynskje om bli involvert i arbeidsgruppene som vert sett ned. Ynskje er med bakgrunn i å ta i vare brukarane sine interesser.
- I nokre tilfelle har det vore eit inntrykk at fylkesstatlege instansar gjev nokre føringar, og fylkesrådet opplever at det ser ut som fylkesstatlege instansar har ynskje om å ha med eldreråda i ymse samanhengar. Om det fortset slik framover, må det takast omsyn til dette når budsjett for fylkesrådet for eldre i Vestland vert laga.

Andre innspel:

- Det er viktig at fylkestinget i Vestland fylkeskommune etablerer rutinar som sikrar at medverknadsorgana mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå råda har moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- I fylkesråda i Vestland fylkeskommune, bør det vere eit fleirtal av representantar frå interesseorganisasjonane.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kva som er bra med dagens reglement:

- Bra at fylkesrådet konstituerer seg sjølv
- Samansetninga av alderspensjonistar og fylkestingspolitikar, og at fylkespensjonistforeiningane får kome med forslag til medlemmer i fylkesrådet
- Positivt at det står noko om kjønnsbalanse, sjølv om dette er ein sjølvstøtt ting
- Bra at det står noko om økonomi og eige budsjett i reglementet for Sogn og Fjordane, og at det er nemnt noko om det formelle kring møte.
- Bra at årsmelding er nemnt som eige punkt
- Personleg vara til fylkesrådet er bra

Kva som kan forbeholdt i dagens reglement:

- Kontakten med dei kommunale råda bør styrkast, og dette bør inn som ei av oppgåvene til fylkesrådet.
- Samansetninga av rådet i Vestland fylkeskommune bør vere 9 medlemmer der 2 er fylkestingsrepresentantar og 7 er alderspensjonistar. Fylkesrådet for eldre i Sogn og Fjordane er ikkje oppteken av kva utval fylkestingsrepresentantane er medlem i.
- I første valperioden for Vestland fylkeskommune, bør det vere ei geografisk fordeling av medlemmane i fylkesrådet.
- Treng ikkje talfeste møte pr. år, slik som det er gjort i reglementet for Hordaland. Viser her til § 3 a) i Sogn og Fjordane sitt reglement: *«Rådet held møte når leiaren finn det naudsynt eller minst to av medlemmene ber om det».*
- Økonomi – det bør sikrast at budsjettet for fylkesrådet er stort nok, slik at fylkesrådet får til ei fornuftig deltaking på møte, konferansar og andre møte, og det vert ei god nok handtering av sakene fylkesrådet får tilsendt.
- Det er ynskje om å få ei moglegheit til å presentere saker i fylkesting, fylkesutval og/eller hovudutval, og at det står noko om dette i reglementet.
- Det er ynskje om arbeidsutval for fylkesrådet for eldre i Vestland fylkeskommune, og dette bør bestå av minst tre medlemmar frå fylkesrådet.

Kva som er bra med dagens arbeidsform:

- Ved behov har fylkesråda fått informasjon frå administrasjonen, til dømes frå samferdsleavdelinga om tilrettelagt transport og serviceskyssen, og frå opplæringsavdelinga om tilpassa opplæring
- Det har vore positivt å besøke bedrifter og få informasjon frå dei om aktuelle tema som fylkesråda jobbar med. Dette har til dømes vore besøk hos Stryn vidaregåande skule, der fylkesråda fekk omvising i visningsleilegheita og informasjon om velferdsteknologi.
- Det har vore positivt at ein i møta har fordjupa seg i spesielle tema, der ein har fått informasjon frå innleiarar. Sjå kulepunktane over for eksempel.
- Slik som sakspapir og møteprotokollar er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fungerer bra.
- Det har vore dialog med interesseorganisasjonane for dei to fylkesråda, for å få innspel frå organisasjonane og for å sikre informasjon frå fylkesråda. Dette har fungert bra.
- Det har vore høve for medlemmane til å delta på kurs og konferansar for å halde seg fagleg oppdatert.
- Dialogen med dei kommunale råda har fungert delvis, ved å ha møta i ulike delar av fylket, der dei kommunale råda i nærområdet har vorte invitert til møte. Dette er ein måte å komme i kontakt med dei kommunale råda, og få til ein dialog.

Kva kan forbeholdast med dagens arbeidsform?

- Til tider kan det vere omfattande saker som kjem til høyring, og det er mykje å lese gjennom. Det er ynskje om å få tilsendt ei oppsummering av store høyringar. Eit forslag kan vere å ha innleiar til dei store tunge sakene, slik at ein sikrar ei god innføring i problemstillingane.
- Det er viktig med god kontakt med dei kommunale råda for å få til ein god aktivitet i dei kommunale råda, og få innspel til aktuelle saker for fylkesrådet.
- Medverknadsorgana har krav på same opplæring som dei folkevalde, og det er ynskje om det vert lagt til rette for dette i Vestland fylkeskommune.
- Ved større planarbeid og/eller større utbyggingar i fylkeskommunal regi, er det ynskje om bli involvert i arbeidsgruppene som vert sett ned. Ynskje er med bakgrunn i å ta i vare brukarane sine interesser.
- I nokre tilfelle har det vore eit inntrykk at fylkesstatlege instansar gjev nokre føringar, og fylkesrådet opplever at det ser ut som fylkesstatlege instansar har ynskje om å ha med eldreråda i ymse samanhengar. Om det fortset slik framover, må det takast omsyn til dette når budsjett for fylkesrådet for eldre i Vestland vert laga.

Andre innspel:

- Det er viktig at fylkestinget i Vestland fylkeskommune etablerer rutinar som sikrar at medverknadsorgana mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå råda har moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- I fylkesråda i Vestland fylkeskommune, bør det vere eit fleirtal av representantar frå interesseorganisasjonane.



MØTEBOK

Organ	Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne
Møtestad	Storehagen Atrium, Førde
Møtedato	15.01.2019
Kl.	12:00 – 15:00

Faste medlemmer til stades:

Odd Atle Stegegjerdet, Magnus Strand, Bente Underthun,
Anita Æsøy

Forfall til møtet:

Erlend Haugen Herstad

Varamedlemmer til stades:

Til stades med møte- og talerett:

Sekretariat for møtet:

Anne-Kjersti Stavø Stenehjøm

Ingen merknader til innkalling og sakliste.

Til innspelsmøte var dei tre medverknadsorgana i Sogn og Fjordane inviterte. Medlemene hadde på førehand fått tilsendt reglementa for medverknadsorgana i både Sogn og Fjordane og Hordaland.

I starten av møte hadde administrasjonen ein gjennomgang av reglementa for dei tre medverknadsorgana i dei to fylkeskommunane, og ein kort informasjon om kommunelova § 5-12 og den nye forskrifta som er ute på høyring no.

Det var lagt opp til innspel frå alle tre medverknadsorgana der følgjande spørsmål vart stilt til medlemmene:

- Kva er bra med dagens reglement?
- Kva kan forbeholdast i dagens reglement?
- Kva er bra med dagens arbeidsform?
- Kva kan forbeholdast med dagens arbeidsform?
- Andre ting som bør nemnast

SAK 1/19 Uttale frå fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne i Sogn og Fjordane, til reglement i Vestland fylkeskommune

Fylkesrådet for menneske med nedsett funksjonsevne skriv i møte saman med dei andre medverknadsorgana i Sogn og Fjordane ein uttale, til reglementet for Vestland fylkeskommune.

Endringsframlegg:

Kva som er bra med dagens reglement:

- Det er positivt at interesseorganisasjonane er godt representerte i fylkesråda, for å sikre kompetansen som trengs for å diskutere saker, og å kunne kome med utalar.
- Størrelsen på fylkesrådet er bra, men i Vestland fylkeskommune, bør det ikkje vere færre representantar enn det som Hordaland har i dag.
- Det er bra at fylkesrådet har eige budsjett og at dette er nemnt i reglementet. Sidan det er avsett eige budsjett til fylkesrådet sikrar ein at fylkesrådet har god styring på eigne aktivitetar.
- Arbeidsutval slik som Hordaland har i dag, kan vere positivt i Vestland fylkeskommune, for å sikre at det vert jobba godt med sakene før dei kjem til handsaming i fylkesrådet.

Kva som kan forbetrast i dagens reglement:

- No har det vore litt for lang tid mellom møta, og det har av og til hopa seg opp med tyngre saker. Dette handlar mykje om tid og ressursar som det er naturleg at vert nytta til arbeidet med fylkesrådet i løpet av året. Det er ynskje om å ha ein rytme og frekvens på møta som hovudutvala har.
- Det er viktig at fylkesrådet står fritt til å ta opp saker på eige initiativ
- Støttar forslaget i forskrifta om at fylkesrådet konstituerer seg sjølv
- Det er ynskje om å få sakene på eit tidlegare tidspunkt, slik at ein får god tid til å setje seg inn i sakene og høve til å kome med eventuelle innspel til endringar. Det er viktig å kome tidleg inn i sakene slik at fylkesrådet får høve til å påverke.
- Ynskje om at det vert nemnt spesifikt at fylkesrådet får høve til å informere om viktige saker i fylkesting, fylkesutval og/eller hovudutval
- I første valperioden for Vestland fylkeskommune, bør det vere ei geografisk fordeling av medlemmane i fylkesrådet.

Kva som er bra med dagens arbeidsform:

- Ved behov har fylkesråda fått informasjon frå administrasjonen, til dømes frå samferdsleavdelinga om tilrettelagt transport og serviceskyssen, og frå opplæringsavdelinga om tilpassa opplæring
- Det har vore positivt å besøke bedrifter og få informasjon frå dei om aktuelle tema som fylkesråda jobbar med. Dette har til dømes vore besøk hos Stryn vidaregåande skule, der fylkesråda fekk omvising i visningsleilegheita og informasjon om velferdsteknologi.
- Det har vore positivt at ein i møta har fordjupa seg i spesielle tema, der ein har fått informasjon frå innleiarar. Sjå kulepunktta over for eksempel.
- Slik som sakspapir og møteprotokollar er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fungerer bra.
- Det har vore dialog med interesseorganisasjonane for dei to fylkesråda, for å få innspel frå organisasjonane og for å sikre informasjon frå fylkesråda. Dette har fungert bra.
- Det har vore høve for medlemmane til å delta på kurs og konferansar for å halde seg fagleg oppdatert.
- Dialogen med dei kommunale råda har fungert delvis, ved å ha møta i ulike delar av fylket, der dei kommunale råda i nærområdet har vorte invitert til møte. Dette er ein måte å komme i kontakt med dei kommunale råda, og få til ein dialog.
- Det har vore viktig at fylkesrådet har hatt høve til å reise rundt i fylket. Dette har sikra at ein har vorte betre kjent med dei kommunale råda, aktuelle bedrifter i fylket og at arbeidsbyrden ved reising har vorte fordelt.

Kva kan forbeistrast med dagens arbeidsform?

- Til tider kan det vere omfattande saker som kjem til høyring, og det er mykje å lese gjennom. Det er ynskje om å få tilsendt ei oppsummering av store høyringar. Eit forslag kan vere å ha innleiar til dei store tunge sakene, slik at ein sikrar ei god innføring i problemstillingane.
- Det er viktig med god kontakt med dei kommunale råda for å få til ein god aktivitet i dei kommunale råda, og få innspel til aktuelle saker for fylkesrådet.
- Medverknadsorgana har krav på same opplæring som dei folkevalde, og det er ynskje om det vert lagt til rette for dette i Vestland fylkeskommune.
- Ved større planarbeid og/eller større utbyggingar i fylkeskommunal regi, er det ynskje om bli involvert i arbeidsgruppene som vert sett ned. Ynskje er med bakgrunn i å ta i vare brukarane sine interesser.

Andre innspel:

- Det er viktig at fylkestinget i Vestland fylkeskommune etablerer rutinar som sikrar at medverknadsorgana mottok sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå råda har moglegheit til å påverke utfallet av saka.
- I fylkesråda i Vestland fylkeskommune, bør det vere eit fleirtal av representantar frå interesseorganisasjonane.

Avrøysting:

Samrøystes

Dette gir følgjande VEDTAK:

Kva som er bra med dagens reglement:

- Det er positivt at interesseorganisasjonane er godt representerte i fylkesråda, for å sikre kompetansen som trengs for å diskutere saker, og å kunne kome med utalar.
- Størrelsen på fylkesrådet er bra, men i Vestland fylkeskommune, bør det ikkje vere færre representantar enn det som Hordaland har i dag.
- Det er bra at fylkesrådet har eige budsjett og at dette er nemnt i reglementet. Sidan det er avsett eige budsjett til fylkesrådet sikrar ein at fylkesrådet har god styring på egne aktivitetar.
- Arbeidsutval slik som Hordaland har i dag, kan vere positivt i Vestland fylkeskommune, for å sikre at det vert jobba godt med sakene før dei kjem til handsaming i fylkesrådet.

Kva som kan forbeistrast i dagens reglement:

- No har det vore litt for lang tid mellom møta, og det har av og til hopa seg opp med tyngre saker. Dette handlar mykje om tid og ressursar som det er naturleg at vert nytta til arbeidet med fylkesrådet i løpet av året. Det er ynskje om å ha ein rytme og frekvens på møta som hovudutvala har.
- Det er viktig at fylkesrådet står fritt til å ta opp saker på egne initiativ
- Støttar forslaget i forskrifta om at fylkesrådet konstituerer seg sjølv
- Det er ynskje om å få sakene på eit tidlegare tidspunkt, slik at ein får god tid til å setje seg inn i sakene og høve til å kome med eventuelle innspel til endringar. Det er viktig å kome tidleg inn i sakene slik at fylkesrådet får høve til å påverke.
- Ynskje om at det vert nemnt spesifikt at fylkesrådet får høve til å informere om viktige saker i fylkesting, fylkesutval og/eller hovudutval
- I første valperioden for Vestland fylkeskommune, bør det vere ei geografisk fordeling av medlemmane i fylkesrådet.

Kva som er bra med dagens arbeidsform:

- Ved behov har fylkesråda fått informasjon frå administrasjonen, til dømes frå samferdsleavdelinga om tilrettelagt transport og serviceskyssen, og frå opplæringsavdelinga om tilpassa opplæring
- Det har vore positivt å besøke bedrifter og få informasjon frå dei om aktuelle tema som fylkesråda jobbar med. Dette har til dømes vore besøk hos Stryn vidaregåande skule, der fylkesråda fekk omvising i visningsleilegheita og informasjon om velferdsteknologi.
- Det har vore positivt at ein i møta har fordjupa seg i spesielle tema, der ein har fått informasjon frå innleiarar. Sjå kulepunktta over for eksempel.
- Slik som sakspapir og møteprotokollar er lagt ut på heimesida til Sogn og Fjordane fungerer bra.

- Det har vore dialog med interesseorganisasjonane for dei to fylkesråda, for å få innspel frå organisasjonane og for å sikre informasjon frå fylkesråda. Dette har fungert bra.
- Det har vore høve for medlemmane til å delta på kurs og konferansar for å halde seg fagleg oppdatert.
- Dialogen med dei kommunale råda har fungert delvis, ved å ha møta i ulike delar av fylket, der dei kommunale råda i nærområdet har vorte invitert til møte. Dette er ein måte å komme i kontakt med dei kommunale råda, og få til ein dialog.
- Det har vore viktig at fylkesrådet har hatt høve til å reise rundt i fylket. Dette har sikra at ein har vorte betre kjent med dei kommunale råda, aktuelle bedrifter i fylket og at arbeidsbyrden ved reising har vorte fordelt.

Kva kan forbeistrast med dagens arbeidsform?

- Til tider kan det vere omfattande saker som kjem til høyring, og det er mykje å lese gjennom. Det er ynskje om å få tilsendt ei oppsummering av store høyringar. Eit forslag kan vere å ha innleiar til dei store tunge sakene, slik at ein sikrar ei god innføring i problemstillingane.
- Det er viktig med god kontakt med dei kommunale råda for å få til ein god aktivitet i dei kommunale råda, og få innspel til aktuelle saker for fylkesrådet.
- Medverknadsorgana har krav på same opplæring som dei folkevalde, og det er ynskje om det vert lagt til rette for dette i Vestland fylkeskommune.
- Ved større planarbeid og/eller større utbyggingar i fylkeskommunal regi, er det ynskje om bli involvert i arbeidsgruppene som vert sett ned. Ynskje er med bakgrunn i å ta i vare brukarane sine interesser.

Andre innspel:

- Det er viktig at fylkestinget i Vestland fylkeskommune etablerer rutinar som sikrar at medverknadsorgana mottek sakene på eit så tidleg tidspunkt i sakshandsaminga, at uttalane frå råda har moglegheit til å påverke utfallet av saka.

I fylkesråda i Vestland fylkeskommune, bør det vere eit fleirtal av representantar frå interesseorganisasjonane.

Medverknadsorgan for ungdom i Vestland fylkeskommune, noverande fylkeeting for ungdom og ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane.

Først følger konkrete innspel til nye vedtekter, utarbeidd av ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane og ungdommens fylkesutval Hordaland. UPU 2018/2019 har jobba med dette i heile perioden og gjer det framleis. Neste møte i ungdomspolitisk utval er 25. til 27. januar 2019. Deretter følger ei oppsummering av innspel på felles møte for medverknadsorgana i Sogn og Fjordane fylkeskommune 15.01.2019.

Innspel frå ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane:

- Forslag til namn på medverknadsorganet: VU (Vestland ungdomsutval).
- Forslag til namn på fylkeeting: FFU (fylkeeting for ungdom).

Framlegg så langt:

- VU skal bestå av 9 medlem og 7 varamedlem, der tre av varamedlemene møter ved møta.
- Vi ynskjer ei 60/40 kjønnsdeling på medlem- og varamedlemsliste.
- Fylkeeting for ungdom = partipolitisk nøytralt.
- Medlemmar i VU kan vere 14-19 år. Ein 19-åring kan bli valt inn for to år, medan ein 13 åring som fyller 14 det året kan bli medlem.
- Valnemnda skal bestå av 2 frå VU, 1 tidlegare VU-ar, og 2 eksterne/alternative.
- Det skal vere to uttalenemnder der kvar uttalenemnd skal bestå av 3 personar.
- Organisering av VU:
 - KIRU – kultur, idrett og regionalutvikling
 - MISA – miljø og samferdsel
 - OPHE – opplæring og helse
 - Eigen organisasjon (kan t.d. ha ansvar for fadderordninga)
 - Leiar og nestleiar har overordna ansvar
- Fadderordninga skal vidareførast.
- 4 medlem skal bli valt for 2 år, for å få kontinuitet i utvalet.
- Kontrollkomité med 3 tidlegare medlemmar.
- Ungdommen sitt planprogram med fråsegnene som vert vedtatt og skal arbeidast med.
- FFU A til Å, definisjonar.
- 2 delegatar per kommune på FFU
 - Deltakaravgift skal betalast av kommunen.
 - Observatør-kvoté 10 personar. Kvar kommune på søke for å få plass.
- Innkalling til FFU sendast 6 veker før tinget.
- Saksliste, jf. § 6.6, i hende 14 dagar før tinget.
- Tinget skal haldast i mars, så langt det let seg gjere.

Oppsummering frå felles møte for medverknadsorgana i Sogn og Fjordane fylkeskommune 15.01.2019.

Innspel frå ungdomspolitisk utval, som gjeld ungdomspolitisk utval og fylkesting for ungdom:

Kva er bra med dagens vedtekter?

- Ungdomspolitisk utval er nøgde med eigne vedtekter slik dei er i dag – er detaljerte.
- Fadderordninga der utvalet fordeler kommunane i fylket mellom seg og har jamleg oppfølging og kontakt med ungdomsråda i kommunane fungerer godt, og er ei viktig ordning for å sikre god ungdomsmedverknad og demokratiopplæring. Fadderordninga inkluderer også besøk til og opplæring av ungdomsråda ved ynskje.
- Bruken av nynorsk bør vidareførast.
- Eksisterande valordninga er god. Delegatane på fylkesting for ungdom vel medlemmane til ungdomspolitisk utval. At fleire av medlemmane vert valt fot to år sikrar kontinuitet i utvalet, og gjer utvalet betre rusta til å gjere ein god jobb.

Kva kan forbeholdast i dagens vedtekter?

- Sjå liste med framlegg ovanfor.

Nemnt på møtet:

- Politisk nøytralt
- Kontrollkomité – bestå av tre tidlegare medlemmar i ungdomsmedverknadsorganet, desse skal fylgje opp at vedtektene for utvalet og fylkesting for ungdom vert følgde. Denne funksjonen vert viktigare når vi vert større.
- Ynskjer 60/40 kjønnsfordeling både mellom medlemmar og varamedlemmar.
- Kvote på 2 delegatar pr. kommune til fylkesting for ungdom. I tillegg til ei kvote på 10 observatørar (der kommunane kan søke om plass).
- Møte- og talerett på fylkestinget og i fylkeskommunen sine politiske utval.

Kontaktinformasjon

Leiar i ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane:

Kamilla F. Rivedal

ungdomspolitiskutval@sfj.no

482 81 461

Sekretær for ungdomspolitisk utval Sogn og Fjordane:

Guro Høyvik

rådgjevar, nærings- og kulturavdelinga

Guro.Hoyvik@sfj.no

415 30 608

Referat frå møte med medverknadsorgana i Hordaland fylkeskommune

Tid: 21.01 2019, kl. 09:00-11:00

Stad: Møterom Vestland, Agnes Mowinckels gate 5, Bergen

Frå Ungdommens fylkesutval møte:

Marius Hellan Hindnes, leiar

Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll, nestleiar

Frå fylkeseldrerådet møte:

Gunda Falao Sparre (LOP), fungerande leiar

Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV)

Monrad Reigstad (PF)

Inger Lingjerde (PF)

Frå rådet med menneske med nedsett funksjonsevne møte:

Kjell Gitton Håland (A), leiar

Kjell Søvik (FFO), nestleiar

Ingeborg Hordvik (FL R/SV/SP/KRF)

Harald Norheim (SAFO)

Frå administrasjonen møte:

Bertil Søfteland, leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs, rådgjevar

Marielle Solheim, administrativ sekretær

Silje Lyngstad, rådgjevar

Medverknadsorgana bli bedne om å svare på følgjande spørsmål:

1. Kva er bra med dagens reglement?
2. Kva kan forbetrast i dagens reglement?
3. Kva er bra med dagens arbeidsform?
4. Kva kan forbetrast med dagens arbeidsform?
5. Andre ting som bør nemnast?

Medverknadsorgana blei også spurt direkte korleis dei stilte seg til digitalisering av offentlege møter i form av fjernmøter, jf. ny kommunelov.

Ungdommens fylkesutval

1. Kva er bra med dagens reglement?
 - **Marius Hellan Hindenes:** Held fram at det er ein bra struktur på utvalet i dag, og at reglementet i stor grad bør vidareførast.
2. Kva kan forbetrast i dagens reglement?
 - **Marius Hellan Hindenes:** Tal medlemmer i utvalvet bør aukast til 9 medlemmer. Dette med tanke på dei store avstandane ein vil få med samanslåinga. I dag er reglementet slik at dersom ungdommens fylkesting ønskjer å gjere endringar i sine vedtekter, så må det innom fylkestinget for formell godkjenning. Ungdommens fylkesting ønskjer å sjølv kunne foreta dei endringar dei ønskjer utan at det må «godkjennast» av fylkestinget.

3. Kva er bra med dagens arbeidsform?

- **Marius Helland Hindenes:** Ungdommens fylkesutval har eit større arbeidsområde enn Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane har i dag. Det er ønskjeleg at Hordland sin ordning blir vidareført.

4. Kva kan forbeistrast med dagens arbeidsform?

- Sjå pkt. ovanfor om arbeidsområdet.

5. Andre ting som bør nemnast?

- **Anna Elisabeth Øyrehagen Akselvoll:** Presiserast at dei har samordna seg med Ungdomspolitisk utval i Sogn og Fjordane gjennom heile det siste året og at dei er i arbeidet med å utarbeide reglement for ungdomsarbeidet som skal fortsette i nye Vestland fylkeskommune.

Fylkeseldrerådet

1. Kva er bra med dagens reglement?

- **Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV):** Det er positivt at det er kontakt med politiske utval for å kunne gi innspel, og det er også noko som bør vere med vidare.
- **Gunda Falao Sparre (LOP):** Det bør vere ein aktiv politikar med i rådet som kan vere med å virke medverke i dei andre politiske utvala. Fylkeseldrerådet har per i dag to representantar som er folkevalde politikarar, og meiner dette fungerer bra. Dette til forskjell frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne som har tre. Det treng ikkje å vere likt tal, men kan stilles spørsmål om det bør vere det. Eit viktig poeng er at ein bør kunne velge kor ein vil hente dei folkevalde. Bra ordning med valnemnd og denne bør vidareførast. Rådet ser på det som veldig positivt at dei kan velge leiar og nestleiar sjølv. Dette er per i dag lovfesta, og det skal velgast mellom pensjonistane. Dette ønskes vidareført.

2. Kva kan forbeistrast i dagens reglement?

- **Gunda Falao Sparre (LOP):** Bør utvides til ni medlemmar med ei samansetting 7 medlemmar, og 2 folkevalde politikarar. Det bør vere ein samansetting med 4 frå Hordaland og 3 frå Sogn og Fjordane – dette er det einighet om mellom dei to eldreråda.
- **Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV):** Vi må venne oss til at vi skal vere eitt fylke, og det vil ikkje vere eit godt signal å sende at ein må dela kven som skal få kva.

3. Kva er bra med dagens arbeidsform?

- **Monrad Reigstad (PF):** Bør vere mye meir konkrete oppgåver/ansvarsområder i reglementet og visar til eldrerådet i Sogn og Fjordane. Det er ofte at ein ikkje rekk å henge seg på viktig saker fordi det er for seint. Det må ordnast eit system for å medverke. Tidspunkt for når sakene presenterast er heilt avgjerande for at medverknadsorgana kan og skal ha reelt medverke.
- **Gunda Falao Sparre (LOP):** Fylkeseldrerådet ønskjer også poengtere at dei må ha reell innflytelse. Ei løysing må vere «skal»-reglar i staden for «bør».

4. Kva kan forbeistrast med dagens arbeidsform?

- **Gunda Falao Sparre (LOP):** Det er veldig bra at det er eit arbeidsutval (AU). Dette består av leiar og nestleiar og ein frå sekretariatet. Stiller spørsmål ved kor stor arbeidsprosent

sekretæren skal ha på dei ulike råda. Det peikast særleg på utfordringar knytt til større geografiske avstandar, større saker og meir reise som vil påverke arbeidsmengda til sekretæren.

- **Monrad Reigstad (PF):** Sekretæren bør ha ein halv stilling slik det opprinneleg var. Fylkeseldrerådet meiner det er eit større arbeidsansvar enn det er lagt opp til i dag. Desse innspela går også på arbeidsmiljøet for sekretæren. Ein må tenke heilhet.
- **Inger M. Lingjerde (PF):** Presiserer at elderrådslova seier at fylkeskommunen pliktar å skipe tilfredsstillande sekretariat.
- **Gunda Falao Sparre (LOP):** Fylkeseldrerådet er samd med rådet for menneske med nedsett funksjonsevne om at det bør vere ein felles sekretær som kan gjer det enklare å fange opp sakar og oppgåver som er felles. Dette må likevel ikkje gå på bekostning av *tilstrekkeleg ressursar* for begge råd.
- **Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV):** Påpeikar at ein gjerne kan seie at ein ynskjer same sekretær, men det er fylkesrådmann/administrasjon si oppgåve å drive ressursfordeling.

5. Andre ting som bør nemnast?

- **Gunda Falao Sparre (LOP):** stilte spørsmål ved at det er forskjellig modell mellom fylka for godtgjersle, leiarskap og verv.
- **Monrad Reigstad (PF):** Peikte på at ein i reglementet bør vise spesifikt til reglane for godtgjersle for folkevalde, ettersom det kan skape usikkerheit når det ikkje står noko.
- **Reigstad (PF):** Spelte inn at administrasjonen bør koordinere prosessen vidare mot felles reglement for påverknadsorga med Sogn og Fjordane, og då særleg i mai.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

1. Kva er bra med dagens reglement?

- **Kjell Søvik (FFO):** Det er positivt at det er kontakt med politiske utval for å kunne gi innspel. Det bør vere ein utviding av medlemmer frå FFO. Fungerer veldig godt at ein i leiargruppe i rådet er ein erfaren politikar. Dette gjer at ein får mykje god nytte av kunnskap og innsikt i dei politiske prosessane i rådsarbeidet.

2. Kva kan forbetrast i dagens reglement?

- **Kjell Søvik (FFO):** Trekkast fram at det er ei god samansetting at det er ei blanding av politikare og andre medlemmar. I dag er det 4 medlemmer og 3 politikarar. Bør sikre at det kjem ein politikar frå kvart utval som kjenner sakane som kjem opp til politiske behandling. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne er samd med fylkeseldrerådet i at det bør stå «skal» i staden for «bør» i reglementet.
- **Kjell Gitton Håland (A):** Det er ønskjeleg med ei utviding av rådet frå 7 til 9 medlemmar, kor 4 er politikarar (1 frå kvart av de nye utvalane) og 5 er frå brukarorganisasjonane.
- **Harald Norheim (SAFO):** Det bør presiserast i reglementet at begge fylka skal vere representert. Det er og viktig at det er ein genuin interesse for dei som skal vere med å arbeide i rådet.
- **Kjell Gitton Håland (A):** Stiller spørsmål ved om rådene sjølv må kunne velge leiar og nestleiar (sml. Fylkeseldrerådet). Dette bør gjelde alle slik som det kjem frå departementet i høringsuttalen.
- **Kjell Søvik (FFO):** Reglementet seier at rådet har «avgjerdsmynde», men det opplevast ikkje som at det er noko fast og at Hordaland fylkeskommune nærast kan velge om dei vil innlemme rådet. Meiner mykje av orsaka er at det er mykje «bør» og «kan», og at det difor er enkelt å ekskludere rådet i behandling av politiske sakar som er av betydning. Ein anna negativ side er at ein med dette kan få veldig lite tid til å skrive uttalar. Eit eksempel er sak framsett i møte med høringsfrist så lite som 48 timer.

3. Kva er bra med dagens arbeidsform?

- Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne syns det er ein veldig bra fungerande sekretær pt. Dersom det er fleire sekretærar så er det viktig at sekretærene jobbar saman og fyllar inn kvarandre om abreidsprosessar osv.
4. Kva kan forbeistrast med dagens arbeidsform?
- **Kjell Gitton Håland (A):** Trekker fram at det er veldig bra med eit fungerande arbeidsutval. Det er heilt nødvendig med sekretærressursar. Det stilles også her spørsmål om korleis oppgåver sekretæren skal ha. Rådene bør ikkje bestemme sjølve stillingsprosent, men det bør vere slik at det er tilstrekkelig ressursar til å dekke dei arbeidsoppgåvene som skal gjerast.
 - **Kjell Søvik (FFO)/Harald Norheim (SAFO):** Avgjerande er at det er ein tilstrekkelig sekretær som kan gjere arbeidet tilfredsstillande, men legg til at det er ein god sekretær for rådet per i dag. Er også eining med fylkeseldrerådet i at det kan vere positiv med ein «felles sekretær». Burde det vere nokon som sitt høgare opp i systemet som legg fram saker til behandling i møte. Det er opplagt at sekretærene har fleire oppgåver enn berre å skrive protokoll.
5. Andre ting som bør nemnast?

Særleg om fjernmøter som arbeidsform – kva er tankane rundt det?

Ungdommens fylkesutval

- **Marius Hellan Hindenes:** Ein kombinasjon av video og fysisk møte må vere løysinga. Stiller spørsmål ved om det likevel vil vere utfordring for ungdommane. Vil dei klare å møtast på to stader med tanke på avstandar, skole etc? Det er ikkje til å legge skjul på at ungdommane jobbar aller best saman under fysiske møte, og det er difor dei som oftast ønskjer å møtast i helger for å jobbe.
- **Anna Elisabet Øyrehagen Akselvoll:** Framhevar at teknologien kjem ein ikkje utanom. Vi må ta den på strak arm. Likevel må ein ikkje gløyme at det er ein stor verdi og møtast og bli kjent. Dette er kanskje særleg viktig i straten av ein perioden, og kan vere med å legge grunnlaget for det resterande arbeidet anten det er gjennom videomøte, telefonmøte eller fysiske møte. Poenget er uansett at ein av og til må man kunne møtast via video. Det må vere ein positiv innstilling og ein må skape balanse i tråd med det ansvaret og arbeidet ein skal gjere.

Fylkeseldrerådet

- **Gunda Falao Sparre (LOP):** Stiller spørsmål ved om møta vil vere tilstrekkelig opne? Kan man sjå heile møte og alle medlemmar? Det er erfaring ved å bruke telefon i samband med AU-møter, og er såleis positiv til at det framleis kan vere ei løysing.
- **Synnøve Solbakken (FL A/SP/SV):** Peika på at det er ressursparande med videomøte, og ressursbruken er alle sitt ansvar, men skjermene erstattar likevel ikkje det å møtast rundt bordet. Alt i alt er det positivt med video som løysing i mange tilfelle, særleg no når avstandane vert større, dersom tilgangen og offentlegheitslova vert ivaretatt. Vidare er det eit poeng at vi vert dratt i teknologien anten vi vil eller ei, og at det er lett å vere skeptisk, men når ein blir kjend med denne måten å arbeide på, vil ein gjerne ikkje gå tilbake. Solbakken poengtera vidare at det er openbart at teknologien er bra og at det vil vere ei OK løysing, men det er ingenting som kan gjere opp for det å møtast ansikt til ansikt. Samtidig må ein ha for auge at det kan bli store avstandar og ressursar tilsei at dette må vere ei løysing.
- **Monrad Reigstad (PF):** Stiller spørsmål ved om ein framandgjer demokratiet? Meiner fylkeskommunen i utgangspunktet er litt ukjent for samfunnet, og at det ikkje vil vere ein god løysing. Det blir eit baksteg og ikkje framskritt.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

- **Kjell Gitton Håland (A):** Må vere open for ei slik løysing. Men legg vekt på at det er viktig at ein kjenner kvarandre, og at rådet bør møtast kanskje ein og to gonger før ein starter med fjernmøter.



- **Ingeborg Hordvik (FL R/SV/SP/KRF):** Viktig at ein får satt rådane, og det er og eit viktig poeng med «kaffen i pausane» også. Poenget er at det må vere ei blanding.
- **Harald Norheim (SAFO):** Må vere forsiktig slik at ein ikkje går i felle med diskriminering og ekskludering når det kjem til det tekniske. Ein må ikkje skremme folk frå å delta fordi man ikkje har gode IT-kunnskapar.
- **Kjell Søvik (FFO):** Viktig å ha forståelse for utfordringar i dei ulike kommunane, og kanskje ein må dra å sjå korleis utfordringa vi ha.

Delegasjonsreglement for Hordaland Fylkeskommune

Innhald

Innleiing	5
Føremål	5
Gjennomgang av reglementet	5
Generelt om delegasjon	5
Retningslinjer for bruk av fullmakt.....	5
Å trekkja attende fullmakt	5
Rett til å gjera om vedtak	5
Rett til å handsama klage som underinstans	5
Rett til å la vera å nytta delegert mynde	5
Vidaredelegering.....	5
A. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN.....	6
Reglement for fylkestinget.....	6
1. Samansetjing	6
2. Oppgåver	6
3. Saksbehandling	7
4. Førespurnader	8
5. Fråsegner	8
6. Taletid.....	8
7. Klage	8
Reglement for fylkesutvalet.....	9
1. Samansetjing	9
2. Oppgåver	9
3. Avgjerd i hastesaker	10
4. Fullmakt til fylkesordføraren.....	10
5. Reglar for saksbehandling	10
Fellesreglement for utvala.....	11
1. Utval. Samansetjing.....	11
2. Arbeidsform i utvala	11

3. Saksordfører	11
4. Saksbehandling	11
5. Fråsegner	11
Reglement for utval for kultur, idrett og regional utvikling	12
1. Oppgaver	12
2. Saker der utvalet har avgjerdsmynde	12
3. Saker der utvalet gjev tilråding	12
Reglement for utval for miljø og samferdsel	13
1. Oppgaver	13
2. Saker der utvalet har avgjerdsmynde	13
3. Saker der utvalet gjev tilråding	13
Reglement for utval for opplæring og helse.....	14
1. Oppgaver	14
2. Saker der utvalet har avgjerdsmynde	14
3. Saker der utvalet gjev tilråding	14
Reglement for administrasjonsutvalet	15
1. Samansetjing	15
2. Oppgaver	15
3. Saksbehandling	15
4. Lønsutval	15
Reglement for klagenemnda	16
1. Samansetjing	16
2. Oppgaver	16
3. Saksførebuing.....	16
4. Saksbehandling	16
5. Klagenemnda sin kompetanse. Grunngeving. Omgjering	16
Reglement for kontrollutvalet	17
1. Samansetjing	17
2. Saksbehandling	17
Reglement for fylkesvalstyret	17
1. Samansetjing	17
2. Oppgaver	17
3. Saksbehandling	17
Reglement for saksbehandling.....	18
1. Målform.....	18
2. Inhabilitet	18

3. Teieplikt	18
4. Tolking av reglement	18
5. Møteprinsippet	18
6. Opne møte	19
7. Møteprotokoll	19
8. Sekretariat. Saksførebuing. Fylkesrådmannen si rolle i møtet	19
9. Innkalling. Sakliste	20
10. Forfall	20
11. Vedtaksført organ	20
12. Opning	20
13. Behandling av saker	20
14. Ordskitte. Taletid. Møteleiar si deltaking	21
15. Forslag	21
16. Røysting	21
17. Oversendingsforslag	22
18. Ny behandling av avgjort sak	22
19. Spørsmål	22
20. Deputasjonar	22
21. Orienteringar	22
22. Partsinteresse	23
23. Lovlegkontroll	23
B. ANDRE ORGAN	23
Reglement for fylkeseldrerådet	23
1. Samansetjing	23
2. Oppgåver	23
3. Arbeidsform	24
4. Saksbehandling	24
Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne	24
1. Samansetjing	24
2. Oppgåver	24
3. Arbeidsform	25
4. Saksbehandling	25
Reglement for ungdommens fylkesting	25
1. Samansetjing	25
2. Oppgåver	25
3. Arbeidsform	26
4. Saksbehandling	26

C. DELEGASJON TIL FYLKESRÅDMANNEN.....	26
1. Økonomi	26
2. Personalforvaltning	27
3. Gjeremål fastsett i særlov	27
4. Utanrettslege pengekrav.....	28
5. Underskriftsfullmakter	28
6. Mynde som underinstans.....	28
7. Fullmakt til å handtere ein krisesituasjon	28
8. Bruk av fullmakt	28
D. DELEGASJON ETTER SÆRLOV	28
E. DELEGASJON PÅ VEGSEKTOREN.....	45
1. Økonomi	45
2. Delegasjon etter særlov	46

Innleiing

Føremål

Delegasjonsreglementet er fylkeskommunen sitt interne regelverk om kva organ som har mynde til å ta avgjerd på vegner av fylkeskommunen.

Gjennomgang av reglementet

Delegasjonsreglementet vert gjennomgått minst ein gong i kvar valperiode innan 31. desember året etter at fylkestinget vart konstituert, jfr. kommunelova § 39 nr. 2. I mellomåra legg administrasjonen om naudsynt fram sak om revisjon som følgje av eventuelle lov- og regelendringar.

Generelt om delegasjon

Retningsliner for bruk av fullmakt

All delegert mynde skal nyttast i samsvar med reglar om saksbehandling som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og må liggja innanfor plan- og budsjettammer som er vedtekne av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

Å trekkja attende fullmakt

Det delegerande organet kan når som helst trekkja attende fullmakter som er gjevne.

Når forholda tilseier det, kan eit overordna organ før vedtak er gjort, krevja saka lagt fram for seg til avgjerd, sjølv om saka skulle ha vore avgjort av underordna organ ifølgje delegert mynde.

Rett til å gjera om vedtak

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjera om eit vedtak gjort av eit underordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

Rett til å handsama klage som underinstans

Den som har fatta vedtak er underinstans i samband med handsaming av klage.

Rett til å la vera å nytta delegert mynde

Den som har fått delegert mynde, kan i særlege høve la overordna organ ta avgjerd i ei konkret sak.

Vidaredelegering

Delegert mynde kan delegerast vidare dersom ikkje anna er sagt.

A. REGLEMENT FOR FOLKEVALDE ORGAN

Reglement for fylkestinget

Fylkestinget er det øvste fylkeskommunale organet og skal ta seg av alle oppgåvene som fylkeskommunen har ansvaret for. Som øvste organ gjer det vedtak på vegner av fylkeskommunen så langt ikkje anna følgjer av lov, forskrift eller delegasjonsvedtak.

Fylkestinget har ansvar for å fastsetja overordna mål og langsiktige retningslinjer for utviklinga i fylket. Organet har og ansvaret for den fylkeskommunale tenesteproduksjonen.

Fylkestinget har det overordna tilsynet med og ansvaret for at den fylkeskommunale verksemda er effektiv og tenleg for innbyggjarane i fylket.

Fylkestinget skal vurdere om dei fastsette måla er innfridde.

1. Samansetjing

Fylkestinget har 57 medlemmer med varamedlemmer, valde i samsvar med Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova).

2. Oppgåver

Fylkestinget gjer vedtak i saker om:

2.1 Overordna planlegging og regional utvikling

2.1.1 Regional planlegging, plan- og bygningslova §§ 7-1 og 8-1

- vedtek regional planstrategi, regionale planar og temaplanar
- vedtek handlingsprogram for regionale planar
- vedtek overordna strategiar for prioriterte utviklingsområde

2.1.2 Fylkeskommunal planlegging av eiga verksemd (tenesteproduksjon)

- fastset mål og strategiar for eiga verksemd
- utarbeider og vedtek handlingsplan/langtidsplan/retningslinjer

2.1.3 Økonomisk planlegging og budsjettering, jfr. kommunelova §§ 44 og 45

- økonomiplan og årsbudsjett

2.1.4 Resultatvurdering

- årsrekneskap, jfr. kommunelova § 48
- årsmelding, jfr. kommunelova § 48

2.1.5 Saksordførar

- oppnemner saksordførar, sjå Fellesreglement for utvala pkt. 3. Arbeidsform

2.2 Organisering og retningslinjer

2.2.1 Fastsetjing av medlemstal i fylkestinget, jfr. kommunelova § 7

2.2.2 Oppretting/omorganisering/nedlegging av faste politiske utval, jfr. kommunelova § 10

2.2.3 Oppretting og nedlegging av styre, jfr. kommunelova § 11

2.2.4 Innføring og oppheving av parlamentarisme, jfr. kommunelova § 18

- 2.2.5 Overføring av tariffavtalemynde, jfr. kommunelova § 28
- 2.2.6 Overføring av oppgåver og mynde til vertskommune, jfr. kommunelova § 28e
- 2.2.7 Vurdering av forslag frå innbyggjarane, jfr. kommunelova § 39a
- 2.2.8 Vedtak om rådgjevande lokale folkerøystingar, jfr. kommunelova § 39b
- 2.2.9 Reglement for folkevalde organ, jfr. kommunelova §§ 8, 10 og 39
- 2.2.10 Reglement for godtgjersle til folkevalde, jfr. kommunelova §§ 41 og 42
- 2.2.11 Pensjonsordning for folkevalde, jfr. kommunelova § 4
- 2.2.12 Reglar for føring av møtebøker, jfr. kommunelova § 30
- 2.2.13 Retningsliner for tilsette sin møterett, jfr. kommunelova § 26
- 2.2.14 Reglement for folkevalde sin innsynsrett, jfr. kommunelova § 40 nr. 5

2.3 Tilsetjing

- 2.3.1 Tilsetjing av fylkesrådmann, jfr. kommunelova § 22, og val av revisor, jfr. kommunelova § 78
- 2.3.2 Om tilsetjing i leiande stillingar skal skje på åremål, jfr. kommunelova § 24

2.4 Val

- 2.4.1 Val av medlemmer og varamedlemmer til fylkesutvalet, jfr. kommunelova § 8
- 2.4.2 Val av fylkesordførar og fylkesvaraordførar mellom fylkesutvalet sine medlemmer, jfr. kommunelova § 9
- 2.4.3 Val og suppleringsval av medlemmer og varamedlemmer til utvala, administrasjonsutvalet, kontrollutvalet, klagenemnda og fylkesvalstyret, jfr. kommunelova §§ 10, 25 og 77, forvaltningslova § 28 og vallova § 4-3
- 2.4.4 Val av leiar og nestleiar mellom organa sine medlemmer, jfr. kommunelova § 10
- 2.4.5 Val og suppleringsval til særlovsorgan og andre organ oppretta av fylkestinget, der oppnemninga er lagt til fylkestinget.
- 2.4.6 Val av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar, institusjonar o.l., jfr. likevel reglement for fylkesutvalet pkt. 2.1.6.

Alle utval som vert valde av fylkeskommunen sjølv, nyttar hovudregelen i kommunelova for varamedlemmer, slik at kvar liste/parti får det talet på varamedlemmer som den/det har i utvalet + 2.

Valnemnd

Fylkestinget vel i det konstituerande møtet, etter innstilling frå fylkesutvalet, ei valnemnd for heile valbolken. Valnemnda bør ha 11 medlemmer som reflekterer styrkeforholdet i fylkestinget. Det er eit mål at alle partia skal vera representerte i valnemnda. Kvar partigruppe får 1 varamedlem meir enn partigruppa har medlemmer i nemnda.

Valnemnda gir innstilling i saker om val der avgjerda om valet ligg til fylkestinget og saker om val av skjønnsmannsutval.

3. Saksbehandling

For fylkestinget gjeld Reglement for saksbehandling.

Opningstalar

Etter fylkesordføraren og fylkesrådmannen sine opningstalar er det høve til ordskifte om ikkje fylkestinget vedtek noko anna. Taletida for kvart innlegg bør vera avgrensa til 3 minuttar og samla tid for ordskiftet til ein time.

4. Førespurnader

Kvart medlem i fylkestinget og varamedlem som reknar med å delta i møtet, kan retta førespurnad til fylkesordføraren i saker som ikkje er nemnde i innkallinga. Innkomne førespurnader vert refererte ved opninga av fylkestinget. Førespurnadene bør behandlast ved starten av tingseta eller som første post andre dagen. Dette skal gå fram av kjøreplanen.

Førespurnadene vert handsama i den rekkjefølgja dei kjem inn.

Det må gå klart fram av spørjaren si oversending om førespurnaden er ein interpellasjon eller eit spørsmål. Er det tvil, avgjer fylkesordføraren korleis førespurnaden skal behandlast.

Interpellasjon

Dette er førespurnader som gjeld prinsipielle og/eller grunnjevne spørsmål som spørjaren ønskjer debatt om. Interpellasjonar må meldast skriftleg til fylkesordføraren innan 4 yrkedagar, laurdag ikkje medrekna, før tingsamlinga tek til.

Ved handsaming av interpellasjonar kan spørjaren og fylkesordføraren eller den han peikar ut til å gi svar, få ordet to gonger. Interpellanten kan ha ordet andre gongen, anten etter at han har fått svaret eller til sist under debatten. Elles skal ingen ha ordet meir enn ein gong. Taletida er avgrensa til 5 minuttar for første innlegg frå spørjaren og den som svarar på interpellasjonen. Elles er taletida avgrensa til 3 minuttar. Maksimal tidsbruk pr. interpellasjon er 20 minuttar.

Spørsmål

Andre spørsmål enn dei som er nemnde over bør meldast skriftleg til fylkesordføraren seinast kl. 9 dagen før tinget tek til. Spørjaren og den som svarar kan ha innlegg på 2 minuttar. Det er høve til oppfølgings-spørsmål og svar på 1 minutt. Elles er det ikkje høve til ordskifte.

For handsaminga av førespurnader kan det maksimalt brukast 2 timar. Dersom ein førespurnad ikkje er svara på innan dette tidsrommet, må spørjaren stadfesta overfor fylkesordføraren at det er ønskeleg med svar i neste tingsamling. Vert ikkje slik stadfesting gitt, reknar ein førespurnaden som trekt.

5. Fråsegrner

Dersom fylkestinget ynskjer å uttala seg om dagsaktuelle saker kan det gjerast gjennom å vedta ei fråsegn om saka.

Framlegg om fråsegn vert varsla i samband med ordskiftet etter talane.

6. Taletid

Ordinær taletid for innlegg i fylkestinget er sett til 3 minuttar. Det er høve til 3 replikkar til kvart innlegg på 1 min, samt svarreplikk på 1 min pr. replikk.

I større saker, for eksempel budsjettbehandling kan fylkesordføraren fastsetja ei anna ordning for taletid, dersom ikkje fylkestinget set seg imot. Dette må takast opp før ordskiftet tek til.

7. Klage

For enkeltvedtak gjort av fylkestinget er departementet klageinstans, jfr. forvaltningslova § 28.

Reglement for fylkesutvalet

Fylkesutvalet har det daglege samordningsansvaret for planlegging og økonomiforvaltning innan fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

Det har eit særskilt ansvar for regional planstrategi og vedtek oppstart av regional plan.

Fylkesutvalet har ansvar for planlegging over fylkesgrenser og gir fråsegn til planar frå andre fylke.

Som samordningsorgan har det eit særskilt ansvar for områda likestilling, demokrati og samarbeid.

Fylkesutvalet har ansvar for næringspolitiske saker og saker som gjeld regional utvikling. Fylkesutvalet har ansvar for enkeltsaker som gjeld fylkeskommunen si daglege drift så langt dei ikkje er lagt til anna organ.

Fylkesutvalet skal til ei kvar tid ta omsyn til heilskapen i den fylkeskommunale verksemda.

1. Samansetting

Fylkesutvalet har 15 medlemmer med varamedlemmer, valde i samsvar med kommunelova § 8.

2. Oppgåver

2.1. Saker der utvalet tek avgjerd

Enkeltsaker som ikkje er lagt til andre organ på følgjande område:

2.1.1. Økonomi

Sjå eige delegasjonsreglement for økonomiske saker.

Bygg- og eigedomsforvaltning

- sal og kjøp av eigedomar opp til eit beløp på 5 mill. kr
- sal og kjøp av aksjar innanfor ei ramme på 2 mill. kr. Salsutbyttet vert å setja av til ubundne fond. Rammene gjeld for det enkelte kjøpet/salet
- fastsetjing av satsar for utleige av fylkeskommunale skulebygg etter innstilling frå utval for opplæring og helse
- inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller tomtar (ubebygd areal), som er av langsiktig (10 år eller meir) eller vesentleg (2 mill. i årleg leige) verdi. Jfr. Delegasjon til fylkesrådmannen pkt. 1.2. Bygg- og eigedomsforvaltning

Utrangering, riving av bygning o.l.

- utrangering av bygningar
- alternativ bruk/utleige av utrangerte bygg
- riving av bygg

2.1.2. Personalforvaltning

- godkjenning av tingingar/drøftingar for fylkesrådmannen
- tilsetjing av fylkesrådmannen sin faste avløyssar og fastsetjing av løn til vedkomande
- tilsetjing i stilling som rådgjevar for politisk leiing, etter innstilling frå fylkesordføraren

2.1.3. Gjeremål fastsett i særlov

Sjå eige reglement om delegasjon etter særlov og delegasjonsvedtak frå statlege styresmakter.

2.1.4. Utanrettslege pengekrav

Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp over kr 1 000 000,-.

2.1.5. Tilskot til og fordeling av midlar til næringsføremål

- tilskotssaker vedkomande regional næringsutvikling
- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som gjeld næringsføremål

2.1.6 Oppnemning til generalforsamlingar/årsmøte/styrande organ i selskap, stiftingar o.l.

Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar møter for fylkeskommunen på årsmøte og generalforsamlingar. Fylkesordføraren har likevel mynde til å gi andre fullmakt til å representera fylkeskommunen i generalforsamlingar/årsmøte. Dette gjeld også for aksjeselskap der fylkeskommunen er einaste aksjonær.

Oppnemning av representantar til styrande organ i selskap, stiftingar o.l. når avgjerda ikkje kan venta til fylkestinget er samla.

2.1.7. Andre oppgåver

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker som ikkje ved lov, forskrift eller delegasjonsvedtak er lagt til anna organ.

2.2. Saker der utvalet gjev tilråding

Fylkesutvalet gjev innstilling i alle saker som fylkestinget skal avgjera, med unntak av saker som utvala innstiller i direkte til fylkestinget, saker der valnemnda innstiller og saker frå kontrollutvalet.

2.3. Mynde som underinstans

Fylkesutvalet er underinstans ved klage på vedtak gjort i medhald av delegasjon frå statleg organ når statleg organ er klageinstans.

3. Avgjerd i hastesaker

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget, når det er naudsynt å treffa vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalla dette, jfr. kommunelova § 13.

4. Fullmakt til fylkesordføraren

I dei sommarvekene fylkesutvalet ikkje har møte, har fylkesordføraren fullmakt til å gjera vedtak på vegner av fylkesutvalet i saker som ikkje er av prinsipiell rekkevidd.

Melding om vedtak gjort etter slik fullmakt vert å leggja fram for fylkesutvalet i første møte etter ferien.

5. Reglar for saksbehandling

For fylkesutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

Fellesreglement for utvala

Utvala nemnde under skal innanfor kvar sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkkutforming for fylkeskommunen som regionalpolitisk pådrivar og samordnar, og for fylkeskommunen si eiga verksemd og tenesteproduksjon. Utvala skal gjera endeleg vedtak i enkelt saker etter nærare delegasjon fastsett i reglement og vedtak.

1. Utval. Samansetjing

Det er tre utval med kvar sine ansvarsområde:

Kultur, idrett og regional utvikling
Opplæring og helse/sosial/folkehelse
Miljø og samferdsel

Namn. Medlemstal

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har 13 medlemmer
Utval for opplæring og helse har 15 medlemmer
Utval for miljø og samferdsel 15 medlemmer

Medlemmer og varamedlemmer vert valde av fylkestinget, som og vel leiar og nestleiar. Medlemene og varamedlemene bør veljast mellom fylkestinget sine medlemmer og varamedlemmer.

2. Arbeidsform i utvala

I saker som gjeld fleire utval sitt ansvarsområde, skal sak leggjast fram for alle dei aktuelle fagutvala for tilråding.

Når ei sak femner om fleire utval sitt arbeidsområde og det er viktig at eit utval har hovudansvaret, avgjer fylkesordføraren i samråd med utvalsleiarane kva utval som skal ha hovudansvar for saka.

I utgreiingsfasen av ei sak kan utvalet leggja saker direkte fram for fylkestinget til drøfting for å få innspel.

I viktige saker innan politikkkutforming kan utvala bruka opne høyringar som arbeidsform.

3. Saksordførar

Fylkestinget oppnemner saksordførar for saker som vert lagde fram for fylkestinget og for saker som etter delegasjon vert avgjorde av fylkesutvalet når det ut frå sakstype er føremålstenleg å ha saksordførar.

Saksordføraren skal følgja saka gjennom heile prosessen, også ved handsaminga i fylkesutvalet.

Saksordføraren har samordningsansvar dersom saka omfattar fleire utval sitt arbeidsområde. Nærare kriterium for saksordførarordninga går fram av Retningsliner for saksordførarordninga, vedteke av fylkestinget 24.03.99 (sak 25/1999).

4. Saksbehandling

For utvala gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

5. Fråsegner

Fråsegner på vegner av Hordaland fylkeskommune vert å leggja fram for fylkestinget/fylkesutvalet. Utvalet kan gje sjølvstendige fråsegner innan sitt saksfelt.

Reglement for utval for kultur, idrett og regional utvikling

1. Oppgåver

Utval for kultur, idrett og regional utvikling skal innan sitt saksområde arbeida med:

I. Regionalpolitikk

- regionalplan
- oppfølging av regionalplan
- ordningar/tiltak innan ulike område
- regionalutvikling gjennom uttale til sentrale styringsdokument
- ansvaret for å ivareta regionale planar i kommunale arealplanar

II. Fylkeskommunen si eiga verksemd

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjetttrammer
- resultatvurdering

2. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- oppstart av temaplan innan eige ansvarsområde
- årleg rapport om gjennomføring av planar innan eige ansvarsområde
- fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar

3. Saker der utvalet gjev tilråding

- planleggings- og økonomisaker innan sitt ansvarsområde
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde
- ansvaret for å ivareta regionale planar i kommunale arealplanar

Reglement for utval for miljø og samferdsel

Utval for miljø og samferdsel skal ha eit overordna ansvar for miljø saker.

1. Oppgåver

Utval for miljø og samferdsel skal innan sitt saksområde arbeida med:

I. Regionalpolitikk

- regionalplan
- oppfølging av regionalplan
- ordningar/tiltak innan ulike område
- regionalutvikling gjennom uttale til sentrale styringsdokument

II. Fylkeskommunen si eiga verksemd

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjettrammer
- resultatvurdering

2. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- oppstart av temaplan innan eige ansvarsområde
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar

3. Saker der utvalet gjev tilråding

- planleggings- og økonomisaker innan sitt ansvarsområde
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

Reglement for utval for opplæring og helse

1. Oppgåver

Utval for opplæring og helse skal innan sitt saksområde arbeida med:

I. Regionalpolitikk

- regionalplan
- oppfølging av regionalplan
- ordningar/tiltak innan ulike område
- regionalutvikling gjennom uttale til sentrale styringsdokument

II. Fylkeskommunen si eiga verksemd

- utforming av mål for verksemda og prioriteringar for tenestetilbodet sett i høve til økonomiske føresetnader og kvalitetskrav, og kopla opp mot regionalpolitikken
- retningslinjer for tenestetilbodet og drifta
- økonomiplan / årsbudsjett
- endring av budsjetttrammer
- resultatvurdering

2. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta og som ikkje gjeld næringsføremål
- fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar som ikkje gjeld næringsføremål
- saker etter fullmakt fastsett i reglement for delegasjon etter særlov
- saker som overordna organ delegerer til utvalet
- tildeling av fylkeskommunale prisar relatert til saksområdet
- fordeling av midlar til ombygging av fylkeskommunale bygg innanfor gitte rammer
- fordeling av løyvingar til større undervisningsutstyr
- oppstart av temaplan innan eige ansvarsområde
- årleg rapport om gjennomføring planar innan eige ansvarsområde
- fråsegn om regionale interesser i kommunale planar innan sitt fagansvar

3. Saker der utvalet gjev tilråding

- planleggings- og økonomisaker innan sitt ansvarsområde
- saker der fylkesutvalet tek avgjerd etter innstilling frå utvala i samsvar med reglement for delegasjon etter særlov
- gje innstilling om vedtak av planprogram innan sitt ansvarsområde
- utarbeide/styre og fylgja opp regionale planar innan sitt ansvarsområde
- gje innstilling om høyringsforslag og endeleg plan innan eige ansvarsområde
- gje innstilling om revidert handlingsprogram innan eige ansvarsområde

Reglement for administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet sitt arbeidsområde er saker som gjeld tilsetjings- og arbeidsvilkår for dei tilsette i fylkeskommunen. Utvalet skal handsama saker som gjeld tilhøvet mellom fylkeskommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette.

Arbeidsgjevar og dei tilsette sine representantar kan avtala at slike saker skal behandlast på annan måte, jfr. kommunelova § 25 nr. 1.

1. Samansetjing

Administrasjonsutvalet har 9 medlemmer, 5 representantar for arbeidsgjevar og 4 representantar for dei tilsette.

Arbeidsgjevarrepresentantane med varamedlemer er medlemmer og varamedlemer i fylkesutvalet. 4 medlemmer med personlege varamedlemer vert valde av og blant dei tilsette.

Leiar og nestleiar av administrasjonsutvalet vert valde av fylkestinget. Fylkesordførar eller fylkesvaraordførar kan veljast som leiar.

2. Oppgåver

a. Saker der utvalet har avgjerdsmynde

- personalforvaltning og organisasjonsutvikling så langt det ikkje er lagt til andre
- tolking og praktisering av avtaler og reglement som vedkjem arbeidstakarane sine løns- og arbeidsvilkår
- spørsmål om helse, miljø og tryggleik (HMT)
- saker som overordna organ delegerer til administrasjonsutvalet

b. Saker der utvalet gjev tilråding

- rasjonaliserings- og effektiviseringstiltak
- reglement som gjeld tilsette i fylkeskommunen
- andre spørsmål som overordna organ legg fram for administrasjonsutvalet

c. Andre oppgåver

Saker som etter hovudavtalen er lagt til administrasjonsutvalet.

3. Saksbehandling

For administrasjonsutvalet gjeld Reglement for saksbehandling.

4. Lønsutval

Arbeidsgjevarrepresentantane i administrasjonsutvalet er lønsutval.

Lønsutvalet fastset retningslinjer og prioriteringar i høve lokale normerings- og justeringstingingar for stillingar der fylkesrådmannen har tilsetjingsmynde, og godkjenner sentralt fastsette tariffavtalar.

Reglement for klagenemnda

Klagenemnda er eit fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 28, 2. ledd, og er klageinstans for enkeltvedtak som er treft av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova). Dette gjeld likevel ikkje vedtak gjort av fylkestinget.

1. Samansetjing

Klagenemnda har 5 medlemmer med varamedlemmer valde av fylkestinget. Fylkestinget vel leiar og nestleiar. Av habilitetsomsyn bør ikkje medlemmer i fylkesutvalet og utval med avgjerdsmynde i enkeltsaker veljast til klagenemnda.

2. Oppgåver

Klagenemnda tek avgjerd i saker om klage på enkeltvedtak gjort av fylkeskommunalt organ oppretta i medhald av kommunelova, med unntak av fylkestinget.

Klagenemnda tek og avgjerd i andre saker der det i lov eller forskrift er fastsett at fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans, og fylkestinget ikkje har lagt dette til andre.

3. Saksførebuing

Saksførebuinga skal gjerast i samsvar med reglane i forvaltningslova kapittel VI jfr. kapittel IV og V.

4. Saksbehandling

For klagenemnda gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

5. Klagenemnda sin kompetanse. Grunngeving. Omgjering

Kompetanse

Klagenemnda sin kompetanse går fram av forvaltningslova § 34.

Det påklaga vedtaket kan avisast, stadfestast, opphevast eller endrast på dei vilkåra som går fram av lova.

Grunngeving

Klagenemnda sitt vedtak skal grunnjevast, jfr. forvaltningslova § 24. Unntak frå plikta til å grunnjeve vedtaket går fram av lova § 24, 3. ledd.

Gjer klagenemnda vedtak i samsvar med forslag til vedtak frå administrasjonen, er administrasjonen si grunngeving også fleirtalet si grunngeving. Tilsvarande gjeld dersom det i møtet er sett fram andre forslag til vedtak med grunngeving.

Dersom heile eller deler av fleirtalet ikkje kan slutta seg til grunngevinga frå administrasjonen, eller frå forslagsstillaren, får dei som har røysta for fleirtalsforslaget men ønskjer å gje særgrunngeving for si røysting, ein kort frist i møtet til å koma med skriftleg røysteforklaring. Dei som ikkje gjev slik røysteforklaring, vert rekna å ha slutta seg til administrasjonen, eller forslagsstillaren, si grunngeving.

Er skriftleg forslag til grunngeving ikkje lagt fram i møtet, får den eller dei som har sett fram det forslaget som vart vedteke, ein kort frist i møtet til å utforma ei skriftleg grunngeving basert på dei synspunkta som vart framførde under handsaminga av saka. Dei andre medlemene som har røysta for vedtaket, får deretter ein ganske kort frist til å koma med eventuelle særmerknader til den grunngevinga som er gjeve, også dette basert på synspunkt formulert i møtet.

Medlemer som ikkje har røysta for det forslaget som vart klagenemnda sitt vedtak, har ikkje grunngevingsplikt. Dei kan likevel koma med skriftlege røysteforklaringar eller protokolltilføringar dersom dei varslar om dette i møtet og gjer greie for kva slik røysteforklaring vil innehalda.

Omgjering

Klagenemnda kan av eige tiltak gjera om vedtaket sitt i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

Reglement for kontrollutvalet

Som reglement for kontrollutvalet gjeld forskrift fastsett av Kommunal- og regionaldepartementet 15. juni 2004 med heimel i lov av 25. september 1992 nr.107 om kommunar og fylkeskommunar.

1. Samansetjing

Kontrollutvalet skal ha 5 medlemer med varamedlemer valde av fylkestinget. 3 medlemer med varamedlemer bør veljast blant fylkestinget sine medlemer og varamedlemer, 2 medlemer med varamedlemer bør veljast utanom fylkestinget sine medlemer og varamedlemer. Leiar og nestleiar bør veljast blant fylkestinget sine medlemer. Leiaren skal veljast blant medlemer frå opposisjonspartia.

Minst eit av utvalet sine medlemmer skal veljast blant fylkestinget sine medlemmer, jfr. kommunelova § 77.

2. Saksbehandling

For kontrollutvalet gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

Reglement for fylkesvalstyret

Fylkesvalstyret vert vald med heimel i Lov om valg til Stortinget, fylkesting og kommunestyre (vallova).

1. Samansetjing

Fylkesvalstyret sine medlemer og varamedlemer er medlemene og varamedlemene i fylkesutvalet. Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

2. Oppgåver

Fylkesvalstyret sine oppgåver går fram av Lov om valg til fylkesting og kommunestyre (vallova) med forskrifter.

3. Saksbehandling

For fylkesvalstyret gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

Reglement for saksbehandling

Reglementet gjeld for folkevalde organ så langt fylkestinget ikkje har vedteke noko anna. Fellesnemninga som er nytta i reglementet, er folkevalde organ eller berre organ.

1. Målform

Innkallingar, saklister, saksførelegg og møteprotokollar skal vera på nynorsk.

2. Inhabilitet

Medlemer i folkevalde organ er inhabile etter reglane i Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova) § 40 og Lov om behandlingssåten i forvaltningsaker (forvaltningslova) kap. 2.

Den som etter lov eller etter vedtak i folkevalde organ er å sjå som inhabil, tek ikkje del i behandlinga av den aktuelle saka.

I kollegiale organ er det organet sjølv som avgjer om den folkevalde er inhabil.

Medlemmene bør vurderer sin eigen habilitet, og varsler om dette til administrasjonen så tidleg som mogeleg om det vil eller kan verta fremja spørsmål om habilitet i ei sak på saklista.

3. Teieplikt

Folkevalde har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13 og særlover. Dei same reglane gjeld for andre som tek del i møtet. Dokument med opplysningar det er teieplikt om, skal leverast attende til sekretariatet eller makulerast.

4. Tolking av reglement

Dersom det oppstår tvilsspørsmål med omsyn til tolking av saksbehandlingsreglement for folkevalde organ, skal fylkesrådmannen gje ei grunngjeven tolking. Vert spørsmålet ikkje løyst på denne måten, vert saka å leggja fram for fylkesutvalet for avgjerd.

Gjeld tolkingstvilen kontrollutvalet, fylkesvalstyret, klagenemnda, utvala, fylkesutvalet eller fylkestinget sitt reglement, vert saka å leggja fram for fylkestinget.

Det skal leggjast fram rapport for fylkesutvalet minst ein gong i året om alle saker der det har vore reist spørsmål om tolking av reglementa.

5. Møteprinsippet

Folkevalde organ gjer vedtaka sine i møte, jfr. § 30 i kommunelova.

Organet sjølv fastset møtetidspunkt og møtestad. Møtetidspunkt og møtestad for fylkestinget kan likevel fastsetjast av fylkesutvalet. Fylkesutvalet behandlar møteplan for året for fylkestinget, fylkesutvalet, utvala, administrasjonsutvalet og fylkesvalstyret.

Fjernmøte og skriftleg saksbehandling kan nyttast på nærare gitte vilkår som går fram av Forskrift om fjernmøter og skriftlig saksbehandling, fastsett av Kommunal- og arbeidsdepartementet 13. januar 1993.

6. Opne møte

Møte i folkevalde organ skal haldast for opne dører, jfr. § 31 i kommunelova. Møte i folkevalde organ skal vera offentleg tilgjengelege for ålmenta.

Når det ligg føre teieplikt fastsett i lov skal møtet gå for stengde dører, jfr. kommunelova § 31 nr. 2.

Organet kan vedta å lukka møtet når omsynet til personvern krev det, eller når omsynet til tungtvegande offentlege interesser tilseier dette, jfr. § 31 nr. 4 og 5 i kommunelova.

Saker som gjeld ein arbeidstakar sine tenesteforhold skal behandlast for lukka dører, jfr. kommunelova § 31 nr. 3.

Administrasjonen sine dokument/saksframstillingar til fylkesutvalet om årsbudsjett og økonomiplan er offentlege frå same tidspunkt som dei vert sende fylkesutvalet.

7. Møteprotokoll

Det skal førast møteprotokoll frå møte i folkevalde organ, jfr. § 30 i kommunelova. Av møteprotokollen skal det gå fram

- tid og stad for møtet og når møtet var slutt
- kven som var til stades og kven som var fråverande
- kva saker som var lagt fram
- eventuelle partar sine nye opplysningar i ei sak
- alle forslag som er sette fram i ei sak
- vedtaka i sakene som vart handsama med opplysning om røystetal
- protokolltilføringar frå medlemmer og andre som har møterett, når vedkomande krev det
- spørsmål og interpellasjonar i fylkestinget, og forslag og vedtak med røystetal i samband med dette
- vedtak om at møtet skal haldast for lukka dører med heimel for lukking
- vedtak om at ein medlem i organet er inhabil.

Det folkevalde organet godkjenner møteprotokollen på den måten organet fastset.

8. Sekretariat. Saksførebuing. Fylkesrådmannen si rolle i møtet

Fylkesrådmannen avgjer til ei kvar tid kven som skal ha sekretariatsfunksjon for dei ulike folkevalde organa der ikkje anna følgjer av lov eller forskrift.

Fylkesrådmannen skal syta for at sakene er forsvarleg utgreidde og at dei inneheld forslag til innstilling eller vedtak. Sak med forslag til enkeltvedtak må innehalda grunngjeving i samsvar med reglane i forvaltningslova.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i alle folkevalde organ unnateke kontrollutvalet. Han kan la seg representera ved andre tilsette.

Fylkesrådmannen skal syta for at vedtak gjort av folkevalde organ vert gjort kjende og/eller sette i verk, og at dei vilkåra, påboda og reglane som organet fastset, vert følgde.

9. Innkalling. Sakliste

Innkalling og saksførelegg til møte i folkevalde organ skal som hovudregel sendast medlemene med høveleg varsel, minimum 7 dagar før møtedato, jfr. § 32 nr. 2 i kommunelova.

Møte som vert haldne for opne dører, skal kunngjerast.

Leiaren i folkevalde organ set opp sakliste, jfr. § 32 nr. 2 i kommunelova.

Sakliste for møtet og saksdokument i saker som er offentlege, skal vera ålment tilgjengelege.

10. Forfall

Medlem som har lovleg forfall, skal straks melda frå til sekretariatet for organet og til fraksjonsleiar/ gruppeleiar. Sekretæren for organet kallar inn varamedlem. Det same vert gjort når ein er kjend med at nokon er inhabil i ei sak som skal behandlast. Administrasjonen informerer fraksjonsleiar/gruppeleiar om kva varamedlem som møter.

Medlemene har sjølv ansvar for å melda seg inhabile og ta spørsmålet opp i god tid på førehand av møtet, slik at det vert tid til å vurdera problemstillinga og eventuelt kalla inn varamedlem.

Den som har lovleg forfall til å gå frå møtet, melder straks frå til møteleiaren. Varamedlem som er til stades, går inn i staden for medlemen med forfall. Dersom eit medlem møter etter at møtet er sett, skal varamedlem delta til organet har gjort seg ferdig med saka det var byrja på då medlemet møtte.

11. Vedtaksført organ

Folkevalde organ er vedtaksføre når minst halvparten av medlemene er til stades, jfr. § 33 i kommunelova.

12. Opning

Ved opning av møtet vert medlemene ropte opp eller registrerte på annan måte som møteleiaren finn høveleg. Er det lovlege minstetalet, – etter kommunelova § 33 minst halvparten – til stades, seier møteleiaren møtet for sett.

Medlemer som møter etter at oppropet/registreringa er ferdig, eller går frå møtet før det er slutt, melder seg for møteleiaren.

Dersom det i samband med namneopporet/namneregistreringa kjem motmæle mot nokon sin rett til å ta del i forhandlingane, eller det er tvil om medlemet/-ene har gyldig forfall, gjer organet først vedtak om dette.

13. Behandling av saker

Sakene skal behandlast i den rekkefølga som går fram av innkallinga. Organet kan vedta ei anna rekkefølge. Er ei sak teken opp til behandling, kan møtet ikkje hevast før saka er avgjort ved røysting, eller organet vedtek å utsetja saka.

Etter kommunelova § 34 kan organet med simpelt fleirtal vedta å utsetja realitetsbehandling av ei sak på den utsende saklista.

Organet kan og gjera vedtak i sak som ikkje er ført opp på saklista, dersom ikkje møteleiar eller 1/3 av dei frammøtte medlemene set seg i mot.

Når det vert sett fram forslag til vedtak i ei sak som ikkje står på saklista, må ein først vedta at saka skal setjast på sakskartet og verta realitetsbehandla før ein kan røysta over forslaget.

14. Ordskifte. Taletid. Møteleiar si deltaking

Møteleiaren les opp nummer og tittel på den enkelte saka på saklista og viser til forslag til vedtak i tilrådinga. Møteleiaren kan og gjera greie for saka så langt det er nødvendig.

Før ordskiftet i ei sak tek til – og under ordskiftet – kan møteleiar ta avgjerd om å korta av på taletida til eit bestemt tidsrom for kvart innlegg, med mindre organet vedtek noko anna. Møteleiar tek avgjerd om å slutta av ordskiftet i ei sak med mindre utvalet vedtek noko anna. Sjå eigne reglar for taletid og replikkar i fylkestinget, jfr. Reglement for fylkestinget pkt. 6.

Talarane får ordet i den rekkefølga dei ber om det. Ber fleire om ordet samstundes, avgjer møteleiaren rekkefølga. Utanom denne rekkefølga kan møteleiaren i fylkestinget eller fylkesutvalet gje ordet til fylkesrådmannen eller den som fylkesrådmannen peikar ut, til å gje informasjon. I andre organ gjeld dette tilsvarende for den som møter på vegner av fylkesrådmannen eller den som den møtande peikar ut. Den som får ordet, vender seg til møteleiaren.

Møteleiaren kan gje høve til replikkordskifte i tilknytning til innlegget frå siste talar, og møteleiar fastset tidsgrenser for slikt ordskifte.

Vil møteleiaren vera med i ordskiftet om ei sak, og det ikkje gjeld korte merknader, bør møteleiaren overlata møtestyringa til nestleiar eller eit anna medlem.

Møteleiaren skal sjå til at møtet finn stad i ordna former. Møteleiaren har mynde til å åtvare medlemmer eller andre frammøtte som uroar møtet. Møteleiaren kan og la organet avgjera ved røysting om nokon som uroar, skal stengjast ute frå resten av møtet.

Materiell, teikningar, plakatar eller liknande må ikkje takast med inn i eller delast ut i møtelokalet eller i tilstøytande rom utan at møteleiaren, eller i tilfelle organet samtykkjer til dette.

15. Forslag

Forslag kan ikkje setjast fram av andre enn organet sine medlemmer med mindre det ligg føre lovleg heimel. Forslag skal vera skriftlege. Det skal gå fram kven som står bak forslaget.

Forslaget kan også vera munnleg dersom det går ut på å utsetja saka som er til handsaming.

16. Røysting

Når ordskiftet er slutt, skal saka takast opp til røysting.

a) Røysterett og -plikt. Rekkefølge

Møteleiaren varslar dei som er utanfor sjølve møtesalen. Medlemene har rett og plikt til å røysta. Er ein medlem fråverande frå salen når saka vert teken opp til røysting, har medlemmen ikkje røysterett.

Organet avgjer, etter forslag frå møteleiaren, rekkefølga av røystingane der saka er delt opp eller det er sett fram fleire forslag.

b) Prøverøysting

Før den endelege røystinga i ei sak, kan organet halda prøverøysting som ikkje er bindande.

c) Røystemåte

Røystingane går føre seg på ein av desse måtane:

1. Ved stilltiande godkjenning.
2. Ved at møteleiaren oppmodar dei som er imot eit forslag, om å reisa seg eller rekkja opp handa.

Når møteleiaren fastset det, eller ein medlem krev det, held organet kontrarøysting på den måten at dei som røyster for forslaget, reiser seg eller rekkjer opp handa.

3. Ved val og tilsetjing kan kvar einskild medlem krevja skriftleg røysting.

d) Vedtak

Vedtak vert gjort med simpelt fleirtal av røystene som er gjevne, dersom ikkje anna følgjer av reglane i kommunelova, jfr. §§ 33 - 36. Ved likt røystetal i andre saker enn val, er møteleiari si røyst avgjerande.

17. Oversendingsforslag

Oversendingsforslag er forslag som det ikkje er ønske om å realitetshandsama i møtet, men som ein likevel ønskjer å få vurdert av enten eit anna utval/nivå eller av administrasjonen. Det vert røysta over om forslaget skal oversendast utan realitetsbehandling. Dersom det ikkje vert fleirtal for dette, vert forslaget ikkje oversendt.

Mottakar av forslaget avgjer korleis det skal følgjast opp.

Oversendingsforslag til politiske organ (t.d. frå fylkestinget til utval for miljø og samferdsel):
Fylkesrådmannen lagar melding til utvalet der forslaget er referert. Vidare arbeid er avhengig av positiv avgjerd i utvalet.

Oversendingsforslag til fylkesrådmannen:
Fylkesrådmannen vurderer forslaget og gir tilbakemelding i form av melding eller sak til organet som har oversendt forslaget.

18. Ny behandling av avgjort sak

Når ei sak er avgjort, må ikkje organet ta saka opp att i same møtet om det ikkje seinare er kome nye opplysningar eller endra forhold.

19. Spørsmål

Kvar medlem av organet kan stilla spørsmål til møteleiaren også om saker som ikkje er nemnde i innkallinga, jfr. § 34 i kommunelova.

Spørsmål bør meldast skriftleg til møteleiari seinast kl. 09.00 to dagar før møtet i organet. Dersom spørsmålet er av særskilt omfattande karakter, kan det bli naudsynt å utsetja svaret til påfølgjande møte. I slike tilfelle skal organet orienterast om dette.

Møteleiaren kan be andre svara på spørsmålet.

Om spørsmål og interpellasjonar (grunngeve spørsmål) til fylkestinget – sjå Reglement for fylkestinget.

20. Deputasjonar

Utsendingar frå interessegrupper som vil møta for folkevalde organ og uttala seg om ei sak, skal melda frå til leiaren seinast tre dagar før møtet.

Organet vedtek om det vil ta i mot utsendingane. Dersom utvalet tek i mot utsendingane, bør ein av utsendingane gjera kort greie for det saka gjeld og/eller gje skriftleg utgreiing.

21. Orienteringar

Informasjon/orienteringar om aktuelle tema kan setjast på dagsorden etter leiaren si avgjerd.

22. Partsinteresse

Partar i ei sak har ikkje rett til å uttala seg i organet med mindre organet vedtek noko anna.

23. Lovlegkontroll

Tre eller fleire medlemmer av fylkestinget kan saman krevja lovlegkontroll på vedtak gjort av folkevalde organ eller fylkeskommunal administrasjon, jfr. § 59 nr. 1 i kommunelova.

Fristen for å krevja kontroll er 3 veker frå det tidspunktet vedtaket vart gjort, jfr. Forskrift om tidsfrist for krav om lovlighetskontroll, fastsett av Kommunal- og arbeidsdepartementet den 13. januar 1993.

B. ANDRE ORGAN

Reglement for fylkeseldrerådet

Fylkeseldrerådet skal som regionalpolitisk pådrivar innan sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for eldre i Hordaland.

1. Samansetjing

Rådet har sju medlemmer oppnemnde av fylkestinget. Eit medlem med varamedlem vert vald mellom medlemene i utval for miljø og samferdsel og eit medlem med varamedlem mellom medlemene i utval for opplæring og helse. Fem medlemmer vert valde etter forslag frå fylkesomfattande pensjonistforeiningar.

Rådet peikar sjølv ut leiar og nestleiar, som skal veljast ut mellom pensjonistane.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. Fylkeseldrerådet kan innan sitt arbeidsområde

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for eldre
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for eldre knytt til fylkeskommunal verksemd

Fylkeseldrerådet kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Fylkeseldrerådet skal ikkje handsama saker som gjeld enkeltpersonar.

Årsmelding frå fylkeseldrerådet vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli.

b. Saker der fylkeseldrerådet har avgjerdsmynde

- saker som fylkeskommunale organ delegerer til fylkeseldrerådet

c. Saker der fylkeseldrerådet gjev tilråding

- saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for eldre

d. Fråsegner

- fylkeseldrerådet kan på vegner av rådet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ

3. Arbeidsform

Fylkeseldrerådet har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møte kvar i året.

4. Saksbehandling

For fylkeseldrerådet gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

Reglement for rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal som regionalpolitisk pådrivar innan sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikktutforming for menneske med nedsett funksjonsevne i Hordaland.

1. Samansetjing

Rådet har 7 medlemmer oppnemnde av fylkestinget. 3 medlemmer bør veljast mellom medlemene i utval for kultur, helse og regional utvikling, utval for opplæring og helse og utval for miljø og samferdsel med ein frå kvart utval. 4 medlemmer vert valde etter forslag frå organisasjonane som representerer menneske med nedsett funksjonsevne.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Rådet vert vald for den fylkeskommunale valperioden.

2. Oppgåver

a. Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan innan sitt arbeidsområde

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for menneske med nedsett funksjonsevne knytt til fylkeskommunal verksemd

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne skal ikkje handsama saker som gjeld enkeltpersonar.

Årsmelding frå rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli.

b. Saker der rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har avgjerdsmynde

- saker som fylkeskommunale organ delegerer til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne

c. Saker der rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjev tilråding

- saker til fylkeskommunal verksemd med verknad for menneske med nedsett funksjonsevne

d. Fråsegner

- rådet for menneske med nedsett funksjonsevne kan på vegner av rådet gje sjølvstendige fråsegner innan sitt arbeidsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ

3. Arbeidsform

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne har oppnemnd eit arbeidsutval som består av leiar og nestleiar. Rådet og arbeidsutvalet har seks ordinære møte kvar i året.

4. Saksbehandling

For rådet for menneske med nedsett funksjonsevne gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

Reglement for ungdommens fylkesting

Ungdommens fylkesting skal som regionalpolitisk pådrivar og samordnar innan sitt ansvarsområde arbeida med overordna politikkutforming for ungdom i Hordaland, og for ungdommens fylkesting si eiga verksemd. Ungdommens fylkesting, og deira underorgan ungdommens fylkesutval, skal gjera endeleg vedtak i enkeltsakar innan eigen organisasjon, og skal elles vera eit sjølvstendig og partipolitisk nøytralt rådgjevande organ for fylkeskommunen i saker som vedkjem ungdom.

1. Samansetjing

Ungdommens fylkesting har 66 medlemmer, med to representantar frå alle kommunale ungdomsråd i fylket. Dei kommunane som ikkje har ungdomsråd vel to representantar frå kommunen.

2. Oppgåver

a. Ungdommens fylkesting kan innan sitt arbeidsområde

- gi fråsegn til forslag til økonomiplan og årsbudsjett
- gi fråsegn til regionale planar med verknad for ungdom
- gi fråsegn til saker som fylkeskommunale organ legg fram
- gi råd i alle saker som gjeld levekår for ungdom knytt til fylkeskommunal verksemd
- arbeida for å utvikla eigen organisasjon og verksemd

Ungdommens fylkesting kan på eige initiativ ta opp saker som er relatert til fylkeskommunal verksemd.

Protokoll frå ungdommens fylkesting, og det nye handlingsprogrammet, vert lagt fram for fylkestinget innan 1. juli. Ungdommens fylkesutval skal godkjennast av fylkestinget.

Ungdommens fylkesting skal ikkje handsama saker som gjeld enkeltpersonar.

b. Saker der ungdommens fylkesting har avgjerdsmynde

- saker som fylkeskommunale organ delegerer til ungdommens fylkesting
- saker som gjeld eigen organisasjon, mellom anna planprogram, budsjett og val av ungdommens fylkesutval

c. Saker der ungdommens fylkesting gjev tilråding

- saker om fylkeskommunal verksemd med verknad for ungdom
- vedtekter for ungdommens fylkesting og ungdommens fylkesutval

d. Fråsegner

- ungdommens fylkesting kan gi sjølvstendige fråsegner innan sitt ansvarsområde, både til fylkeskommunale organ og eksterne organ

3. Arbeidsform

Ungdommens fylkesting har eitt møte i februar kvart år.

Ungdommens fylkesutval vert vald på ungdommens fylkesting og består av leiar, nestleiar og 5 medlemmer, samt fem varamedlemer. Ungdommens fylkesutval er eit utførande organ og skal jobba med ungdommens planprogram som vert vedteke på ungdommens fylkesting. Ungdommens fylkesting fastset vedtektene som styrer både ungdommens fylkesting og ungdommens fylkesutval, vedtek budsjettet og godkjenner rekneskapen.

Ungdommens fylkesutval har møte kvar månad.

Hordaland fylkeskommune sitt ansvar er å:

- leggja fram saker som gjeld levekår for ungdom og som kan ha innverknad på desse for ungdommens fylkesting i god tid før dei skal avgjerast
- auka kompetansen til ungdommens fylkesting innan lokaldemokratiet
- auka kompetansen til ungdommens fylkesting i samband med administrative og politiske prosessar.
- oppnemna ein politisk kontaktperson til ungdommens fylkesting.

4. Saksbehandling

For ungdommens fylkesting gjeld Reglement for saksbehandling så langt det passar.

C. DELEGASJON TIL FYLKESRÅDMANNEN

Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd i følgjande saker:

1. Økonomi

1.1. Sjå eige delegasjonsreglement for økonomiske saker

1.2. Bygg- og eigedomsforvaltning

Bygging

- gjennomføring av fylkeskommunale byggeprosjekt og tilsyn med at dette vert gjort i samsvar med vedtekne føresetnader og fastlagd rutine
- val av rådgjevar, entreprenør og leverandør

Forvaltning, drift og vedlikehald

- inngå avtaler om leige og utleige av bygg, bustader, lokale eller tomtar (ubebygde areal), som ikkje er av langsiktig (10 år eller meir) eller vesentleg (2 mill. i årleg leige) verdi
- erstatningssaker innanfor fylkeskommunen sitt forsikringsfond
- fordeling av løyvingar til ekstraordinært vedlikehald av bygningsmassen
- fordeling av rammeløyvingar til ombyggingsarbeid

- godkjenne utrangering, kassasjon og avhending av inventar og utstyr når det er dokumentert at det ikkje kan gjerast nytte av det
- val av leverandør ved utstyrskjøp og kjøp av tenester

Andre oppgåver

- tilsynsansvar for fylkeskommunen sin bygningsmasse
- forsikringsordningar for fylkeskommunale bygg og utstyr
- mindre grunnavståing og/eller arrondering av liten verdi

1.3. Samferdsel

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra tilbodsevaluering, tildela og inngå buss-, bybane-, snøggått og ferjekontraktar i dei tilfella kor fylkestinget eller fylkesutvalet har vedteke at anbudsform skal nyttast, jf. yrkestransportlova § 8, under føresetnad av at kontraktsverdi/kostnadsramme ikkje medfører vesentleg kostnadsauke.

2. Personalforvaltning

- 2.1 Oppretting, nedlegging og omgjering av stillingar innanfor vedteke budsjett med unntak for stillingar i sekretariatet for kontrollutvalet.
- 2.2 Omplassering av personale innan og mellom fylkeskommunale einingar, med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet. For personalet i sekretariatet for kontrollutvalet skjer omplassering i samarbeid mellom fylkesrådmannen og kontrollutvalet.
- 2.3 Overføring av overtallig personale innan og mellom fylkeskommunale einingar, med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet. For personalet i sekretariatet for kontrollutvalet skjer overføring i samarbeid mellom fylkesrådmannen og kontrollutvalet.
- 2.4 Søknader om redusert arbeidstid med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet.
- 2.5 Alle tilsetjingar med unntak av fylkesrådmannen sin faste avløyser, og sekretariatet for kontrollutvalet, jfr. kommunelova § 77 nr.10 og Forskrift om kontrollutval § 20.
- 2.6 Oppseiing, suspensjon og avskil for tilsetjingar under punkt 2.5.
- 2.7 Søknader om permisjon med unntak for sekretariatet for kontrollutvalet.
- 2.8 Lønnsfastsetjing etter tingingar/drøftingar med arbeidstakarorganisasjonane, jfr. hovudavtalen, der fylkesrådmannen har tilsetjingsmynde, jfr. pkt. 2.5.
- 2.9 Fylkesrådmannen har det totale personalansvar, og tek avgjerd i alle saker elles som ikkje er lagt til anna organ.
- 2.10 Fullmakt til å tilsetja, seia opp, suspendera, gi avskil og fastsetja løna til toppleiarane kan ikkje delegerast vidare.

3. Gjeremål fastsett i særlov

Fullmakter fastsette i reglement om delegasjon etter særlov.

4. Utanrettslege pengekrav

Betaling av pengekrav, inkludert erstatning, og ettergjeving av fylkeskommunale krav i enkeltsaker for beløp under kr 1 000 000,-, og avslag på krav om betaling.

5. Underskriftsfullmakter

Fylkesrådmannen skriv under avtalar/kontraktar som fell inn under eige ansvarsområde.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å underskriva på vegner av fylkeskommunen alle avtalar/kontraktar som har grunnlag i vedtak fatta i fylkeskommunale organ.

6. Mynde som underinstans

Der fylkesrådmannen har fått delegert mynde til å gjera vedtak, har fylkesrådmannen og mynde som underinstans i klagesaker med unntak for saker nemnd i Reglement for fylkesutvalet pkt. 2.3.

7. Fullmakt til å handtere ein krisesituasjon

Fylkesrådmannen har dei nødvendige fullmaktene til å handtera ein krisesituasjon. Etter at krisa er over, vert det lagt fram ei sak til politiske organ der det vert gjort greie for tiltaka som vart sette i verk og dei økonomiske følgjene av krisehandteringa.

8. Bruk av fullmakt

Melding om korleis delegert fullmakt er nytta i større og vesentlege saker skal gjevast til fylkesutvalet etter kvart.

D. DELEGASJON ETTER SÆRLOV

Fylkeskommunen sitt mynde etter særlover vert delegert slik:

1. Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr. 1

§§ 4 og 32 jfr. § 48

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja skjønn, overskjønn eller takst.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å engasjera juridisk bistand.

§ 14

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå valnemnda, å nemna opp skjønnsmannsutval.

2. Lov om erverv av vannfall, bergverk og annen fast eiendom m.v. (industrikonsesjonsloven) av 14.12.1917 nr. 16

§ 24

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å gje uttale i saker om søknad om konsesjon.

3. Lov om vassdragsreguleringer av 14.12.1917 nr. 17

§ 6

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å gje fråsegn i saker om vassdragsregulering, under dette også konsesjonssøknader.

§ 11

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å disponera midlar opparbeidde i vassdragsreguleringsfondet.

4. Lov om tilsyn med elektriske anlegg og elektrisk utstyr av 24.05.1929 nr. 4 med forskrifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

5. Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr. 2

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja tinglyst dokument som gjeld grunnverv til fylkesveganlegg.

6. Lov om friluftslivet av 28.06.1957 nr. 16

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å opptre, klaga og i tilfelle reisa søksmål for å ivareta ålmenta sine interesser i alle saker av interesse for friluftslivet.

§ 24, 5. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å bringa inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter § 2 andre ledd, og §§ 15 og 16.

7. Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr. 3

§ 25

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om førehandstiltreding.

8. Lov om rettshøve mellom grannar av 16.06.1961 nr. 15

Fylkesrådmannen har fullmakt til å handla på vegner av fylkeskommunen i saker etter denne lova.

I saker med vesentlege kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigedomshavar og som offentlig planstyresmakt er det likevel fylkesutvalet som har fullmakt til å ta avgjerd.

9. Lov om vitenskapelig utforskning og undersøkelse etter og utnyttelse av andre undersjøiske naturforekomster enn petroleumsforekomster av 21.06.1963 nr. 12

§ 2, jfr. kgl.res. 13.03.1992

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å tildela konsesjon for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus.

10. Veglov av 21.06.1963 nr. 23

§ 3

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker om å ta opp fylkesveg, kommunal veg eller privat veg som riksveg.

§ 7

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå utval for miljø og samferdsel, å uttala seg om omgjerung av riksveg eller å gjera vedtak om nedlegging eller omgjerung av fylkesveg.

§ 8 jfr. § 7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å omdisponera mindre parsellar av fylkesveggrunn som er blitt til overs ved omleggingsarbeid m.v.

§ 9

Fylkesutvalet har mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar.

§ 29, 4. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til for særskilt strekning å setja byggegrensa til ein mindre avstand enn den som er nemnd i andre ledd, likevel ikkje mindre 15 meter.

§ 29, 5. ledd andre punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særskilde høve å fastsetja ei anna byggegrense for det einskilde krysset.

§ 30, 4. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å gi retningslinjer for plassering av skogsvirke ved fylkesveg.

§ 38

Fylkesutvalet har fullmakt til å leggja ned byggjeforbod i område for planlagt veg og forlenga fristen for når forbodet skal falla bort.

§ 44

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja at eigar eller brukar av grunn ved vegen skal flytta eller endra gjerdet mot vederlag.

§ 45

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja plassering av gjerde.

§ 47

Fylkesrådmannen har fullmakt til å syta for at gjerde blir flytta, rive, endra eller sett i stand når det er oppsett eller innretta i strid med det som er fastsett i eller med heimel i § 45.

§ 50

Fylkesrådmannen er vegstyresmakt etter denne paragrafen om eigedomsinngrep mot vederlag etter skjøn.

§ 57

Fylkesrådmannen er vegstyresmakt etter denne paragrafen om løyve til inngrep på eller nær eigedomsområdet til offentleg veg.

Klage

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker der det er klaga over vedtak gjort i medhald av veglova og der fylkeskommunen eller fylkeskommunalt organ er klageinstans.

Forskrifter

Forskrift om anlegg av offentlig veg av 29.03.2007 nr. 363

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgåver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegner av fylkeskommunen, med unntak av:

§ 3. Vegnormaler pkt. 4.

Utval for miljø og samferdsel har fullmakt til å fråvike vegnormalane når det gjeld «skal - krav»

Forskrift om minimum sikkerhetskrav til visse tunneler på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo (tunnelsikkerhetsforskrift for fylkesveg m.m.) av 2014-10-12 nr. 1566

Der forskrifta plasserer mynde eller oppgaver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegner av fylkeskommunen.

11. Lov om vegtrafikk (vegtrafikkloven) av 18.06.1965 nr. 4

§ 40 a.

Fylkestrafikksikringsutvalet har mynde til å tilrå og samordna tiltak for å fremja trafiktryggleiken i fylket.

Fylkestrafikksikringsutvalet skal ha uttalerett i trafikksikringssaker.

12. Lov om motorferdsel i utmark og vassdrag av 10.06.1977 nr. 82

§ 5

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å gje fråsegn til utkast til forskrift om landing og start med luftfartøy på bestemte stader i utmark og vassdrag, og om bruk av motorfartøy på innsjøar mindre enn 2 kvadratkilometer når det ligg føre særlege grunnar.

13. Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50

Jfr. Forskrift 09.02.1979 nr. 8785 om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminnelova og Forskrift 30.04.1990 nr. 351 om delegering av myndighet etter kulturminnelova.

§ 3, andre ledd første punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera at marka over eit automatisk freda kulturminne ikkje skal kunna nyttast til beite vidare.

§ 3, andre ledd andre punktum

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne.

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja sikringssone.

§ 8

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde i prøveprosjekt med delegasjon av mynde etter kulturminnelova § 8, første, andre og fjerde ledd i perioden 01.04.2011 - 31.12.2011 frå Miljøverndepartementet.

Fylkesrådmannen skal som førsteinstans handsama klage på vedtak gjort i medhald av dette.

§ 9 andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot planar om og be om fristforlenging.

§ 11

Fylkesrådmannen har fullmakt til å registrera og vedlikehalda m.v. automatisk freda kulturminne, med unntak for dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

§ 13

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot meldingar om funn av lause kulturminne.

§ 15a

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtak om freding og fredingsreglar som ikkje fører til vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

§ 17

Fylkesrådmannen har fullmakt til å undersøkje freda bygning som står i fare for å forfalla grunna manglande vedlikehald, og gje pålegg om istandsetjing ved forsømt vedlikehald av freda bygning, anlegg m.v og oppfølging av pålegg om istandsetjing med unntak av dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

§ 18 første ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding om freda bygning, anlegg m.v. som er skada ved brann eller liknande, og avgjera om denne skal setjast i stand eller gjenreisast med unntak av dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

§ 18 andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding når forsikringstilfelle er oppstått og avgjera at forsikringssummen ikkje skal utbetalast før saka er avgjort etter første ledd med unntak for dei kulturminna som ved forskrift er lagde til Riksantikvaren.

§ 19 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtaket om freding og fredingsreglar for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet/området.

§ 20 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til i særlege tilfelle å gjera unntak frå vedtak om freding og fredingsreglar for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området.

§ 21

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføra skjøtsel i område freda etter §§ 19 og 20.

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker om endeleg freding.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om mellombels freding inntil saka er avgjort, med unntak for samisk kulturminnevern.

§ 25

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot melding, søknad, og vedtak om tiltak som er omfatta av lova.

14. Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21.12.1979 nr. 77

§ 5, 9. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja jordskifte og vera partsrepresentant i samband med jordskifte.

15. Lov om vern mot forurensninger og om avfall (forurensningsloven) av 13.03.1981 nr. 6

§ 81

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera enkeltvedtak etter § 83 i saker der fylkeskommunen er forureiningsstyresmakt.

16. Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) av 22.05.1981 nr. 25

§ 81 a.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) i saker som gjeld brotsverk mot fylkeskommunal eigedom og inventar, og til å krevja offentleg påtale av tilsette. I saker som gjeld påtale av tilsette kan fullmakta ikkje vidaredelegerast.

Fylkesordføraren har fullmakt til å krevja offentleg påtale og fremja eventuelt krav om erstatning (borgarlege rettskrav) for andre lovbrøt enn dei som er nemnd over.

17. Lov om jakt og fangst av vilt (viltloven) av 29.05.1981 nr. 38

§ 21, 2. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til for bestemte område og tidsrom å auka eller minska avstanden på 2 km frå land, under dette også holmar og skjær, der det er forbode å driva jakt frå motorbåt eller anna flytande eller svevande fartøy drive med motor.

§ 51, 1. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna fastsetjing av skotpremie.

Forskrift om jakt- og fangsttider samt sanking av egg og dun for jaktseongene fra 1. april 2007 til og med 31. mars 2012 av 01.02.2007 nr. 112

§ 3

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja forskrifter om utvida eller innskrenka jakttid for elg og hjort, og å opna for eller utvida jakt på kanadagås og stripegås.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avstå frå høyring på endring når det ikkje er grunnlag for det.

18. Lov om tannhelsetjenesten av 03.06.1983 nr. 54

§ 2-3

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker.

§ 4-2

Fylkesutvalet har fullmakt til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar.

19. Lov om gjeldsforhandling og konkurs (konkursloven) av 08.06.1984 nr. 58

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming. Vil konkursen føra til tap av arbeidsplassar, skal saka likevel leggjast fram for fylkesutvalet til avgjerd.

20. Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

§ 6

Fylkesutvalet har fullmakt til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift med ein eller fleire kommunar.

§ 8

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja reglement for fylkesbiblioteket.

§ 10

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtalar om samarbeid mellom skulestyresmakta i fylket og fylkeskommunen om bibliotekfaglege spørsmål.

21. Lov om stadnamn av 18.05.1990 nr. 11

§ 5

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera vedtak om skrivemåten av namn på fylkeskommunale vegar, anlegg o.l.

§ 6

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i saker som gjeld område som femner om meir enn ein kommune.

§ 10

Fylkesutvalet har fullmakt til å klaga på vedtak om skrivemåten.

22. Lov om megling i konfliktråd av 15.03.1991 nr. 3

§ 5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi samtykke til megling i konfliktrådet.

§ 7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å møta på vegner av fylkeskommunen på meklingsmøte i konfliktrådet.

23. Lov om laksefiske og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr. 47.

Forskrift om utsetting av fisk og andre ferskvannsorganismer (11.11.1993 nr. 1020).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera søknader om utsetting av fisk.

Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag (15.11.2004 nr. 1468).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera søknader om fysiske tiltak i vassdrag som kan innverka på fiskebestanden eller andre ferskvassorganismer i vassdraget, positivt eller negativt.

Forskrift om etablering og drift av kultiveringsanlegg for fisk og kreps (1992-12-30 nr. 1232).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi løyve.

Forskrift om fiske etter innlandsfisk mv. og fangst av kreps (26.06.2009 nr. 851) (innlandsfiskeforskriften)

§ 2 tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å forby fiske av artar det er tillate å fiska på etter føresegner, dersom arten lokalt eller regionalt er trua.

§ 4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å bestemma nærmare reglar om regulering av fisket.

24. Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) av 26.06.1992 nr. 86.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setja i verk dei tiltak tvangsfullbyrdingslova heimlar når det gjeld sikring og inndrivning av uteståande pengekrav, og å fullbyrda krav og rettar som gjeld anna enn betaling av pengar. Han har og fullmakt til å kasta ut leigetakar når leigetida er ute eller leigesummen ikkje er betalt i rett tid.

Fylkesrådmannen har fullmakt i kurante saker og innanfor ei kostnadsramme på kr. 250.000,- til å nytta dei rettsmidlane som er nødvendige for å få fullbyrda saka.

Fylkesutvalet har fullmakt til å nytta anke, krevja oppfrisking, krevja saka teken opp på ny eller å nytta andre rettsmiddel.

25. Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr. 100

§ 7, 2. ledd

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja transportvilkår når fylkeskommunen gir tilskot til lokal jernbane i fylket.

26. Lov om opplæring av 17.07.1998 nr. 61

§ 1-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om løyve til at det vert gjort avvik frå lova og forskriftene etter lova i samband med tidsavgrensa pedagogiske eller organisatoriske forsøk.

§ 3-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta inn elevar til vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen har fullmakt til etter søknad å gje elev eller lærling løyve til utsetjing eller avbrot i opplæringa utan at retten til opplæring tek slutt.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utvida retten til vidaregåande opplæring med inntil eitt år etter søknad om omval.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om at elev som etter reglane i kap. 5 har rett til spesialundervisning kan få vidaregåande opplæring i ytterlegare 2 år når eleven etter sakkunnig vurdering treng det.

Fylkesrådmannen skal tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgja den opplæringa som er vald.

Utal for opplæring og helse kan påleggja elevane, lærlingane og lære kandidatane å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje ungdom med rett til vidaregåande opplæring etter § 3-1 opplæring etter § 4A-3 i staden når det ligg føre særlege grunnar.

§ 3-2

Fylkesrådmannen får fullmakt til å gje forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane.

§ 3-3, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna lærekontrakt eller opplæringskontrakt som inneheld unntak frå den fastsette opplæringsordninga for den delen som gjeld opplæring i bedrift.

§ 3-4, siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å søkja om løyve til avvik frå forskrifter om læreplanar etter fråsegn frå skuleutvalet.

§ 3-5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å avgjera om den praksisen som kandidaten viser til, kan godkjennast.

§ 3-7

Utal for opplæring og helse har fullmakt til å gje forskrifter om ordensreglement for den enkelte vidaregåande skule.

§ 3-8

Utval for opplæring og helse kan fastsetja i ordensreglement at ein elev som alvorleg eller fleire gonger bryt reglementet, kan visast bort i inntil 5 dagar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om bortvising for resten av skuleåret av ein elev som vedvarande har vist ei framferd som i alvorleg grad går utover orden og arbeidsro på skulen, eller som alvorleg forsømmer pliktene sine. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skulen.

I samband med eit vedtak om bortvising for resten av skuleåret har fylkesrådmannen også fullmakt til å gjere vedtak om at eleven skal mista retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skulen.

§ 3-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om vidaregåande opplæring i og på teiknspråk når eleven etter sakkunnig vurdering har behov for det.

§ 3-10

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om opplæring i punktskrift og i bruk av nødvendige tekniske hjelpemiddel, og i å ta seg fram på, til og frå skulen og i heimemiljøet når eleven etter sakkunnig vurdering har behov for det.

§ 3-12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar.

§ 4-3, første ledd, jfr. siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna lærebedrifter og gjera vedtak om tap av godkjenning.

§ 4-3, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna opplæringskontor eller opplæringsring som inngår i opplæringskontor.

§ 4-4, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla melding frå bedrifter som ikkje kan gje lærlingen tilfredsstillande opplæring.

§ 4-5, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenna lærekontakt og opplæringskontrakt.

§ 4-6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å samtykka i endring og heving av lærekontrakt eller opplæringskontrakt, og avgjera når læreforholdet skal ta slutt. Fylkesrådmannen har fullmakt til å samtykka i at læretida kan avbrytast i samband med permisjon.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om at retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 ikkje skal falla bort når lærlingen eller lære kandidaten frivillig hevar kontrakten.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om forlenga kontrakttid i ny lærebedrift.

§ 4-7

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla saker om internkontroll i lærebedrift.

§ 4-8, første, andre og tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å behandla fylkeskommunen sine oppgåver knytte til fagopplæringa, med unntak av der mynde er lagt til andre.

§ 4-8, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å godkjenne praksis for kandidatar som melder seg til fagprøve eller sveineprøve utan læretid.

§ 4-8, siste ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til, etter forslag frå yrkesopplæringsnemnda, å nemna opp ei eller fleire prøvenemnder. Fylkesrådmannen kan eventuelt nemna opp prøvenemnder i samarbeid med andre fylkeskommunar.

§ 4A-3

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta inn vaksne elevar til vidaregåande opplæring.

Utval for opplæring og helse kan påleggja vaksne som får vidaregåande opplæring å dekkja utgifter så langt det følgjer av forskrift, og å halda seg med anna individuelt utstyr som opplæringa til vanleg gjer det nødvendig å ha.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje kompetansebevis på grunnlag av realkompetansevurdering på vidaregåande opplæringsnivå.

§ 4A-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta avgjerd om det skal nyttast studieforbund, fjernundervisningsinstitusjonar eller andre som gjev tilbod om vidaregåande opplæring for å oppfylle plikta til å gje opplæring til vaksne.

§ 4A-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjere vedtak om bortvising av ein elev frå resten av kurset eleven/deltakaren er teken inn på. I samband med eit vedtak om bortvising for resten av kurset har fylkesrådmannen også fullmakt til å gjera vedtak om at eleven/deltakaren skal mista retten til vidaregåande opplæring etter § 4A-3. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ på skulen.

§ 5-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om spesialundervisning for elevar som ikkje har eller som ikkje kan få tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet.

§ 7-2

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisera dagleg skyss for elevar som har rett til dette.

Fylkesrådmannen skal hjelpa til med å skaffe losji for elevar i den vidaregåande skulen som bur slik til, eller som har så lang veg, at dei ikkje kan nytta dagleg skyss til skulen.

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å fastsetja satsar for kost og losji ved internata ved dei vidaregåande skulane.

§ 7-3

Fylkesrådmannen skal organisera skyss for elevar som på grunn av funksjonshemming eller mellombels skade eller sjukdom, har rett til skyss.

§ 11-5a

Fylkesrådmannen har fullmakt til å bestemma at skuleutvalet kan vera skulemiljøutval. Fylkesrådmannen har fullmakt til å oppnemna fylkeskommunen sin representant i skulemiljøutvalet.

§ 13-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å organisera skyss for grunnskuleelevar, vaksne, og førskulebarn som har rett til dette.

Forskrift til opplæringslova av 23.06.2006 nr. 724

Der forskriftene til opplæringslova plasserer mynde eller oppgaver til fylkestinget eller fylkeskommunen utan nærare spesifikasjonar med omsyn til instans eller organ, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegner av fylkeskommunen, med unntak av:

§ 5-14 Fylkeskommunal klagenemnd har fullmakt.

27. Lov om vassdrag og grunnvann (vannressurslova) av 24.11.2000 nr. 82

§ 8 jfr. brev frå Olje- og energidepartementet 07.12.2009.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å gje konsesjon for kraftutbyggingar under 1 MW med dei avgrensingar som departementet har sett.

Forskrift om rammer for vannforvaltningen av 15.12.2006 nr. 1446 § 20

Fylkesutvalet er vassregionstyresmakt.

28. Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70

§ 9

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje fråsegn i samband med grenseendring eller grensefastsetjing.

29. Lov om vern mot brann, eksplosjon og ulykker med farlig stoff og om brannvesenets redningsoppgaver (brann- og eksplosjonsvern) av 14.06.2002 nr. 20 med forskrifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

30. Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45

§ 5, jfr. § 12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å tildela løyve som gjeld godstransport med motorvogn.

§ 6 jfr. § 13

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå utval for miljø og samferdsel, å tildela ruteløyve, og til å gje fråsegn til søknader om bussruter som går gjennom to eller fleire fylker.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje løyvefritak etter yrkestransportforskrifta § 36 med årleg oversikt til fylkesutvalet.

§ 7, jfr. § 13

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå utval for miljø og samferdsel, å tildela løyve for persontransport i rute med luftputefartøy og anna fartøy, med unntak av riksvegferje og til å gje fråsegn til søknader om riksvegferjer.

§ 8

Fylkesutvalet har fullmakt til å avgjera om det skal nyttast anbod ved tildeling av løyve etter §§ 6 og 7.

§ 9 jfr. § 12

Utval for miljø og samferdsel har fullmakt til å fastsetja løyvetal for ordinære drosjeløyve og reserveløyve.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å tildela løyve for persontransport med motorvogn utanom rute, og gje påbod om at det skal skipast drosjesentralar og ordningar for desse.

§ 22

Fylkesutvalet har fullmakt til å yta godtgjersle til rutetransport innan fylket, med unntak av riksvegferjer.

Fylkesutvalet har fullmakt til å fastsetja kontraktsform og retningsliner som skal gjelda ved tildeling av godtgjersle.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fastsetja kollektivtrafikkpris i periodar der det er vedteke å ta i bruk mellombelse auka bompengetakstar (beredskapstakstar) i Bergen etter § 27 i veglova.

§ 28

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje samtykke til overføring av ruteløyve.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje samtykke til overføring av godstransport og løyve for persontransport med motorvogn utanom rute.

§ 29

Det organet som har fullmakt til å tildela løyve har og fullmakt til å tilbakekalla løyvet.

§ 37

Fylkesrådmannen har ansvar for planleggingsoppgåver som er pålagt fylkeskommunen i yrkestransportlova § 37 og i forskrift for sivil transportberedskap.

Vidaredelegering:

Fylkesutvalet som løyvestyresmakt delegerer si fullmakt til å gjere vedtak om tildeling av ruteløyve etter Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45, §§ 6 og 7 til fylkesrådmannen når det er nytta konkurranse i fylkeskommunal regi.

Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy av 26.03.2003 nr. 401

Fylkesutvalet har fullmakt til å gjera vedtak etter forskrifta §§ 28, 1. ledd og 37.

Fullmakt til å gjera vedtak etter §§ 16 og 18 har den som har fullmakt til å tildela løyve, jfr. § 29 over.

Der forskrifta elles plasserer mynde eller oppgåver til fylkeskommune eller løyvestyresmakt, har fylkesrådmannen fullmakt til å opptre på vegner av fylkeskommunen/løyvestyresmakta.

Vidaredelegering:

Fylkesutvalet delegerer si fullmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy (yrkestransportforskrifta) av 26.03.2003 nr. 401, § 28, 1. ledd til fylkesrådmannen.

Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 nr. 1438

Fylkesutvalet delegerer si fullmakt som løyvestyresmakt til å gjere vedtak etter Forskrift om universell utforming av motorvogn i løyvepliktig transport mv. av 03.12.2009 til fylkesrådmannen.

31. Lov om folkehøyskoler (folkehøyskoleloven) av 06.12.2002 nr. 72

§ 5

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker som gjeld skulen sitt verdigrunnlag og mål når skuleeigar er klageinstans.

32. Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56

§16, nr.1

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å tildela tilskot til tilbydarar av godkjent fagskoleutdanning etter søknad.

33. Lov om elektronisk kommunikasjon (ekomloven) av 04.07.2003 nr. 83 med forskrifter

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ivareta fylkeskommunen sine rettar og plikter og å opptre på vegner av fylkeskommunen overfor tilsynsstyresmakter.

34. Lov om private skolar med rett til statstilskot (privatskolelova) av 04.07.2003 nr. 84.

§ 2-1, første ledd

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å gje fråsegn om å godkjenna vidaregåande skular og at ein skule flyttar verksemda si til ein annan fylkeskommune før departementet gjer vedtak.

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å klaga på departementet sitt vedtak.

§ 3-3, fjerde ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om omval etter opplæringslova § 3-1 for elevar i vidaregåande skular som er godkjende etter privatskulelova.

§ 3-6, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utarbeida sakkunnig vurdering, gjera vedtak om spesialundervisning og dekkja utgiftene til slik opplæring.

§ 3-7, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak om skyss for elevar i vidaregåande skular godkjende etter privatskulelova og dekking av utgiftene i høve til reglane i opplæringslova § 13-4.

Den fylkeskommunale klagenemnda oppnemnd i medhald av forvaltningslova § 28, 2. ledd tek avgjerd i klagesaker etter denne paragrafen.

§ 3-10, andre ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å fatta vedtak om bortvising for resten av skuleåret og om eleven skal mista retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1 når det gjeld vidaregåande skular etter denne lova. Slik mynde kan ikkje delegerast vidare til organ ved skulen.

§ 5-1

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å nemna opp ein representant til styret når det gjeld skular som er godkjente etter § 2-1 bokstavane a-d (vidaregåande skular).

35. Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) av 17.06.2005 nr. 62

Jfr. Forskrift 03.08.2009 nr. 1028 om sikkerhet, helse og arbeidsmiljø på bygge- eller anleggsplasser (byggherreforskrifta).

Fylkesrådmannen har fullmakt til å opptre som byggherre på vegner av fylkeskommunen med dei rettar og plikter som forskrifta gir.

36. Lov om akvakultur (akvakulturloven) av 17.06.2005 nr. 79

*Jfr. Forskrift om tildeling og drift ved havbeiteverksemd (havbeiteforskrifta) av 28.08.2003 nr. 1110
Forskrift om tillatelse til akvakultur av andre arter enn laks, ørret og regnbueørret av 22.12.2004 nr. 1799
Forskrift om særskilte krav til akvakulturrelatert virksomhet i eller ved nasjonale laksevassdrag og nasjonale laksefjorder av 22.06.2009 nr. 961*

Forskrift om tillatelse til akvakultur for laks, ørret og regnbueørret (laksetildelingsforskrifta) av 22.12.2004 nr. 1798

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde etter forskriftene.

37. Lov om mekling og rettargang i sivile saker (tvisteloven) av 17.06. 2005 nr.90.

Fylkesutvalet har fullmakt til å bringa tvistesaker (ta ut stemning) inn for domstolane.

Fylkesordføraren har mynde til å gje nokon fullmakt som partsrepresentant for fylkeskommunen. Fylkesrådmannen har elles fullmakt i saker etter tvistelova.

Fylkesutvalet skal ha melding om saker som gjeld anke, kjæremål eller gjenopptaking, og om forlik og rettskraftig dom.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å engasjera juridisk hjelp.

38. Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17.06.2005 nr. 101

§ 9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja matrikulering av ny grunneigedom, anleggseigedom eller festegrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja matrikulering av umatrikulert grunneigedom eller festegrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja matrikulering av nytt jordsameige.

§ 14

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja registrering av jordsameige.

§ 17

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja klarlegging av eksisterande grenser utført som særskilt forretning.

§ 18

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja samanslåing av eksisterande matrikkeleiningar.

39. Lov om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsloven) av 15.05.2008 nr. 35

Jfr. Forskrift om utlendingers adgang til riket og deres opphold her (utlendingsforskriften) av 15.10.2009 nr. 1286

Forskrifta § 6-18

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gi uttale om det økonomiske grunnlaget for drift av næringsverksemd.

40. Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr. 37

Jfr. Forskrift om delegering av kompetanse til fylkeskommunen til å fatte vedtak om undervisningskvoter etter lov 6. juni 2008 nr. 37 om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) § 13, av 26.10.2009 nr. 114

Forskrift om delegering av myndighet til fylkeskommunene etter forskrift 6. mai 1996 nr. 414 om forvaltning av sel på norskekysten § 5 - § 9 og § 12, av 29.10.2009 nr. 1317

Forskrift om regulering av sel på norskekysten av 22.12.2009 nr. 1745

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera vedtak i saker der fylkeskommunen har avgjerdsmynde etter forskriftene.

41. Lov om meldeplikt ved nedlegging av næringsverksemd (omstillingslova) av 06.06.2008 nr. 84

§ 3

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta i mot melding om nedlegging og be om meir informasjon.

§ 5, 1. og 2. ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å kalla inn til møte og kartleggja og vurdere tiltak for vidare arbeid eller andre alternativ til å leggja ned bedrifta.

§ 6

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjera unntak frå råderettsbanda.

§ 7

Fylkesrådmannen kan påleggja den ansvarlege tvangsmulkt og setja frist for betaling.

Fylkesutvalet har fullmakt til å redusera eller gje opp tvangsmulka.

§ 8

Fylkesrådmannen kan påleggja den ansvarlege lovbrotsgebyr.

Fylkesutvalet har fullmakt til å redusera eller gje opp kravet om lovbrotsgebyr.

Forskrift om tvangsmulkt og lovbrotsgebyr etter omstillingslova av 24.06.2008 nr. 713:

§ 5, siste ledd

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageorgan.

§ 6

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageorgan.

42. Lov om planlegging og byggesaksbehandling av 27.06.2008 nr. 71

§ 1-9, tredje ledd

Fylkesrådmannen har fullmakt til å klaga på enkeltvedtak etter lova dersom vedtaket direkte rører ved fylkeskommunen sitt saksområde.

§ 3-6

Fylkesutvalet har fullmakt til å starta arbeid med planar etter denne lova på område der staten, fylkeskommunen og kommunane saman har ansvar for å løysa planoppgåver av regionalt eller nasjonalt omfang.

§ 3-7

Fylkesutvalet har fullmakt til å vedta å overta heilt eller delvis dei oppgåvene planadministrasjonen i kommunen og fylkeskommunen har med å organisera planarbeidet og utarbeida planforslag.

§ 4-1

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til og vedta planprogram for regionale planar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til planprogram for kommunale planar.

§ 5-3

Fylkesrådmannen har fullmakt til å oppretta regionalt planforum etter mandat fastsett av fylkestinget.

§ 5-4

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til, etter innstilling frå utval for opplæring og helse/utval for miljø og samferdsel, å fremja motsegn til forslag til kommuneplanen sin arealdel og reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

§ 5-6

Fylkesordførar/fylkesvaraordførar eller den fylkesordføraren gjev fullmakt deltek i mekling på vegner av fylkeskommunen.

§ 7-2

Fylkesordføraren har fullmakt til å drøfta endringar i regional planstrategi med Kongen.

§ 8-3

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til og vedta planprogram.

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til planprogram for plan med retningslinjer for framtidig utbygging og konsekvensar av planen for miljø og samfunn.

Fylkesutvalet har fullmakt til å utarbeida forslag til regional plan.

§ 9-1

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå utval for kultur, idrett og regional utvikling/utval for miljø og samferdsel i veg- og miljøraker, å be kommunar om samarbeid om planlegging når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løysa oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.

§ 9-4

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå utval for kultur, idrett og regional utvikling/utval for miljø og samferdsel i veg- og miljøraker, å be kommunar om at arbeidet vert vidareført som regional plan når det er nødvendig for å ivareta omsyn og løysa oppgåver som går ut over den enkelte kommunen.

§ 9-5

Fylkesrådmannen har fullmakt til å mekla etter oppmoding frå kommunane når dei er ueinige om innhaldet i eit samla planforslag.

§ 9-6

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå utval for kultur, idrett og regional utvikling/utval for miljø og samferdsel i veg- og miljøraker, å vedta endring av ein plan som er blitt til i interkommunalt samarbeid.

§ 9-7

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå utval for kultur, idrett og regional utvikling/utval for miljø og samferdsel i veg- og miljøraker, å vedta oppstart av planarbeid.

§ 10-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje kommunane synspunkt til arbeidet med kommunal planstrategi. Synspunkta vert å leggja fram for utval for kultur, idrett og regional utvikling og fylkesutvalet som melding.

§ 11-4

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje synspunkt til handlingsdelen i kommuneplanen.

§ 11-12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot varsel om oppstart av arbeid med kommuneplan.

§ 11-13

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til forslag til planprogram for kommuneplan.

§ 11-14

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å gi fråsegn og fremja motsegn til planforslag.

§ 11-15

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot vedteken kommuneplan.

§ 11-16

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å fremja motsegn til kommuneplanen sin arealdel.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å trekkja motsegn når grunnlaget for motsegn ikkje lenger er til stades.

§ 11-17

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til mindre endringar i kommuneplanen sin arealdel.

§ 12-8

Fylkesrådmannen har fullmakt til å ta imot varsel om oppstart av arbeid med reguleringsplan.

§ 12-9

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til planprogram for reguleringsplan.

§ 12-10

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til, etter innstilling frå utval for opplæring og helse/utval for miljø og samferdsel, å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen er tiltakshavar.

Utval for kultur, idrett og regional utvikling har fullmakt til å fremja motsegn til reguleringsplan.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til reguleringsplan der fylkeskommunen ikkje er tiltakshavar.

§ 12-14

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til mindre endring og til oppheving av reguleringsplan.

§ 19-1

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje fråsegn til søknad om dispensasjon frå planar, plankrav og forbodet i § 1-8.

43. Lov om voksenopplæring (voksenopplæringsloven) av 19.06.2009 nr. 95

§ 6

Utval for opplæring og helse har fullmakt til å tildela tilskot til studieforbund.

Fylkesutvalet har fullmakt til å gje forskrifter for fordeling av tilskot til voksenopplæring i studieforbund.

44. Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldloven) av 19.06.2009 nr. 100

§ 43

Fylkesutvalet har fullmakt til, etter innstilling frå det aktuelle utvalet, å gi fråsegn til forslag til verneforskrift.

45. Lov om erverv og utvinning av mineralressurser (mineralloven) av 19.06.2009 nr. 101

§ 12

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gje uttale til Direktoratet for mineralforvaltning når det gjeld prøveuttak.

E. DELEGASJON PÅ VEGSEKTOREN

1. Økonomi

1.1. Budsjett

Fylkesutvalet har fullmakt til å foreta mellombelse og varige omdisponeringar mellom postar på fylkesvegbudsjettet.

1.2 Rekneskap

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setja av midlar til disposisjonsfond for bruk i seinare år.

1.3. Kontraktar

Investeringsprosjekt

Igangsetjing av prosjekt med kostnadsramme over 250 mill. kroner skal leggjast fram for fylkestinget til særskilt godkjenning når konkurransegrunnlag med oppdatert kostnadsoverslag ligg føre.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å setja i gang andre fylkesvegprosjekt, jamvel om løyvingane strekkjer seg over fleire budsjettår.

Funksjonskontraktar

Fylkesrådmannen har fullmakt til å utlysa og inngå fleirårige funksjonskontraktar for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet. Fullmakta gjeld også andre fleirårige kontraktar innanfor drift og vedlikehald.

1.4. Kjøp og sal av eigedom

Fylkesrådmannen har fullmakt til å gjennomføre kjøp og sal av eigedom som er nødvendig i samband med fylkeskommunen sitt ansvar for fylkesveggar.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å representere fylkeskommunen ved skjønn, overskjønn, jordskifte og kartforretning.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å inngå avtaler om permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

Fylkesrådmannen har fullmakt til å krevja betaling ved permanent avståing av bruksrett til vertikalnivået over fylkeskommunal veggrunn.

1.5. Erstatning utanfor kontrakt og avkall på krav

Jfr. B. Delegasjon til fylkesrådmannen pkt. 4.

2. Delegasjon etter særlov

Lov om skjønn og ekspropriasjonssaker av 01.06.1917 nr. 1

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 1

Lov om tinglysing av 07.06.1935 nr. 2

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 5

Lov om oreigning av fast eigedom av 23.10.1959 nr. 3

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 7

Veglov av 21.06.1963 nr. 23

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 10

Lov om jordskifte o.a. (jordskifteloven) av 21.12.1979 nr. 77

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 14

Lov om rettergangsmåten i straffesaker (Straffeprosessloven) av 22.05.1981 nr. 25

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 16

Lov om megling i konfliktråd av 15.03.1991 nr. 3

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 21

Lov om tvangsfullbyrdelse og midlertidig sikring (tvangsfullbyrdelsesloven) av 26.06.1992 nr. 86

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 23

Lov om arbeidsmiljø, arbeidstid og stillingsvern mv. (arbeidsmiljøloven) av 17.06.2005 nr. 62

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - d. Delegasjon etter særlov pkt. 34

Lov om eigedomsregistrering (matrikkellova) av 17.06.2005 nr. 101

Sjå Delegasjonsreglement for Hordaland fylkeskommune - D. Delegasjon etter særlov pkt. 37

Reglement for hovudutval for opplæring

Vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95, revidert i sak nr. 38/99, sak nr. 6/00 og sak nr. 47/15.

§ 1

Val og samansetnad

Utvalet er fylkeskommunen sitt hovudutval for opplæring.

Utvalet har 9 medlemmer med varamedlemer.

Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemmer. Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala

Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38a om kjønnsrepresentasjon ikkje vert oppfylt, skal nødvendig tal medlemmer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemmer av det underrepresenterte kjønnet, skal ytterlegare medlemmer veljast blant dei andre varamedlemene til fylkestinget.

Fylkestinget vel blant varamedlemene til fylkestinget i rekkjefølgje så mange varamedlemer som partiet/grupperinga har medlemmer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemer.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf. kommunelova § 16, nr 3. Utvalet skal supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet.

Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiar, jf. kommunelova § 16, nr. 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i hovudutvalet, jf. kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

§ 2

Arbeidsområde

Hovudutvalet skal innafor sine fullmakter styre arbeidet med dei opplæringsspørsmål som fylkeskommunen gjennom lovverket er ansvarleg for, og med andre spørsmål som gjeld kompetanseheving og kompetanseformidling i fylket.

Utvalet skal arbeide for å sikre målstyring og effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektoren innafor dei rammer som økonomi og kravet til rettstryggleik set.

§ 3

Oppgåver og mynde

I tillegg til myndet som er lagt til utvalet i delegeringsreglementet gjeld følgjande:

A) Avgjerdsrett

Hovudutvalet gjer vedtak innan dei rammene og etter dei retningslinene som følgjer av lov, reglement eller vedtak i fylkestinget/fylkesutvalet. Det skal m.a.:

- Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor
- Opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, jf. kommunelova § 10, nr 5 og 6. Komitear med lengre pårekna funksjonstid enn 2 år skal godkjennast av fylkestinget

B) Tilrådingsrett

Utvalet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innafor utvalet sitt arbeidsområde
- Skiping av faste utval, styre og liknande i sektoren

Hovudutvalet kan uttale seg i alle andre saker innan sin sektor.

C) Oppgåver elles

Hovudutvalet

- er ansvarleg for godt planlagd, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren
- skal velje eventuelt styre til fylkeskommunen sine undervisningsverksemder eller andre verksemder i sektoren der fylkeskommunen har valrett på representantar dersom valretten ikkje er lagd til andre organ
- er fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med same eller tilgrensande arbeidsområde
- føre kontroll med at vedtak innan utvalet sitt arbeidsområde vert gjennomførte

D) Delegering

Hovudutvalet kan delegere til fylkesrådmannen å gjere vedtak innan nærare fastlagde rammer og retningsliner.

§ 4

Sekretariat

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte, vanlegvis ved fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf. kommunelova § 23, nr 2. Han syter også for at vedtaka vert sette i verk.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle til møta i hovudutvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i ein skilde saker.

§ 5

Sakshandsaming

For sakshandsaming i utvalet gjeld Reglement for sakshandsaming i politiske utval.

Reglement for hovudutvalet for samferdsle

Vedteke av fylkestinget i sak nr 45/03, revidert i sak 110/13 og 47/15

§ 1

Val og samansetnad

Utvalet er fylkeskommunen sitt hovudutval for samferdsle.

Utvalet har 9 medlemmer med varamedlemmer.

Fylkestinget vel medlemmene blant fylkestinget sine medlemmer. Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala

Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38a om kjønnsrepresentasjon ikkje vert oppfylt, skal nødvendig tal medlemmer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemmene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemmer av det underrepresenterte kjønnet, skal ytterlegare medlemmer veljast blant dei andre varamedlemmene til fylkestinget.

Fylkestinget vel blant varamedlemmene til fylkestinget i rekkjefølgje så mange varamedlemmer som partiet/grupperinga har medlemmer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemmer.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf. kommunelova § 16, nr 3. Utvalet skal supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet. Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiar, jf. kommunelova § 16, nr 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i hovudutvalet, jf. kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

§ 2

Arbeidsområde

Hovudarbeidsområdet for utvalet er saker etter yrkestransportlova, veglova og vegtrafikklova, og andre samferdslesaker som fylkeskommunen har ansvaret for.

Hovudutvalet skal arbeide for å sikre målstyring og resultatstyring, og for å sikre effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektoren innafor ei ramme av rettstryggleik.

§ 3

Oppgåver og mynde

I tillegg til myndet som er lagt til utvalet i delegeringsreglementet gjeld følgjande:

A) Avgjerdsrett

Hovudutvalet har fullmakt til å:

- Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor
- Opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, jf. kommunelova § 10, nr 5 og 6. Komitear med lengre pårekna funksjonstid enn 2 år skal godkjennast av fylkestinget

Hovudutvalet har elles fullmakt til å gjere vedtak innan dei rammene og etter dei retningslinene som følgjer av lov, reglement eller særskilde vedtak i fylkestinget/fylkesutvalet.

B) Tilrådingsrett

Utvalet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innafør utvalet sitt arbeidsområde
- Skipping av faste utval, styre og liknande i sektoren

Hovudutvalet kan uttale seg i alle andre saker innan sin sektor.

C) Oppgåver elles

Hovudutvalet

- er ansvarleg for godt planlagd, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren
- skal velje styre eller utsendingar til generalforsamlingar/årsmøte til fylkeskommunen sine samferdsleverksemdar eller andre verksemdar i sektoren der fylkeskommunen har valrett på representantar dersom valretten ikkje er lagd til andre organ
- er fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med same eller tilgrensande arbeidsområde
- føre kontroll med at vedtak innan utvalet sitt arbeidsområde vert gjennomførte

D) Delegering

Hovudutvalet kan delegere til fylkesrådmannen å gjere vedtak innan nærare fastlagde rammer og retningslinjer.

§ 4

Sekretariat

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte, vanlegvis ved fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf. kommunelova § 23, nr 2. Han syter også for at vedtaka vert sette i verk.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle til møta i hovudutvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

§ 5

Sakshandsaming

For sakshandsaming i utvalet gjeld Reglement for sakshandsaming i politiske utval.

Reglement for hovudutvalet for næring og kultur

Vedteke av fylkestinget i sak nr 47/15.

Reglementet byggjer på tidlegare Reglement for hovudutval for plan og næring og Reglement for hovudutval for kultur vedteke av fylkestinget i sak nr 26/95, 19/98, 38/99 og 45/03.

§ 1

Val og samansetnad

Utvalet er fylkeskommunen sitt hovudutval for næring og kultur.

Utvalet har 9 medlemmer med varamedlemmer. Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemmer. Minst éin medlem skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala

Dersom resultatet av dette vert at krava i kommunelova §§ 36 og 38a om kjønnsrepresentasjon ikkje vert oppfylt, skal nødvendig tal medlemmer i tillegg veljast blant dei fem første varamedlemene til fylkestinget frå kvart parti. Dersom dette ikkje gir nok medlemmer av det underrepresenterte kjønnet, skal ytterlegare medlemmer veljast blant dei andre varamedlemene til fylkestinget.

Fylkestinget vel blant varamedlemene til fylkestinget i rekkjefølgje så mange varamedlemmer som partiet/grupperinga har medlemmer i hovudutvalet, med tillegg av 1-3 varamedlemmer.

Fylkestinget vel leiar og nestleiar.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Dersom ein medlem trer endeleg ut av vervet, skal fylkestinget velje nytt medlem, jf. kommunelova § 16, nr 3. Utvalet skal supplerast frå den gruppa som står bak den som sluttar som medlem. Gruppene kan ved gjensidig avtale likevel verte samde om å bytte posisjonar mellom hovudutvala ved slike høve, dersom fylkestinget finn å kunne godkjenne det ved valet. Dersom leiaren trer endeleg ut av vervet skal fylkestinget velje ny leiar, jf. kommunelova § 16, nr 4.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i hovudutvalet, jf. kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

§ 2

Arbeidsområde

Hovudarbeidsområdet for utvalet er

- saker etter plan- og bygningslova, friluftsløva, andre miljøraker, nærings- og energispørsmål og andre regionalpolitiske saker som fylkeskommunen har ansvaret for
- kulturspørsmål som fylkeskommunen handsamar og som ikkje har sektorovergripande verknad
- saker etter kulturminnelova, fordeling av kulturmidlar og ivaretaking av fylkeskommunen sitt kulturpolitiske ansvar

Hovudutvalet skal arbeide for å sikre målstyring og resultatstyring, og for å sikre effektiv oppfølging og kontroll av verksemda i sektorane innafor ei ramme av rettstryggleik.

§ 3

Oppgåver og mynde

I tillegg til myndet som er lagt til utvalet i delegerings- og innstillingsreglementet gjeld følgjande:

A) Avgjerdsrett

Hovudutvalet har fullmakt til å:

- Styre forvaltninga av budsjetterte midlar på eigen sektor
- Opprette komitear for å løyse tidsavgrensa oppgåver, jf. kommunelova § 10, nr 5 og 6. Komitear med lengre pårekna funksjonstid enn to år skal godkjennast av fylkestinget

Hovudutvalet har elles fullmakt til å gjere vedtak innan dei rammene og etter dei retningslinene som følgjer av lov, reglement eller særskilde vedtak i fylkestinget/fylkesutvalet.

B) Tilrådingsrett

Utvalet skal gje tilråding i følgjande saker:

- Framlegg til årsbudsjett, økonomiplan og andre planar innafor utvalet sitt arbeidsområde
- Skipping av faste utval, styre og liknande i sektoren

Hovudutvalet kan uttale seg i alle andre saker innan sin sektor.

C) Oppgåver elles

Hovudutvalet

- er ansvarleg for godt planlagd, rasjonell og økonomisk organisering og drift av sektoren
- skal velje styre eller utsendingar til generalforsamlingar/årsmøte til fylkeskommunen sine kultur- og næringsverksemder eller andre verksemder i sektoren der fylkeskommunen har valrett på representantar dersom valretten ikkje er lagd til andre organ
- er fylkeskommunen sitt samarbeidsorgan med offentlege og private organ med same eller tilgrensande arbeidsområde
- fører kontroll med at vedtak innan utvalet sitt arbeidsområde vert gjennomførte

D) Delegering

Hovudutvalet kan delegerere til fylkesrådmannen å gjere vedtak innan nærare fastlagde rammer og retningslinjer.

§ 4

Sekretariat

Fylkesrådmannen er ansvarleg for at sekretariatsfunksjonen vert utøvd på ein tilfredsstillande måte, vanlegvis ved fylkesdirektøren. Fylkesdirektøren førebur sakene til utvalet på vegner av fylkesrådmannen og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf. kommunelova § 23, nr 2. Han syter også for at vedtaka vert sette i verk.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle til møta i hovudutvalet personar som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

§ 5

Sakshandsaming

For sakshandsaming i utvalet gjeld Reglement for sakshandsaming i politiske utval.



DELEGERINGS- OG INNSTILLINGSREGLEMENT



INNHALD**Side****KAP 1 GENERELT****4**

1.1	Heimel, definisjon	4
1.2	Føremål og rollefordeling	4
1.3	Særskilde reglement o.l.	4
1.4	Myndefordeling	5
1.4.1	Fylkestinget	5
1.4.2	Fylkesordføraren	5
1.4.3	Fylkesutvalet	5
1.4.4	Hovudutvala	5
1.4.5	Fylkesrådmannen	5

KAP 2 NÆRARE OM DELEGERING

7

2.1	Bruk av delegert mynde/fullmakt	7
2.2	Vidaredelegering	7
2.3	Tilbaketrekking av delegert mynde	7
2.4	Omgjering	7
2.5	Kontroll	7
2.6	Rett til å la vere å bruke delegert mynde	7
2.7	Mynde i klagesaker	8

KAP 3 DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER

9

3.1	Lov om taubaner og løypestrenger av 14.06.1912 nr 1	9
3.2	Skjønnsprosesslova av 01.16.1917 nr 1	9
3.3	Industrikonsesjonslova av 14.12.1917 nr 16	9
3.4	Lov om vassdragsregulering av 14.12.1917 nr 17	9
3.5	El-tilsynslova av 24.05.1929 nr 4	9
3.6	Friluftsløva av 28.06.1957 nr 16	9
3.7	Granneløva av 16.06.1961 nr 15 og grannegjerdeløva av 05.05.1961	10
3.8	Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.06.1963 nr 12	10
3.9	Vegløva av 21.06.1963 nr 23	10
3.10	Lov om kulturminne av 09.06.1978, nr 50	11
3.11	Viltløva av 29.05.1981 nr 38	13
3.12	Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13.03.1981, nr 6	13
3.13	Lov om tannhelsetenesta av 03.06.1983, nr 54	13
3.14	Konkursløva av 08.06.1984, nr 58	13
3.15	Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr 108	13
3.16	Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetnad og fordeling av energi av 29.06.1990, nr 50	14
3.17	Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr 47	14
3.18	Tvangsfullføringsløva av 26.06.1992, nr 86	14
3.19	Jernbaneløva av 11.06.1993 nr 100	14
3.20	Opplæringsløva av 17.06.1998, nr 61, og forskrift til opplæringsløva	14
3.21	Lov om vassdrag og grunnvatn av 24.11.2000, nr 82	18
3.22	Inndelingsløva av 15.06.2001, nr 70	18
3.23	Brann- og eksplosjonsvernløva av 14.06.2002, nr 20	18

3.24	Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21.06.2002, nr 45	18
3.25	Forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn m.v. av 26.03.2003	19
3.26	Ekomlova av 04.07.2003, nr 83	21
3.27	Lov om frittstående skular av 04.07.2003, nr 84	21
3.28	Konesjonslova av 28.11.2003, nr 98	21
3.29	Fagskulelova av 20.06.2003, nr 56	21
3.30	Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr 130	21
3.31	Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr 15	22
3.32	Straffelova av 20.05.05 nr 28	22
3.33	Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr 79	22
3.34	Tvistelova av 17.06.2005 nr 90	22
3.35	Matrikkellova av 17.06.2005, nr 101	23
3.36	Offentleglova av 19.05.2006 nr. 16	23
3.37	Kulturlova av 29.06.2007, nr 89	23
3.38	Havressurslova av 06.06.2008, nr 37	23
3.39	Plan og bygningslova av 27.06.2008 nr 71	23
3.40	Naturmangfaldslova 19.06.2009 nr 100	25
3.41	Byggherreforskrifta av 03.08.2009 nr 1028	25
3.42	Folkehelselova av 24.06.2011, nr 29	25
3.43	Jordskiftelova av 21.06.2013, nr 100	26
3.44	Tunnelsikkerheitsforskrifta av 10.12.2014, nr 1566	26
3.45	Lov om offentlege anskaffingar av 17.06.2016, nr. 73, og forskrift om offentlege anskaffingar av 12.08.2016, nr. 974	26

KAP 4 ANNA DELEGERING 27

4.1	Val og oppnemning m.v.	27
4.2	Høyringsfråsegner	27
4.3	Husleigeforhold	27
4.4	Disposisjonar over fast eigedom	28
4.5	Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap	28
4.6	Organisering i administrasjonen	28
4.7	Dekking av sakskostnader	28
4.8	Pengekrav (her medrekna erstatningskrav) – utanomrettsleg handsaming	29
4.9	Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren	29
4.10	Oppretting, nedlegging og omgjering av stillingar	29
4.11	Byggesaksrutinar	29

KAP 5 INNSTILLINGSINSTITUTTET 30

5.1	Innstilling til vedtak i folkevalde organ	30
-----	---	----

DELEGERINGSREGLEMENT

KAP 1. GENERELT

1.1 Heimel, definisjon

Dette reglementet er utarbeidd på grunnlag av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.92 nr. 107, aktuelle særlover og ulovfesta reglar om delegering.

Delegering vil seie overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegner av det delegerande organet.

Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gir frå seg ansvaret på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake det myndet som er delegert.

1.2 Føremål og rollefordeling

Føremålet med delegeringsreglementet er å sikre ei rasjonell arbeidsfordeling mellom fylkestinget, dei andre folkevalde organa i fylkeskommunen og administrasjonen. Fylkestinget har delegert myndet sitt under omsyn til behovet for reell politisk styring og kontroll, effektiv ressursutnytting og rettstryggleik.

Fylkestinget har behov for å føre kontroll med korleis myndet det har delegert til administrasjonen vert utøvd. Dette behovet vert ivareteke gjennom årsrekneskapen, årsrapporten, andre periodiske rapportar og verksemda til kontrollutvalet.

Fylkestinget og fylkesordføraren held seg til administrasjonen gjennom fylkesrådmannen. Hovudutvalsleiarane held seg til administrasjonen gjennom dei respektive fylkesdirektørane.

Administrasjonen arbeider sjølvstendig ut frå faglege vurderingar. Politikarane gjer dei politiske vurderingane.

Bestillingar frå politikarane til administrasjonen skal skje gjennom vedtak i møte i folkevalde organ.

1.3 Særskilde reglement o.l.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen sitt budsjett, vert fastsett i eit eige budsjettreglement. Dette vert rullert årleg og vedteke av fylkestinget som ein del av budsjettet. Reglementet er tilpassa kommunelova sine reglar.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen si finansforvaltning, er fastsett i eit eige finansreglement.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen si konsesjonskraftomsetjing, er fastsett i FT-sak nr. 24/12.

Delegering av mynde i personalsaker (tilsetjing, permisjonar m.v.) vert fastsett i særskilde reglement og vedtak.

Reglane i kapittel 1 og 2 i dette reglementet gjeld også ved delegering fastsett i særskilde reglement eller vedtak.

1.4 Myndefordeling

1.4.1 Fylkestinget

Fylkestinget er ifølgje kommunelova § 6 det øvste organet i fylkeskommunen og gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen i alle saker dersom anna ikkje følgjer av lov eller fylkestinget sine delegeringsvedtak.

Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

Berre fylkestinget kan disponere unytta løyvingar som følgje av at nye tiltak ikkje vert sette i verk i budsjettåret.

1.4.2 Fylkesordføraren

Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin rettslege representant. Han underskriv på vegner av fylkeskommunen, jf. kommunelova § 9, dersom myndet ikkje er lagt til andre (jf. kap. 1.4.5).

1.4.3 Fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker etter delegert mynde frå fylkestinget, slik det følgjer av dette reglementet eller av fylkestinget sine delegeringsvedtak i konkrete saker.

Fylkesutvalet kan opprette og nedlegge komitear i samsvar med kommunelova § 10, nr 5.

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget når det er naudsynt at det vert teke avgjerd så snart at det ikkje er tid til å kalle inn til møte i fylkestinget, jf. FT-sak nr 46/92. Dette gjeld likevel ikkje saker der myndet er lagt til fylkestinget utan høve til vidaredelegering.

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. FT-sak nr. 46/92.

1.4.4 Hovudutvala

Hovudutvala tek avgjerd i saker som naturleg fell innanfor utvala sine arbeidsområde, jf. reglementa for hovudutvala og kap. 3 og 4 i dette reglementet.

1.4.5 Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er den øvste leiaren for den samla fylkeskommunale administrasjonen,

jf. kommunelova § 23.

All delegering frå politiske organ til administrasjonen skal skje til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen avgjer sjølv vidaredelegering.

Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell betyding. Dette vil vere saker av mindre rekkevidde og rutinemessig karakter i samsvar med innarbeidd praksis gjennom tidlegare vedtak i einskildsaker.

Fylkesrådmannen sitt mynde er elles fastsett i kap. 3 og 4 i dette reglementet, i instruksen for fylkesrådmannen vedteke av fylkestinget 10.06.1976, i andre fylkeskommunale reglement og i eigne delegeringsvedtak.

Fylkesrådmannen har mynde til å underskrive avtalar og skøyte på vegner av fylkeskommunen, jf. elles pkt. 4.4.

Fylkesrådmannen har mynde til å søkje om statlege og andre eksterne midlar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

I saker der fylkesrådmannen eller andre i administrasjonen gjer vedtak etter delegert mynde skal vedkomande hovudutval orienterast om vedtaket. Dette gjeld likevel ikkje vedtak i personalsaker og andre kurante enkeltvedtak som ikkje er av prinsipiell betyding.

Fylkesrådmannen har ansvaret for å setje i verk vedteke budsjett. Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet.

Assisterande fylkesrådmann har fullmakt til å ta avgjerd på vegner av fylkesrådmannen.

KAP 2. NÆRARE OM DELEGERING

2.1 Bruk av delegert mynde/fullmakt

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og elles innanfor plan- og budsjetttrammer som er fastsette av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

2.2 Vidaredelegering

Fylkesrådmannen har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom ikkje anna er bestemt i dette reglementet eller vedtak. Andre i administrasjonen har ikkje mynde til å vidaredelegere dersom dette ikkje uttrykkeleg er sagt i delegeringsvedtaket.

Fylkesutvalet og hovudutvala har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom ikkje anna er bestemt.

Kontrollutvalet og revisjonen skal ha melding om all vidaredelegering. Vidare skal fylkesrådmannen ha melding slik at ein alltid har ei samla oversikt over all delegering.

2.3 Tilbaketrekking av delegert mynde

Delegert mynde kan når som helst trekkast attende.

Når situasjonen tilseier det, kan eit overordna organ krevje å få ei sak til avgjerd som elles skulle ha vore avgjort av eit underordna organ i samsvar med delegert mynde,

2.4 Omgjering

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak frå underordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

2.5 Kontroll

Gjennom kontrollutvalet fører fylkestinget det øvste tilsyn med at delegert mynde vert utøvd i samsvar med reglar og intensjonar for delegering.

2.6 Rett til å la vere å bruke delegert mynde

Organ eller arbeidstakar som har fått delegert mynde, kan i særskilde tilfelle overlata til overordna organ å ta avgjerd i ei konkret sak.

2.7 Mynde i klagesaker

Delegert mynde til eit hovudutval omfattar også mynde til å handsame klagar på enkeltvedtak som underinstans etter reglane i forvaltningslova § 33. Underinstansen er det organet som gjorde det påklaga vedtaket og som skal vurdere klagen før saka eventuelt vert oversendt klageinstansen.

Ved delegering til arbeidsutval eller anna organ under hovudutval, er det hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans.

Delegert mynde til fylkesrådmannen omfattar også mynde til å handsame ein forvaltningsklage som underinstans.

Ved delegering frå fylkesrådmannen til andre i administrasjonen, er det anten fylkesrådmannen, fylkesdirektøren, regionvegsjefen eller hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans. Fylkesrådmannen avgjer dette i delegeringsvedtaket.

KAP 3. DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER

3.1 Lov om taubaner og løypestrenger av 14.06.1912 nr. 1

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til søknader om anlegg av taubaner, under dette skitrekk, er delegert til fylkesrådmannen.

3.2 Skjønnsprosesslova av 01.06.1917 nr. 1

Fylkeskommunen sitt mynde til å krevje skjøn eller takst, og til å krevje overskjøn, er delegert til fylkesrådmannen.

3.3 Lov om erverv av vassfall, bergverk og annan fast eigedom m.v. (industrikonsesjonslova) av 14.12.1917 nr. 16

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24 til å gi fråsegn i saker om søknad om konsesjon er delegert til fylkesutvalet.

Mynde etter § 9 til å ta stilling til om fylkeskommunen skal bruke sin subsidiære forkjøpsrett til fallrettar etter staten, ligg til fylkestinget.

3.4 Lov om vassdragsregulering av 14.12.1917 nr. 17

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6 og 12, pkt 12, til å gi fråsegn i saker om vassdragsregulering, her medrekna konsesjonssøknader, ligg til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11, pkt 2, til å disponere midlar som er opparbeidde i eit ev. vassdragsreguleringsfond er delegert til fylkesutvalet.

3.5 El-tilsynslova av 24.05.1929 nr. 4

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

3.6 Friluftsløva av 28.06.1957 nr. 16

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 for å fremje friluftsløva i fylket, er lagt til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å opptre eller klage for å ivareta interessene til ålmenta, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å reise søksmål for å ivareta ålmentas interesser, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24, 5. ledd, til å bringe inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter §§ 2, 3, 3a, 15 og 16, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.7 Grannelova av 16.06.1961 nr. 15 og grannegjerdelova av 05.05.1961

Fylkeskommunen sitt mynde etter desse lovene er delegert til fylkesrådmannen. Likevel skal saker med vesentleg kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigar av eigedom og som offentleg planstyresmakt, leggjast fram for fylkesutvalet. Det er høve til vidaredelegering av mynde som gjeld grannegjerdelova.

3.8 Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.06.1963 nr. 12.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi løyve for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus etter § 2 og etter vedtak av Nærings- og energidepartementet av 29.3.93, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.9 Veglova av 21.06.1963 nr. 23

Fylkeskommunen sitt mynde til å uttale seg ved tilsetjing av regionvegsjef er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å gi fråsegn til opptak av veg som riksveg, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å ta opp kommunal eller privat veg som fylkesveg, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å uttale seg om nedlegging eller omgjering av riksveg eller til å fatte vedtak om nedlegging eller omgjering av fylkesveg til kommunal veg, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8, jf. § 7, til å omdisponere mindre parsellar av fylkesveggrunn som er vorte til overs ved omleggingsarbeid m.v., er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar etter § 9, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10, 3. ledd, til å avgjere erstatningskrav som er knytta til fylkesveg, jf. skadeerstatningslova § 2-1, er delegert til fylkesrådmannen for krav under 100 000 kroner. For krav over 100 000 kroner er myndet lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde til å fråvike krav til vegnormalar etter § 13, jf. § 3, nr. 4, i forskrift om anlegg av offentleg veg, er delegert til fylkesutvalet når det gjeld «skal-krav» og til fylkesrådmannen når det gjeld «bør-krav» og «kan-krav».

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 20, 2. ledd, til å kunne inngå semje med ein kommune om at fylkeskommunen skal ta heile eller delar av kostnaden med planlegging, bygging og utbetring av kommunal veg i tilknytning til fylkesveg, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29, 4. ledd, til å fastsetje at avstanden for byggjegrænse skal vere kortare enn 50 meter på fylkesveg er delegert til fylkesrådmannen. Det same gjeld myndet til å fastsetje av avstanden for byggjegrænse frå kryss skal vere ein annan enn 60 meter.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 38 til å vedta råderettsavgrensing for grunn innanfor byggjegrænse er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 44 til å krevje at det vert sett opp gjerde ved veg og å krevje gjerde flytta eller endra, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 45 til å fastsetje plassering av gjerde, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47 til å flytte, rive, endre eller setje i stand gjerde, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 50 til å gjere vedtak om eigedomsinngrep, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 57 til å gi løyve til tiltak på eigedomsområdet til fylkesveg, er delegert til fylkesrådmannen.

3.10 Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling av 09.02.79, nr. 8785, og forskrift om delegering av mynde etter kulturminnelova av 31.08.94 nr. 888.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å avgjere om marka over eit automatisk freda kulturminne fortsatt kan nyttast til beite eller innmark og avgjerd om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å fastsetje sikringssone er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å ta i mot og handsame meldingar om tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til ta imot planar, krevje forlenga uttalefrist og gi uttale om tiltak som kjem inn under reglane om undersøkingsplikt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å registrere og vedlikehalde automatisk freda kulturminne, med unntak av automatisk freda kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld kyrkjer, kloster og kyrkjelege anlegg, borgar, festningar, byanlegg og restar av slike ståande bygg av alle slag), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å ta i mot meldingar om funn av lause kulturminne, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde til å varsle oppstart av fredings saker etter §§ 15 og 19 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15a til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 17 til å gi pålegg om istandsetjing ved forsømt vedlikehald av freda bygning, anlegg m.v. og oppfølging av pålegg om istandsetjing, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til hovudutvalet for næring og kultur. Fylkesrådmannen er gitt mynde til å gjere undersøkingar i slike saker og unntaksvis gi pålegg om istandsetjing eller vedlikehald av freda bygning eller anlegg. Det er eit vilkår at vedlikehaldsarbeidet hastar så mykje at det ikkje er tid til å leggje saka fram for hovudutvalet til avgjerd. Hovudutvalet skal ha melding på første møte etter at slikt pålegg er gjeve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 18, 1. ledd, til å ta imot melding om freda bygning, anlegg m.v. som er skada ved brann eller liknande og avgjere om denne skal setjast i stand eller byggjast opp att, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 18, 2. ledd, til å ta imot melding når forsikringstilfelle har skjedd og avgjere at forsikringssummen ikkje skal utbetalast før saka er avgjort etter første ledd, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld kyrkjer frå perioden 1537-1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 19, 3. ledd, og § 20, 3. ledd, til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 til å gjennomføre skjøtsel i område som er freda etter §§ 19 og 20 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 1, til å gi uttale til Riksantikvaren i saker om freding er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22a, nr 1, til å drøfte fredingsarbeidet er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 4, til å gjere vedtak om mellombels freding inntil Riksantikvaren har avgjort saka er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si oppgåve etter § 25 til å motta melding, søknad og vedtak om tiltak som er omfatta av lova, er lagt til fylkesrådmannen.

3.11 Viltlova av 29.05.1981 nr. 38

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 (2) til å endre avstanden for jakt frå motorbåt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 (1) til å godkjenne skotpremie er delegert til fylkesrådmannen.

3.12 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13.03.1981 nr. 6

I saker der fylkeskommunen eventuelt blir forureiningsstyresmakt etter § 81, er myndet til å gjere vedtak etter lova delegert til fylkesrådmannen.

Mynde til å gi fråsegn i konsesjonssaker er delegert til fylkesrådmannen.

3.13 Lov om tannhelsetenesta av 03.06.1983 nr. 54

Fylkesrådmannen er klageorgan etter § 2-3.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-2 til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar er delegert til fylkesrådmannen.

Mynde til å inngå avtalar med fylkeskommunalt tilsette tannlegar om privat praksis og leige av tannklinikk er delegert til fylkesrådmannen, jf. FU-sak nr 66/91.

3.14 Konkurslova av 08.06.1984 nr. 58

Fylkesrådmannen har mynde til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming.

3.15 Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med ein eller fleire kommunar er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.16 Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.06.1990 nr. 50.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegner til meldingar med konsekvensutgreiingsprogram og konsesjonssøknader er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å gi fråsegn i enkle og uproblematisk saker.

3.17 Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr. 47

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 42 til å tilsetje oppsyn er delegert til fylkesrådmannen.

3.18 Tvangsfullføringslova av 26.06.1992 nr. 86

Fylkesrådmannen er gitt mynde til å setje i verk dei tiltaka tvangsfullføringslova heimlar for sikring og inndrivning av uteståande pengekrav, og fullføring av krav og rettar som går ut på anna enn betaling av pengar. Likeeins kan han krevje utkasting av leigetakar når leigetida er ute eller når leigesummen ikkje er betalt til rett tid.

Fylkesrådmannen kan i kurante saker bruke dei rettsmiddel som er naudsynte for å fullføre ei tvangsinn drivings sak, under dette inngå forlik. Bruk av rettsmidlar utover dette, under dette anke, skal avgjerast av fylkesutvalet.

3.19 Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbanelova) av 11.06.1993 nr. 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å fastsetje transportvilkår dersom ein gir tilskot, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8g til å krevje informasjon om tilsette i verksemda som driv transporten, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

3.20 Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17.07.1998 nr. 61 og forskrift til opplæringslova

1. Hovudutvalet for opplæring har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å gi forskrifter om ordensreglement ved den enkelte vidaregåande skulen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og § 4A-1 flg.

Fylkeskommunen si plikt etter §§ 4A-3 og 4A-4 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-1, 3. ledd, til å søkje om unnatak frå påbodet om at skulen skal leiast av rektor.

Foreslå for fylkestinget retningsliner for elevane sin møterett i fylkeskommunale nemnder etter § 11-8, jf. kommunelova § 26.

2. Fagopplæringsnemnda har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-6 til å samtykkje i at læretida i den nye lærebedrifta kan gjerast inntil eitt år lengre dersom lærlingen har fått mangelfull opplæring.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

3.1 Opplæringslova:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-1, 3. ledd, til etter søknad å gi eleven eller lærlingen løyve til utsetjing med eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-1, 7. ledd, for å tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-2 til å gi forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-3 til å gjere vedtak om at bedriftsdelen av opplæringa skal skje i skule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-4 til å søkje om avvik frå forskrifter om læreplanar for ein skule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta bortvising av ein elev for resten av lengda på det vg1, vg2 eller vg3 eleven er teken inn på.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-9 til å gjere vedtak om teiknspråkopplæring.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-10 til å gjere vedtak om punktskriftopplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-12 til å gjere vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar og mynde til å organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i egne grupper, klassar eller ved egne skular.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 4-2, § 5-1 og § 5-3 til å vedta spesialundervisning.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4A-3 første ledd til å gjere vedtak om rett til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4A-3 sjuande ledd til å gjere vedtak om eitt års påbygging eller fullført og bestått fagprøve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4A-9 til å gjere vedtak om tap av retten til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 og 4A-3.

Fylkeskommunen si plikt etter §§ 13-2 og 13-3a til å sørge for grunnskuleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i institusjonar etter barnevernlova og i helseinstitusjonar. Plikta omfattar også opplæring spesielt organisert for vaksne (etter kap. 4A) i helseinstitusjonar og spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (§ 5-7) som er i helseinstitusjonar eller institusjonar etter barnevernlova.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-2a til å sørge for grunnskule- og vidaregåande opplæring i fengsel.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova for alle som er busette i fylkeskommunen, jf. § 3-1, rett til vidaregåande opplæring, og § 4-2 og § 5-1, rett til spesialundervisning.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3b til å sørge for ulykkesforsikring for elevane.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3c til å sørge for rettleiing og kvalitetsutvikling.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3d til å sørge for foreldresamarbeid.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-10 til å sørge for at det finst eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte og eit forsvarleg system for oppfylging av resultatane frå vurderingane.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 og § 4A-7 for skyss, reisefølgje og tilsyn etter reglane i kapittel 7 i opplæringslova.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 for å organisere skuleskyssen i samråd med kommunane.

3.2 Forskrift til opplæringslova:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 1-16 andre ledd til å gjere vedtak om godkjenning av tidlegare bestått opplæring i Norge eller utlandet i heile opplæringsår.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-64 til å gjere vedtak om særskild tilrettelegging på fagprøve/kompetanseprøve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-66 til å gjere vedtak om bortvising frå kompetanseprøve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-12 sjetle ledd til å gjere vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-13 og § 6-46 til å gjere vedtak om realkompetansevurdering for vaksne i vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-25 til å gjere vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-29 til å gjere vedtak om bortvising frå eksamen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-30 til å gjere vedtak om annullering av eksamen på grunn av juks eller forsøk på juks.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-5 til å gjere vedtak om endra status frå fulltids- til deltidselev.

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6-27 og 6-39 til å gjere vedtak om inntak av deltidselevar til vgl, 2 og 3.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-42 til å gjere vedtak om inntak til knutepunktskule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6-45 og 6-47 til å gjere vedtak om inntak av vaksne med rett til vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-48 til å gjere vedtak om inntak av vaksne utan rett til vidaregåande opplæring.

4. Klageinstans

Klage på enkeltvedtak

Fylkesutvalet er klageinstans for følgjande enkeltvedtak:

- vedtak om inntak på utdanningsprogram eller programområde, eller kva skule søkjar skal takast inn på etter § 3-1, jf. § 15-2
- vedtak av rektor om bortvising inntil 5 dagar etter § 3-8
- vedtak om bortvising for resten av kurset etter § 3-8 og § 4A-9
- vedtak om vidaregåande opplæring for vaksne etter § 4A-3
- vedtak om skyss etter § 13-4 og friskulelova § 3-7, 2. ledd
- enkeltvedtak i fagopplæringsnemnda, jf. § 15-2

Klage på karaktervurdering

Fylkesrådmannen er klageinstans på vurdering etter forskrift til opplæringslova, kapittel 5, med unntak av § 5-9, slik:

- klage over karakter ved munnleg avgangsprøve/eksamen etter § 5-10
- klage over eksamensresultat ved andre ikkje-skriftlege eksamenar etter § 5-11

- klage over standpunkt karakterar etter § 5-12
- klage over karakter i orden og atferd etter § 5-13
- klage grunnlagt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold § 5-14 (5)
- klage på bedømming av kompetanseprøver etter § 5-14 (2)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-9 i forskrift til opplæringslova til å oppnemne klagenemnder til skriftleg lokalgjevne eksamenar er delegert til fylkesrådmannen.

3.21 Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) av 24.11.2000 nr. 82

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn i saker etter vassressurslova ligg til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen kan gi fråsegn i enkle og uproblematiskke saker, til dømes terskelbygging og forbyggingssaker.

3.22 Lov om fastsetjing og endring av kommune – og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å søkje om grensejustering eller grensefastsetjing ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi fråsegn til søknader om grenseendring og grensefastsetjing ligg til fylkestinget. Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn og medverke ved saksførebuinga er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å gi fråsegn til kostnadsdelinga i utgreiingssaker om grensejustering ligg til fylkestinget.

Fylkesutvalet har mynde til å gi fråsegn ved mindre endringar i kommunegrensene.

3.23 Brann- og eksplosjonsvernlova av 14.06.2002 nr. 20

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

3.24 Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Eventuell delegert mynde frå departementet etter § 15.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 23 til å vedta at godtgjersle til rutetransport skal gå til eit selskap som administrerer rutesambanda.

2. Hovudutvalet for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å gi løyve til persontransport med motorvogn i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å gi løyve til persontransport med fartøy i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å gi fråsegn til søknader vedrørande riksvegferjer og fylkeskryssande rutetransport.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 til å yte godtgjersler til rutetransport, og til å fastsetje kontraktsform og retningsliner for tildeling av godtgjersle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29 til å tilbakekalle løyve når løyvehavaren ikkje lenger oppfyller krava eller ikkje rettar seg etter fastsette vilkår eller forskrifter.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å gi løyve til persontransport mot vederlag med motorvogn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å avgjere om det skal nyttast anbod ved tildeling av løyve for persontransport i rute. Fylkesrådmannen har vidare mynde til å utarbeide tilbodsgrunnlag, akseptere tilbod og inngå avtalar om kjøp av tenester m.v og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi løyve til persontransport med motorvogn utanfor rute (drosje, turvogn, selskapsvogn, transport av funksjonshemma m.v.)

3.25 Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy av 26.03.2003, nr. 401

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragraf:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje inndeling av fylket i løyvedistrikt.

2. Hovudutvalet for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 16 til å tilbakekalle løyve etter yrkestransportlova § 29.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å godkjenne system for billettering, rabatt og liknande.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 32 til å fastsetje bruk av rutebilstasjon, bestemte haldeplassar og bestemte gjennomkøyringsliner m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 33 til å leggje ned rutedrift.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 36 til å unnta persontransport i rute frå løyveplikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje tal løyve i fylket.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 1. ledd, til å bestemme om det skal vere ein eller fleire drosjesentralar i eit løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 4. ledd, til å godkjenne vedtekter for drosjesentralar.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 7. ledd, til å fastsetje nærare reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 3. ledd, til å bestemme at drosjar skal vere utstyrt med taksameter, kommunikasjonsutstyr m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 4. ledd, til å bestemme at førar av drosje skal bruke uniform.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15 til å tilbakekalle løyve ved dødsfall eller konkurs.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 39 til å vedta overføring av drosjeløyve ved dødsfall.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 40 til å gjere unnatak frå reglane for drift av selskapsløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å bestemme stasjoneringsstad for løyve for transport av funksjonshemma.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 2. ledd, til å bestemme stasjoneringsstad for drosjeløyve og om løyvehavar skal vere tilslutta drosjesentral.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 1. ledd, til å fastsetje stasjoneringsstad for drosjer som kjem frå anna løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 3. ledd, til å gjere unnatak frå reglane om stasjoneringsstad.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 49 til å tildele reservedrosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 til å innvilge søknad om bestyrarordning for drosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 52 til å gjere unnatak for aldersgrensa.

3.26 Ekomlova av 04.07.2003 nr. 83

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

3.27 Lov om frittstående skular (friskulelova) av 04.07.2003 nr. 84

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak og mynde til å klage på vedtaket, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-3, 4. ledd, til å vedta omval for eleven og opplæring i inntil to år ekstra er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6, 2. ledd, til å vedta spesialundervisning er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7, 2. ledd, til å gjere vedtak om skyss er delegert til fylkesrådmannen. Fylkesutvalet er klageinstans.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å bortvise ein elev frå resten av kurset er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-1 til å velje ein representant som har møte- og talerett i styret for ein privatskule, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

3.28 Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) av 28.11.2003 nr. 98

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til konsesjonssaker som gjeld erverv av fast eigedom, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.29 Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr. 56

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi offentleg tilskot til tilbydarar av godkjent fagskoleutdanning er delegert til hovudutvalet for opplæring.

3.30 Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr. 130

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi lån og tilskot til Innovasjon Norge ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å inngå avtale med selskapet er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å krevje eit nærmare bestemt emne handsama for ekstraordinært føretaksmøte, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 31a til å foreslå saker handsama på føretaksmøte er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 35 til å fremje forslag om gransking av selskapet eller nærmare opplyst forhold vedkomande forvaltninga av det eller selskapet sitt rekneskap er delegert til fylkesutvalet.

3.31 Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr. 15

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 (6) til å oppnemne styremedlemer ved statlege høgskular er delegert til fylkesutvalet.

3.32 Straffelova av 20.05.2005 nr. 28

Fylkeskommunen sitt mynde til å melde straffbare handlingar til politiet er delegert til fylkesrådmannen. Dette gjeld også handlingar som er straffbare etter særlovgevinga.

3.33 Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr. 79

Fylkeskommunen sitt mynde til å handsame søknadar om akvakulturloyve er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde knytt til registreringsordning av akvakultur er delegert til fylkesrådmannen.

3.34 Tvistelova av 17.06.2005 nr. 90

Fylkesutvalet har delegert mynde til å reise sivilt søksmål.

I saker der fylkeskommunen er saksøkt skal fylkesutvalet orienterast om saka før hovudforhandlinga startar.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å ta stilling til om avgjerder under førebuinga av rettssaker skal ankast.

Fylkesutvalet har delegert mynde til å ta stilling til ankespørsmålet og krav om oppattaking i sivile saker.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å inngå forlik i sivile saker for inntil kr 250.000. Utover denne summen ligg myndet hjå fylkesutvalet.

Mynde til å gi fullmakt til partsrepresentant ligg hjå fylkesordføraren.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å engasjere juridisk bistand.

3.35 Matrikkellova av 17.06.2005 nr. 101

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

3.36 Offentleglova av 19.05.2006 nr. 16

Fylkeskommunen sitt mynde til å handsame krav om dokumentinnsyn og klagar på avgjerder etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

3.37 Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) av 29.06.2007 nr. 89

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å fremje og legge til rette for variert kulturverksemd er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 bokstav a til å samarbeide med stat og kommune for å syte for at kulturlivet har mest moglege føreseielege utviklingskår ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 bokstav b og c til å fremje profesjonalitet, kvalitet og deltaking i kulturtilbodet og til å syte for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak, er delegert til fylkesrådmannen.

3.38 Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr. 37

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8a til å fatte vedtak på særskilde område innafor lova sitt verkeområde, der det er fastsett i forskrift, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 12 og 13, jf. forskrift om undervisningskvoter av 19. desember 2014, til å tildele skulekvote, lærlingkvote og berekne storleiken på den enkelte skulekvote, er delegert til fylkesrådmannen.

3.39 Plan- og bygningslova av 27.06.2008 nr. 71

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 1-9 (3) til å påklage enkeltvedtak som direkte vedkjem fylkeskommunen sitt saksområde, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6 til å setje i verk arbeid med planar der ein skal samarbeide med staten og/eller kommunane, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å heilt eller delvis overta dei oppgåvene planadministrasjonen i kommunen har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å utarbeide planprogram er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å gi høyringsfråsegn til framlegg til planprogram er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-3 til å opprette regionalt planforum er delegert til fylkesutvalet. Myndet til å leie det regionale planforumet er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å komme med motsegn til kommuneplanen sin arealdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til områderegulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til detaljregulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-2 til å gi høyringsfråsegn til statlege planretningslinjer er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-1 til å utarbeide ein regional planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-2 til å vedta den regionale planstrategien er lagt til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-1 til å utarbeide regionale planar utifrå planstrategien er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-3 til å sende framlegg til plandokument på høyring, er delegert til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen har likevel mynde til å sende på høyring plandokument for areal i vassregionane Hordaland, Møre og Romsdal, Vest-Viken og Glomma, som ligg i Sogn og Fjordane.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-5 til å fastsetje regional planføresegn er delegert til fylkesutvalet. Dette gjeld også samtykke til å setje i verk tiltak som vert omfatta av regional planføresegn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 til å oppmode kommunane til å overføre planarbeidet til regional plan er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-5 til å opptre som meklar dersom kommunane er usamde, er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-7 til å gi fråsegn om plansamarbeid før departementet pålegg dette er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10-1 til å gi fråsegn til kommunal planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi uttale til kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde, jf. § 11-1 tredje ledd, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11-14, jf. § 11-4, til å gi fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11-14 til å gi fråsegn til kommuneplanen sin arealdel, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-10 til å gi fråsegn til reguleringsplan (områderegulering og detaljregulering) er delegert til fylkesrådmannen. Fylkesutvalet skal likevel som hovudregel gi fråsegn i følgjande saker:

- Saker som er i strid med fylkeskommunen sine eigarinteresser når det gjeld eigedommar
- Saker som vedkjem regionale interesser

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-14 til å gi fråsegn til endring eller oppheving av kommunal reguleringsplan er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 14-4 til å varsle om negative miljøverknader er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 19-1 til å uttale seg til søknader om dispensasjon, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gje fråsegn til tematiske forvaltningsplanar som vedkjem kulturminne og kulturmiljø, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.40 Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) av 19.06.2009 nr. 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å avklare forholdet til spørsmålet om samtidig oppstart av kommunalt og regionalt planarbeid er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 43 til å gi høyringsfråsegn til verneforskrift er delegert til fylkesutvalet.

3.41 Byggherreforskrifta av 03.08.2009 nr. 1028

Fylkeskommunen sitt mynde etter forskrifta er delegert til fylkesrådmannen.

3.42 Folkehelselova av 24.06.2011 nr. 29

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 20 er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 21 er delegert til fylkesrådmannen.

3.43 Jordskiftelova av 21.06.2013 nr. 100

Fylkesrådmannen har mynde til å fremje sak for jordskifteretten, jf. FU-sak 55/10.

Der jordskiftesaker er reist mot fylkeskommunen skal fylkesutvalet orienterast om saka når fylkeskommunen får innkalling til rettsmøte.

Fylkesrådmannen har mynde til å førebu saka og engasjere juridisk bistand.

Fylkesrådmannen avgjer om saka skal ankast.

3.44 Forskrift om minimum sikkerheitskrav til visse tunnelar på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo av 10.12.2014 nr. 1566 (tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesveg m.m.)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å utnemne ein tryggleikskontrollør, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sine plikter etter § 7 til å syte for naudsynte inspeksjonar, evalueringar og prøver, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sine plikter etter § 9 til å utføre inspeksjonar, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10 til å få framlagt tryggleiksdokumentasjon, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å dokumentere krava til tryggleiksnivå, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si plikt etter § 12 til å utarbeide utbetningsplan for tunnelar som ikkje oppfyller krava i forskrifta, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13 til å utarbeide rapportar om brannar m.m., og til å utarbeide ein tidsplan for innføring av forskrifta, vert delegert til fylkesrådmannen.

3.45 Lov om offentlige anskaffelser av 17.06.2016, nr. 73, og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) av 12.08.2016, nr. 974

Fylkesrådmannen har mynde til å utføre oppgåver og til å ta avgjerder etter lova og forskrifta, under dette å utarbeide tilbudsgrunnlag, akseptere tilbud og inngå avtalar om kjøp og tenester og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

KAP 4. ANNA DELEGERING

4.1 Val og oppnemning m.v.

Valrett som ikkje i lover, forskrifter m.v. er lagt til fylkestinget med delegeringssperre, er delegert til fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan delegere myndet vidare til hovudutvala eller fylkesrådmannen.

Fylkesutvalet er valnemnd for val som vert gjort av fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigarposten er minst kr 100 000 og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigarposten er under kr 100 000.

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l., er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesordføraren har mynde til å nemne opp slike representantar dersom det hastar. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om oppnemninga.

4.2 Høyringsfråsegner

Fylkesutvalet har mynde til å gi høyringsfråsegner til lovutkast, sentrale planar, framlegg til vedtektsendringar, m.v.

Hovudutvala kan gi slike fråsegner når fråsegna har ei klar sektoravgrensing og ikkje vedkjem spørsmål av prinsipiell rekkevidde for den fylkeskommunale styringa utanfor sektoren eller kan tenkjast å ha konsekvensar for fylkeskommunen sin totaløkonomi. Fråsegna skal ekspederast frå fylkesordføraren som avgjer om ho likevel bør leggast fram for fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har høve til å gi fråsegner i hastetilfelle når det ikkje er tid til å vente på neste møte i hovudutvalet/fylkesutvalet. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om fråsegna og gjevast høve til å gi ei tilleggsfråsegn.

4.3 Husleigeforhold

Fylkesrådmannen har mynde til å inngå og seie opp leigeavtalar om husvære, kontorbygg, undervisningslokale og andre husleigeformål. Det er ein føresetnad at avtalane er kurante og at dei ikkje bind opp fylkeskommunen på ein tyngjande måte. Avtalane må ha dekking i budsjettet. Fylkesutvalet avgjer elles desse sakene.

Fylkesrådmannen har mynde til å fastsetje husleiga for fylkeskommunale husvære og bygningar, under dette fastsetje årlege reguleringar og avgjere søknader om subsidiert husleige.

Fylkesrådmannen har mynde til å ivareta fylkeskommunen sine interesser i alle tvistemål som vert reist mot fylkeskommunen vedkomande leigeforhold. Fylkesrådmannen kan nytte dei

rettsmiddel som etter omstenda må reknast å vere i fylkeskommunen si interesse, m.a. inngå forlik, jf. elles kap 3.33 ovanfor.

4.4 Disposisjonar over fast eigedom

Fylkesutvalet har mynde til å vedta følgjande:

- Sal eller anna avståing av bygningar og tomtegrunn
- Avtalar om utleige eller leige av tomtegrunn
- Kjøp av tomtegrunn

Fylkesrådmannen har mynde til å erverve grunn og føreta makeskifte til bruk for fylkesveg.

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettløyving, vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.5 Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap

Fylkesutvalet har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar ved oppretting av stiftingar, kjøpe aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskap i andre selskap. Likeeins kan fylkesutvalet vedta sal av aksjar og oppseiing av medlemskap i selskap.

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettløyving, vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.6 Organisering i administrasjonen

Fylkesrådmannen har mynde til å vedta organisering av sentraladministrasjonen og å vedta organisasjonsplanar og andre tiltak i samband med organisasjons- og utviklingsarbeid i den fylkeskommunale verksemda.

Det er eit vilkår at viktige prinsipp og budsjettmessige konsekvensar skal vere avklara i det politiske systemet på førehand.

4.7 Dekking av sakskostnader

Fylkesutvalet har mynde til å dekkje ein part sine sakskostnader i samsvar med forvaltningslova § 36 når eit vedtak vert endra til gunst for parten. Dersom vedtaket vert endra av fylkesutvalet som klagenemnd, er det klagenemnda som avgjer sakskostnadene.

Fylkesutvalet har mynde til å avgjere søknader om dekking av sakskostnader i andre saker der ein part engasjerer juridisk eller anna fagkunnig hjelp for å ivareta sine rettar i saka, t.d. i oppseiingssaker. Det skal gjerast ei behovsprøving av søknaden. Dersom parten går til søksmål mot fylkeskommunen, skal det ikkje gjevast dekking av sakskostnadene og ev. gitte tilsegn fell vekk.

Fylkesrådmannen har mynde til å avgjere søknader om dekking av sakskostnader i saker der han har avgjerdsmynde vedkomande erstatningsspørsmålet, jf. kap 4.8.

4.8 Pengekrav (her medrekna erstatningskrav) - utanomrettsleg handsaming

I samband med utanomrettsleg handsaming av krav på erstatning eller anna betalingsoppfylling, har fylkesrådmannen mynde til å forplikte fylkeskommunen for ein sum avgrensa oppover til kr 250 000,-. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har mynde til i enkeltsaker å ettergi/avskrive fylkeskommunale pengekrav på inntil kr 250 000,- når det er på det reine at kravet ikkje kan drivast inn. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

4.9 Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren.

Mynde til å fordele statlege midlar til bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, jf. Kgl.res. av 03.04.87, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Mynde til å fordele andre statlege tilskot til lokale og regionale kulturbygg, restaurering av freda bygg, verdsarvtiltak, m.m, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Mynde til å fordele fylkeskommunale tilskotsmidlar løyvde i årsbudsjettet er delegert til fylkesrådmannen.

4. 10 Oppretting, nedlegging og omgjering av stillingar, jf. kommunelova § 24

Fylkesrådmannen har innanfor budsjettrammene mynde til å opprette, omgjere og nedleggje alle stillingar innan den fylkeskommunale verksemda, jf. tilsetjingsreglementet.

4.11 Byggesaksrutinar

Oppgåver og mynde etter fylkeskommunen sine byggesaksrutinar er fastsette av fylkestinget i FT-sak 8/04.

KAP 5. INNSTILLINGSINSTITUTTET

5.1 Innstilling til vedtak i folkevalde organ

Ei innstilling er eit framlegg til vedtak som det folkevalde organet skal votere over.

Når administrasjonen legg fram ei sak for eit folkevald organ i fylkeskommunen, skal fylkesrådmannen/fylkesdirektøren som ledd i saksførebuinga presentere ei innstilling, så fram saka har ei slik karakter at dette er naturleg.

I ei sak som skal handsamast av fleire folkevalde organ før vedtak vert gjort, skal fylkesrådmannen innstille til det organet som skal handsame saka først. Dette organet legg så fram si innstilling til det overordna folkevalde organet.



DELEGERINGS- OG INNSTILLINGSREGLEMENT

Vedtekte av fylkestinget 13.06.17 i sak 16/17



VIDAREDELEGERING

Vedtekte av fylkesrådmannen 28.06.17

FØREORD

Det gjeldande delegerings- og innstillingsreglementet for fylkeskommunen vart vedteke av fylkestinget 13.06.17, sak 16/17. Reglementet galdt frå vedtaksdato.

All mynde i ein fylkeskommune er forankra i fylkestinget. Nokre avgjerande vedtak kan berre gjerast av fylkestinget sjølv, men dei aller fleste avgjerder kan delegerast til andre organ. I praksis må mange avgjerder delegerast til administrasjonen for at fylkeskommunen skal kunne vere operativ.

Systemet i dette reglementet er at fylkestinget delegerer noko mynde til fylkesutvalet eller hovudutvala og noko mynde til fylkesrådmannen. Fylkesutvalet og hovudutvala har høve til å vidaredelegere sitt mynde til fylkesrådmannen dersom ikkje anna er bestemt.

Fylkesrådmannen har vidaredelegert mykje av myndet sitt til fylkesdirektørane m.fl. Vidaredelegeringa er i reglementet markert med understreking i teksten.

Vidaredelegering til fylkesdirektørane inneber at dei også har mynde til å opptre som underinstans i klagesaker etter forvaltningslova.

Fylkesdirektørane har berre høve til å vidaredelegere myndet sitt når dette framgår av reglementet.

Innstillingsinstituttet – reglane om innstilling til vedtak i folkevalde organ – er omtala i kapittel 5.

Fylkesrådmannen,
Juni 2017

INNHALD	Side
KAP 1 GENERELT	5
1.1 Heimel, definisjon	5
1.2 Føremål og rollefordeling	5
1.3 Særskilde reglement o.l.	5
1.4 Myndefordeling	6
1.4.1 Fylkestinget	6
1.4.2 Fylkesordføraren	6
1.4.3 Fylkesutvalet	6
1.4.4 Hovudutvala	6
1.4.5 Fylkesrådmannen	6
KAP 2 NÆRARE OM DELEGERING	8
2.1 Bruk av delegert mynde/fullmakt	8
2.2 Vidaredelegering	8
2.3 Tilbaketrekking av delegert mynde	8
2.4 Omgjering	8
2.5 Kontroll	8
2.6 Rett til å la vere å bruke delegert mynde	8
2.7 Mynde i klagesaker	9
KAP 3 DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER	10
3.1 Lov om taubaner og løypestrenger av 14.06.1912 nr 1	10
3.2 Skjønnsprosesslova av 01.06.1917 nr. 1	10
3.3 Lov om erverv av vassfall, bergverk og annan fast eigedom m.v. av 14.12.1917 nr 16	10
3.4 Lov om vassdragsreguleringar av 14.12.1917 nr 17	10
3.5 El-tilsynslova av 24.05.1929 nr. 4	10
3.6 Friluftsløva av 28.06.1957 nr 16	11
3.7 Granneløva av 16.06.1961 nr 15 og grannegjerdeløva av 05.05.1961	11
3.8 Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.06.1963 nr 12	11
3.9 Vegløva av 21.06.1963 nr 23	11
3.10 Motorferdselslova av 10.06.1977 nr. 82	13
3.11 Lov om kulturminne av 09.06.1978, nr 50	13
3.12 Viltløva av 29.05.1981 nr 38	15
3.13 Lov om vern mot forureiningar og om avfall av 13.03.1981, nr 6	15
3.14 Lov om tannhelsetenesta av 03.06.1983, nr 54	16
3.15 Konkursløva av 08.06.1984, nr 58	16
3.16 Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr 108	16
3.17 Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetnad og fordeling av energi av 29.06.1990, nr 50	16
3.18 Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr 47	16
3.19 Tvangsfullføringsløva av 26.06.1992, nr 86	17
3.20 Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m av 11.06.1993 nr 100	17
3.21 Opplæringsløva av 17.06.1998, nr 61, og forskrift til opplæringsløva	17

3.22	Lov om vassdrag og grunnvatn av 24.11.2000, nr 82	21
3.23	Inndelingslova av 15.06.2001 nr 70	21
3.24	Brann- og eksplosjonsvernlova av 14.06.2002 nr. 20	21
3.25	Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy av 21.06.2002, nr 45	22
3.26	Forskrift om yrkestransport innanlands med motorvogn m.v. av 26.03.2003	23
3.27	Ekomlova av 04.07.2003 nr. 83	24
3.28	Lov om frittstående skular av 04.07.2003, nr 84	24
3.29	Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom av 28.11.2003	25
3.30	Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr 56	25
3.31	Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr 130	25
3.32	Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr 15	26
3.33	Straffelova av 20.05.2005 nr 28	26
3.34	Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr 79	26
3.35	Twistelova av 17.06.2005 nr 90	26
3.36	Matrikkellova av 17.06.2005 nr. 101	26
3.37	Offentleglova av 19.05.2006 nr. 16	27
3.38	Kulturlova av 29.06.2007 nr 89	27
3.39	Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar av 06.06.2008 nr 37	27
3.40	Plan og bygningslova av 27.06.2008 nr 71	27
3.41	Lov om forvaltning av naturens mangfold av 19.06.2009 nr 100	30
3.42	Byggherreforskrifta av 03.08.2009 nr. 1028	30
3.43	Folkehelselova av 24.06.2011 nr. 29	30
3.44	Jordskiftelova av 21.06.2013 nr. 100	31
3.45	Tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesveg av 10.12.2014 nr 1566	31
3.46	Lov om offentlige anskaffelser av 17.06.2016, nr. 73, og forskrift om offentlige anskaffelser av 12.08.2016, nr. 974	32

KAP 4 ANNA DELEGERING 33

4.1	Val og oppnemning m.v.	33
4.2	Høyringsfråsegner	33
4.3	Husleigeforhold	33
4.4	Disposisjonar over fast eigedom	34
4.5	Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap	34
4.6	Organisering i administrasjonen	34
4.7	Dekking av sakskostnader	35
4.8	Pengekrav (her medrekna erstatningskrav) – utanomrettsleg handsaming	35
4.9	Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren	35
4.10	Oppretting, nedlegging og omgjering av stillingar	35
4.11	Byggesaksrutinar	36

KAP 5 INNSTILLINGSINSTITUTTET 37

5.1	Innstilling til vedtak i folkevalde organ	37
-----	---	----

DELEGERINGSREGLEMENT

KAP 1. GENERELT

1.1 Heimel, definisjon

Dette reglementet er utarbeidd på grunnlag av lov om kommunar og fylkeskommunar av 25.09.92 nr. 107, aktuelle særlover og ulovfesta reglar om delegering.

Delegering vil seie overføring av mynde frå eit organ til eit anna. Det rettslege innhaldet av eit delegeringsvedtak er at den ein delegerer til kan treffe avgjerder innan vedtaket sine rammer på vegner av det delegerande organet.

Delegering av mynde inneber ikkje at det delegerande organet gir frå seg ansvaret på vedkomande område. Den som delegerer mynde kan når som helst ta tilbake det myndet som er delegert.

1.2 Føremål og rollefordeling

Føremålet med delegeringsreglementet er å sikre ei rasjonell arbeidsfordeling mellom fylkestinget, dei andre folkevalde organa i fylkeskommunen og administrasjonen. Fylkestinget har delegert myndet sitt under omsyn til behovet for reell politisk styring og kontroll, effektiv ressursutnytting og rettstryggleik.

Fylkestinget har behov for å føre kontroll med korleis myndet det har delegert til administrasjonen vert utøvd. Dette behovet vert ivareteke gjennom årsrekneskapen, årsrapporten, andre periodiske rapportar og verksemda til kontrollutvalet.

Fylkestinget og fylkesordføraren held seg til administrasjonen gjennom fylkesrådmannen. Hovudutvalsleiarane held seg til administrasjonen gjennom dei respektive fylkesdirektørane.

Administrasjonen arbeider sjølvstendig ut frå faglege vurderingar. Politikarane gjer dei politiske vurderingane.

Bestillingar frå politikarane til administrasjonen skal skje gjennom vedtak i møte i folkevalde organ.

1.3 Særskilde reglement o.l.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen sitt budsjett, vert fastsett i eit eige budsjettreglement. Dette vert rullert årleg og vedteke av fylkestinget som ein del av budsjettet. Reglementet er tilpassa kommunelova sine reglar.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen si finansforvaltning, er fastsett i eit eige finansreglement.

Delegering av mynde når det gjeld fylkeskommunen si konsesjonskraftomsetjing, er fastsett i FT-sak nr. 24/12.

Delegering av mynde i personalsaker (tilsetjing, permisjonar m.v.) vert fastsett i særskilde reglement og vedtak.

Reglane i kapittel 1 og 2 i dette reglementet gjeld også ved delegering fastsett i særskilde reglement eller vedtak.

1.4 Myndefordeling

1.4.1 Fylkestinget

Fylkestinget er ifølgje kommunelova § 6 det øvste organet i fylkeskommunen og gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen i alle saker dersom anna ikkje følgjer av lov eller fylkestinget sine delegeringsvedtak.

Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

Berre fylkestinget kan disponere unytta løyvingar som følgje av at nye tiltak ikkje vert sette i verk i budsjettåret.

1.4.2 Fylkesordføraren

Fylkesordføraren er fylkeskommunen sin rettslege representant. Han underskriv på vegner av fylkeskommunen, jf. kommunelova § 9, dersom myndet ikkje er lagt til andre (jf. kap. 1.4.5).

1.4.3 Fylkesutvalet

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker etter delegert mynde frå fylkestinget, slik det følgjer av dette reglementet eller av fylkestinget sine delegeringsvedtak i konkrete saker.

Fylkesutvalet kan opprette og nedlegge komitear i samsvar med kommunelova § 10, nr 5.

Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd i saker som skulle vore avgjort av fylkestinget når det er naudsynt at det vert teke avgjerd så snart at det ikkje er tid til å kalle inn til møte i fylkestinget, jf. FT-sak nr 46/92. Dette gjeld likevel ikkje saker der myndet er lagt til fylkestinget utan høve til vidaredelegering.

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28, jf. FT-sak nr. 46/92.

1.4.4 Hovudutvala

Hovudutvala tek avgjerd i saker som naturleg fell innanfor utvala sine arbeidsområde, jf. reglementa for hovudutvala og kap. 3 og 4 i dette reglementet.

1.4.5 Fylkesrådmannen

Fylkesrådmannen er den øvste leiaren for den samla fylkeskommunale administrasjonen,

jf. kommunelova § 23.

All delegering frå politiske organ til administrasjonen skal skje til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen avgjer sjølv vidaredelegering.

Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd i saker som ikkje er av prinsipiell betyding. Dette vil vere saker av mindre rekkevidde og rutinemessig karakter i samsvar med innarbeidd praksis gjennom tidlegare vedtak i einskildsaker.

Fylkesrådmannen sitt mynde er elles fastsett i kap. 3 og 4 i dette reglementet, i instruksen for fylkesrådmannen vedteke av fylkestinget 10.06.1976, i andre fylkeskommunale reglement og i eigne delegeringsvedtak.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å underskrive avtalar og skøyte på vegner av fylkeskommunen, jf. elles pkt. 4.4.

Fylkesrådmannen har mynde til å søkje om statlege og andre eksterne midlar innanfor fylkeskommunen sitt ansvarsområde.

I saker der fylkesrådmannen eller andre i administrasjonen gjer vedtak etter delegert mynde skal vedkomande hovudutval orienterast om vedtaket. Dette gjeld likevel ikkje vedtak i personalsaker og andre kurante enkeltvedtak som ikkje er av prinsipiell betyding.

Fylkesrådmannen har ansvaret for å setje i verk vedteke budsjett. Fylkesrådmannen har tilvisingsfullmakt for alle utgifter og inntekter på budsjettet.

Assisterande fylkesrådmann har fullmakt til å ta avgjerd på vegner av fylkesrådmannen.

KAP 2. NÆRARE OM DELEGERING

2.1 Bruk av delegert mynde/fullmakt

All delegert mynde skal utøvast i samsvar med dei sakshandsamingsreglane som følgjer av lover, forskrifter og god forvaltningsskikk, og elles innanfor plan- og budsjettammer som er fastsette av fylkestinget eller anna overordna fylkeskommunalt organ.

2.2 Vidaredelegering

Fylkesrådmannen har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom ikkje anna er bestemt i dette reglementet eller vedtak. Andre i administrasjonen har ikkje mynde til å vidaredelegere dersom dette ikkje uttrykkeleg er sagt i delegeringsvedtaket.

Fylkesutvalet og hovudutvala har høve til å vidaredelegere delegert mynde dersom ikkje anna er bestemt.

Kontrollutvalet og revisjonen skal ha melding om all vidaredelegering. Vidare skal fylkesrådmannen ha melding slik at ein alltid har ei samla oversikt over all delegering.

2.3 Tilbaketrekking av delegert mynde

Delegert mynde kan når som helst trekkast attende.

Når situasjonen tilseier det, kan eit overordna organ krevje å få ei sak til avgjerd som elles skulle ha vore avgjort av eit underordna organ i samsvar med delegert mynde,

2.4 Omgjering

Eit overordna organ kan av eige tiltak gjere om eit vedtak frå underordna organ i samsvar med reglane i forvaltningslova § 35.

2.5 Kontroll

Gjennom kontrollutvalet fører fylkestinget det øvste tilsyn med at delegert mynde vert utøvd i samsvar med reglar og intensjonar for delegering.

2.6 Rett til å la vere å bruke delegert mynde

Organ eller arbeidstakar som har fått delegert mynde, kan i særskilde tilfelle overlate til overordna organ å ta avgjerd i ei konkret sak.

2.7 Mynde i klagesaker

Delegert mynde til eit hovudutval omfattar også mynde til å handsame klagar på enkeltvedtak som underinstans etter reglane i forvaltningslova § 33. Underinstansen er det organet som gjorde det påklaga vedtaket og som skal vurdere klagen før saka eventuelt vert oversendt klageinstansen.

Ved delegering til arbeidsutval eller anna organ under hovudutval, er det hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans.

Delegert mynde til fylkesrådmannen omfattar også mynde til å handsame ein forvaltningsklage som underinstans.

Ved delegering frå fylkesrådmannen til andre i administrasjonen, er det anten fylkesrådmannen, fylkesdirektøren, regionvegsjefen eller hovudutvalet som skal ha funksjonen som underinstans. Fylkesrådmannen avgjer dette i delegeringsvedtaket.

KAP 3. DELEGERING AV MYNDE ETTER LOVER OG FORSKRIFTER

3.1 Lov om taubaner og løypestrenger av 14.6.1912 nr. 1.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til søknader om anlegg av taubaner, under dette skitrekk, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til plansjefen.

3.2 Skjønnsprosesslova av 01.06.1917 nr. 1

Fylkeskommunen sitt mynde til å krevje skjøn eller takst, og til å krevje overskjøn, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.3 Lov om erverv av vassfall, bergverk og annan fast eigedom m.v. (vassfallskonsesjonslova) av 14.12.1917 nr. 16

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24 til å gi fråsegn i saker om søknad om konsesjon er delegert til fylkesutvalet.

Mynde etter § 9 til å ta stilling til om fylkeskommunen skal bruke sin subsidiære forkjøpsrett til fallrettar etter staten, ligg til fylkestinget.

3.4 Lov om vassdragsreguleringar av 14.12.1917 nr. 17

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6 og 12, pkt 12, til å gi fråsegn i saker om vassdragsregulering, her medrekna konsesjonssøknader, ligg til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11, pkt 2, til å disponere midlar som er opparbeidde i eit ev. vassdragsreguleringsfond er delegert til fylkesutvalet.

3.5 El-tilsynslova av 24.05.1929 nr. 4

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.6 Friluftsløva av 28.06.1957 nr. 16

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 for å fremje friluftsmål i fylket, er lagt til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å opptre eller klage for å ivareta interessene til ålmenta, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22 til å reise søksmål for å ivareta ålmentas interesser, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 24, 5. ledd, til å bringe inn for departementet fylkesmannen sine vedtak etter §§ 2, 3, 3a, 15 og 16, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.7 Granneløva av 16.06.1961 nr. 15 og grannegjerdeløva av 05.05.1961

Fylkeskommunen sitt mynde etter desse lovene er delegert til fylkesrådmannen. Likevel skal saker med vesentleg kryssande interesser mellom fylkeskommunen som eigar av eigedom og som offentleg planstyresmakt, leggast fram for fylkesutvalet. Det er høve til vidaredelegering av mynde som gjeld grannegjerdeløva.

[Fylkesrådmannen har delegert myndet etter grannegjerdeløva vidare til bygge- og eigedomssjefen.](#)

3.8 Lov om undersjøiske naturforekomstar av 21.06.1963 nr. 12.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi løyve for undersøking og utnytting av skjelsand, sand og grus etter § 2 og etter vedtak av Nærings- og energidepartementet av 29.3.93, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.9 Vegløva av 21.06.1963 nr. 23

Fylkeskommunen sitt mynde til å uttale seg ved tilsetjing av regionvegsjef er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å gi fråsegn til opptak av veg som riksveg, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å ta opp kommunal eller privat veg som fylkesveg, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å uttale seg om nedlegging eller omgjering av riksveg eller til å fatte vedtak om nedlegging eller omgjering av fylkesveg til kommunal veg, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8, jf. § 7, til å omdisponere mindre parsellar av fylkesveggrunn som er vorte til overs ved omleggingsarbeid m.v., er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde som vegstyresmakt for fylkesvegar etter § 9, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10, 3. ledd, til å avgjere erstatningskrav som er knytta til fylkesveg, jf. skadeerstatningslova § 2-1, er delegert til fylkesrådmannen for krav under 100 000 kroner. For krav over 100 000 kroner er myndet lagt til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til å avgjere erstatningskrav på under 100 000 kroner vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde til å fråvike krav til vegnormalar etter § 13, jf. § 3, nr. 4, i forskrift om anlegg av offentleg veg, er delegert til fylkesutvalet når det gjeld «skal-krav» og til fylkesrådmannen når det gjeld «bør-krav» og «kan-krav».

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 20, 2. ledd, til å kunne inngå semje med ein kommune om at fylkeskommunen skal ta heile eller delar av kostnaden med planlegging, bygging og utbetring av kommunal veg i tilknytning til fylkesveg, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29, 4. ledd, til å fastsetje at avstanden for byggjegrænse skal vere kortare enn 50 meter på fylkesveg er delegert til fylkesrådmannen. Det same gjeld myndet til å fastsetje av avstanden for byggjegrænse frå kryss skal vere ein annan enn 60 meter.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 38 til å vedta råderettsavgrensing for grunn innanfor byggjegrænse er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 44 til å krevje at det vert sett opp gjerde ved veg og å krevje gjerde flytta eller endra, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 45 til å fastsetje plassering av gjerde, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47 til å flytte, rive, endre eller setje i stand gjerde, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 50 til å gjere vedtak om eigedomsinngrep, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 57 til å gi løyve til tiltak på eigedomsområdet til fylkesveg, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.10 Motorferdsellova av 10.06.1977 nr. 82

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 til å gi uttale til kommunale forskrifter er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til plansjefen.

3.11 Lov om kulturminne av 09.06.1978 nr. 50, jf. forskrift om fagleg ansvarsfordeling av 09.02.79, nr. 8785, og forskrift om delegering av mynde etter kulturminnelova av 31.08.94 nr. 888.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3 til å avgjere om marka over eit automatisk freda kulturminne fortsatt kan nyttast til beite eller innmark og avgjerd om pløying og anna jordarbeid djupare enn tidlegare kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å fastsetje sikringssone er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å ta i mot og handsame meldingar om tiltak som kan verke inn på automatisk freda kulturminne er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til ta imot planar, krevje forlenga uttalefrist og gi uttale om tiltak som kjem inn under reglane om undersøkingsplikt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å registrere og vedlikehalde automatisk freda kulturminne, med unntak av automatisk freda kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld kyrkjer, kloster og kyrkjelege anlegg, borgar, festningar, byanlegg og restar av slike ståande bygg av alle slag), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å ta i mot meldingar om funn av lause kulturminne, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde til å varsle oppstart av fredings saker etter §§ 15 og 19 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15a til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 17 til å gi pålegg om istandsetjing ved forsømt vedlikehald av freda bygning, anlegg m.v. og oppfølging av pålegg om istandsetjing, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til hovudutvalet for næring og kultur. Fylkesrådmannen er gitt mynde til å gjere undersøkingar i slike saker og unntaksvis gi pålegg om istandsetjing eller vedlikehald av freda bygning eller anlegg. Det er eit vilkår at vedlikehaldsarbeidet hastar så mykje at det ikkje er tid til å leggje saka fram for hovudutvalet til avgjerd. Hovudutvalet skal ha melding på første møte etter at slikt pålegg er gjeve.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til å gjere undersøkingar og gje pålegg vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 18, 1. ledd, til å ta imot melding om freda bygning, anlegg m.v. som er skada ved brann eller liknande og avgjere om denne skal setjast i stand eller byggjast opp att, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld freda kyrkjer frå perioden 1537 – 1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 18, 2. ledd, til å ta imot melding når forsikringstilfelle har skjedd og avgjere at forsikringssummen ikkje skal utbetalast før saka er avgjort etter første

ledd, med unntak av dei kulturminne som ved forskrift er lagt til Riksantikvaren (gjeld kyrkjer frå perioden 1537-1649, freda byggverk i statleg eige og freda båtar), er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 19, 3. ledd, og § 20, 3. ledd, til i særlege tilfelle å gjere unntak frå vedtak om freding og fredingsføresegner for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda området, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 til å gjennomføre skjøtsel i område som er freda etter §§ 19 og 20 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 1, til å gi uttale til Riksantikvaren i saker om freding er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22a, nr 1, til å drøfte fredingsarbeidet er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 22, nr 4, til å gjere vedtak om mellombels freding inntil Riksantikvaren har avgjort saka er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen si oppgåve etter § 25 til å motta melding, søknad og vedtak om tiltak som er omfatta av lova, er lagt til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

3.12 Viltlova av 29.05.1981 nr. 38

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 21 (2) til å endre avstanden for jakt frå motorbåt er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 (1) til å godkjenne skotpremie er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

3.13 Lov om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) av 13.03.1981 nr. 6

I saker der fylkeskommunen eventuelt blir forureiningsstyresmakt etter § 81, er myndet til å gjere vedtak etter lova delegert til fylkesrådmannen.

Mynde til å gi fråsegn i konsesjonssaker er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova vidare til plansjefen.

3.14 Lov om tannhelsetenesta av 03.06.1983 nr. 54

Fylkesrådmannen er klageorgan etter § 2-3.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-2 til å inngå avtalar med privatpraktiserande tannlegar er delegert til fylkesrådmannen.

Mynde til å inngå avtalar med fylkeskommunalt tilsette tannlegar om privat praksis og leige av tannklinikk er delegert til fylkesrådmannen, jf. FU-sak nr 66/91.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova vidare til direktøren for tannhelsetenesta.

3.15 Konkurslova av 08.06.1984 nr. 58

Fylkesrådmannen har mynde til å krevje at buet til ein skuldnar vert teke under konkurshandsaming.

3.16 Lov om folkebibliotek av 20.12.1985 nr. 108

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å inngå avtalar om felles bibliotekdrift og lånesamarbeid med ein eller fleire kommunar er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.17 Lov om produksjon, omforming, overføring, omsetning og fordeling av energi m.m. (energilova) av 29.06.1990 nr. 50.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegner til meldingar med konsekvensutgreiingsprogram og konsesjonssøknader er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å gi fråsegn i enkle og uproblematiskke saker.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til plansjefen.

3.18 Lov om laksefisk og innlandsfisk m.v. av 15.05.1992 nr. 47

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 42 til å tilsetje oppsyn er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for næring og kultur.

3.19 Tvangsfullføringslova av 26.06.1992 nr. 86

Fylkesrådmannen er gitt mynde til å setje i verk dei tiltaka tvangsfullføringslova heimlar for sikring og inndrivning av uteståande pengekrav, og fullføring av krav og rettar som går ut på anna enn betaling av pengar. Likeeins kan han krevje utkasting av leigetakar når leigetida er ute eller når leigesummen ikkje er betalt til rett tid.

Fylkesrådmannen kan i kurante saker bruke dei rettsmiddel som er naudsynte for å fullføre ei tvangsinndrivingssak, under dette inngå forlik. Bruk av rettsmidlar utover dette, under dette anke, skal avgjerast av fylkesutvalet.

3.20 Lov om anlegg og drift av jernbane, herunder sporvei, tunnelbane og forstadsbane m.m. (jernbaneloven) av 11.06.1993 nr. 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å fastsetje transportvilkår dersom ein gir tilskot, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8g til å krevje informasjon om tilsette i verksemda som driv transporten, er delegert til hovudutvalet for samferdsle.

3.21 Lov om grunnskulen og den vidaregåande opplæringa av 17.07.1998 nr. 61 og forskrift til opplæringslova

1. Hovudutvalet for opplæring har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å gi forskrifter om ordensreglement ved den enkelte vidaregåande skulen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter § 3-1 og § 4A-1 flg.

Fylkeskommunen si plikt etter §§ 4A-3 og 4A-4 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-1, 3. ledd, til å søkje om unnatak frå påbodet om at skulen skal leiast av rektor.

Foreslå for fylkestinget retningsliner for elevane sin møterett i fylkeskommunale nemnder etter § 11-8, jf. kommunelova § 26.

2. Fagopplæringsnemnda har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-6 til å samtykkje i at læretida i den nye lærebedrifta kan gjerast inntil eitt år lengre dersom lærlingen har fått mangelfull opplæring.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

3.1 Opplæringslova:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-1, 3. ledd, til etter søknad å gi eleven eller lærlingen løyve til utsetjing med eller avbrot i opplæringa utan at retten tek slutt.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-1, 7. ledd, for å tilby anna opplæring dersom ein elev eller ein lærling har særlege vanskar med å følgje den opplæringa som er vald.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-2 til å gi forskrifter om skule- og feriedagar i skuleåret for elevane.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-3 til å gjere vedtak om at bedriftsdelen av opplæringa skal skje i skule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-4 til å søkje om avvik frå forskrifter om læreplanar for ein skule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-8 og § 4A-9 til å vedta bortvising av ein elev for resten av lengda på det vg1, vg2 eller vg3 eleven er teken inn på.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-9 til å gjere vedtak om teiknspråkopplæring.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 3-10 til å gjere vedtak om punktskriftopplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-12 til å gjere vedtak om særskild språkopplæring for elevar frå språklege minoritetar og mynde til å organisere særskilt opplæringstilbod for nykomne elevar i eigne grupper, klassar eller ved eigne skular.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 4-2, § 5-1 og § 5-3 til å vedta spesialundervisning.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4A-3 første ledd til å gjere vedtak om rett til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4A-3 sjuande ledd til å gjere vedtak om eitt års påbygging eller fullført og bestått fagprøve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4A-9 til å gjere vedtak om tap av retten til vidaregåande opplæring for vaksne.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å gi tilbod til søkjarar utan rett etter § 3-1 og 4A-3.

Fylkeskommunen si plikt etter §§ 13-2 og 13-3a til å sørgje for grunnskuleopplæring, spesialpedagogisk hjelp og vidaregåande opplæring i institusjonar etter barnevernlova og i helseinstitusjonar. Plikta omfattar også opplæring spesielt organisert for vaksne (etter kap. 4A) i helseinstitusjonar og spesialpedagogisk hjelp til barn under opplæringspliktig alder (§ 5-7) som er i helseinstitusjonar eller institusjonar etter barnevernlova.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-2a til å sørgje for grunnskule- og vidaregåande opplæring i fengsel.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3 til å oppfylle retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova for alle som er busette i fylkeskommunen, jf. § 3-1, rett til vidaregåande opplæring, og § 4-2 og § 5-1, rett til spesialundervisning.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3b til å sørge for ulykkesforsikring for elevane.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3c til å sørge for rettleiing og kvalitetsutvikling.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-3d til å sørge for foreldresamarbeid.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13-10 til å sørge for at det finst eit forsvarleg system for vurdering av om krava i opplæringslova og forskriftene til lova blir oppfylte og eit forsvarleg system for oppfylging av resultatane frå vurderingane.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 og § 4A-7 for skyss, reisefølge og tilsyn etter reglane i kapittel 7 i opplæringslova.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-4 for å organisere skuleskyssen i samråd med kommunane.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter ovanstående paragrafar, med unntak av § 13-4 og § 4A-7, vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter § 13-4 og § 4A-7 vidare til fylkesdirektøren for samferdsle.

3.2 Forskrift til opplæringslova:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 1-16 andre ledd til å gjere vedtak om godkjenning av tidlegare bestått opplæring i Norge eller utlandet i heile opplæringsår.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-64 til å gjere vedtak om særskild tilrettelegging på fagprøve/kompetanseprøve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-66 til å gjere vedtak om bortvising frå kompetanseprøve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-12 sjetle ledd til å gjere vedtak om ikkje å setje standpunktkarakter.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-13 og § 6-46 til å gjere vedtak om realkompetansevurdering for vaksne i vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-25 til å gjere vedtak om særskild tilrettelegging av eksamen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-29 til å gjere vedtak om bortvising frå eksamen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-30 til å gjere vedtak om annullering av eksamen på grunn av juks eller forsøk på juks.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-5 til å gjere vedtak om endra status frå fulltids- til deltidselev.

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6-27 og 6-39 til å gjere vedtak om inntak av deltidselevar til vg1, 2 og 3.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-42 til å gjere vedtak om inntak til knutepunktskule.

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 6-45 og 6-47 til å gjere vedtak om inntak av vaksne med rett til vidaregåande opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-48 til å gjere vedtak om inntak av vaksne utan rett til vidaregåande opplæring.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter ovanstående paragrafar vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

4. Klageinstans

Klage på enkeltvedtak

Fylkesutvalet er klageinstans for følgjande enkeltvedtak:

- vedtak om inntak på utdanningsprogram eller programområde, eller kva skule søkjar skal takast inn på etter § 3-1, jf. § 15-2
- vedtak av rektor om bortvising inntil 5 dagar etter § 3-8
- vedtak om bortvising for resten av kurset etter § 3-8 og § 4A-9
- vedtak om vidaregåande opplæring for vaksne etter § 4A-3
- vedtak om skyss etter § 13-4 og friskulelova § 3-7, 2. ledd
- enkeltvedtak i fagopplæringsnemnda, jf. § 15-2

Klage på karaktervurdering

Fylkesrådmannen er klageinstans på vurdering etter forskrift til opplæringslova, kapittel 5, med unntak av § 5-9, slik:

- klage over karakter ved munnleg avgangsprøve/eksamen etter § 5-10
- klage over eksamensresultat ved andre ikkje-skriftlege eksamenar etter § 5-11
- klage over standpunktarakterar etter § 5-12

- klage over karakter i orden og åtfærd etter § 5-13
- klage grunnlagt med formelle feil eller andre ikkje-faglege forhold § 5-14 (5)
- klage på bedømming av kompetanseprøver etter § 5-14 (2)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-9 i forskrift til opplæringslova til å oppnemne klagenemnder til skriftleg lokaljevne eksamenar er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring.

5. Forskrift om inntak til vidaregåande opplæring

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter forskrift om inntak til vidaregåande opplæring og formidling til læreklasse i Sogn og Fjordane fylkeskommune, datert 14.10.2014, vidare til fylkesdirektøren for opplæring.

3.22 Lov om vassdrag og grunnvatn (vassressurslova) av 24.11.2000 nr. 82

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn i saker etter vassressurslova ligg til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen kan gi fråsegn i enkle og uproblematisk saker, til dømes terskelbygging og forbyggingssaker.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til plansjefen.

3.23 Lov om fastsetjing og endring av kommune – og fylkesgrenser (inndelingslova) av 15.06.2001 nr. 70

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å søkje om grensejustering eller grensefastsetjing ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi fråsegn til søknader om grenseendring og grensefastsetjing ligg til fylkestinget. Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn og medverke ved saksførebuinga er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å gi fråsegn til kostnadsdelinga i utgreiingssaker om grensejustering ligg til fylkestinget.

Fylkesutvalet har mynde til å gi fråsegn ved mindre endringar i kommunegrensene.

3.24 Brann- og eksplosjonsvernlova av 14.06.2002 nr. 20

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegssjefen.

3.25 Lov om yrkestransport med motorvogn og fartøy (yrkestransportlova) av 21.06.2002 nr. 45

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Eventuell delegert mynde frå departementet etter § 15.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 23 til å vedta at godtgjersle til rutetransport skal gå til eit selskap som administrerer rutesambanda.

2. Hovudutvalet for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å gi løyve til persontransport med motorvogn i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7 til å gi løyve til persontransport med fartøy i rute.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 13 til å gi fråsegn til søknader vedrørande riksvegferjer og fylkeskryssande rutetransport.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 22 til å yte godtgjersler til rutetransport, og til å fastsetje kontraktsform og retningsliner for tildelinga av godtgjersle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 29 til å tilbakekalle løyve når løyvehavaren ikkje lenger oppfyller krava eller ikkje rettar seg etter fastsette vilkår eller forskrifter.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å gi løyve til persontransport mot vederlag med motorvogn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å avgjere om det skal nyttast anbod ved tildeling av løyve for persontransport i rute. Fylkesrådmannen har vidare mynde til å utarbeide tilbudsgrunnlag, akseptere tilbod og inngå avtalar om kjøp av tenester m.v og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9 til å gi løyve til persontransport med motorvogn utanfor rute (drosje, turvogn, selskapsvogn, transport av funksjonshemma m.v.)

[Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering.](#)

3.26 Forskrift om yrkestransport innenlands med motorvogn eller fartøy av 26.03.2003, nr. 401

1. Fylkesutvalet har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragraf:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje inndeling av fylket i løyvedistrikt.

2. Hovudutvalet for samferdsle har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 16 til å tilbakekalle løyve etter yrkestransportlova § 29.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å godkjenne system for billettering, rabatt og liknande.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 32 til å fastsetje bruk av rutebilstasjon, bestemte haldeplassar og bestemte gjennomkøyringsliner m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 33 til å leggje ned rutedrift.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 36 til å unnta persontransport i rute frå løyveplikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 37 til å fastsetje tal løyve i fylket.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 1. ledd, til å bestemme om det skal vere ein eller fleire drosjesentralar i eit løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 4. ledd, til å godkjenne vedtekter for drosjesentralar.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 7. ledd, til å fastsetje nærare reglar for drosjeverksemda i løyvedistriktet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 3. ledd, til å bestemme at drosjar skal vere utstyrt med taksameter, kommunikasjonsutstyr m.v.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 48, 4. ledd, til å bestemme at førar av drosje skal bruke uniform.

3. Fylkesrådmannen har mynde til å ta avgjerd etter følgjande paragrafar:

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 15 til å tilbakekalle løyve ved dødsfall eller konkurs.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 39 til å vedta overføring av drosjeløyve ved dødsfall.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 40 til å gjere unnatak frå reglane for drift av selskapsløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å bestemme stasjoneringsstad for løyve for transport av funksjonshemma.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 46, 2. ledd, til å bestemme stasjoneringsstad for drosjeløyve og om løyvehavar skal vere tilslutta drosjesentral.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 1. ledd, til å fastsetje stasjoneringsstad for drosjer som kjem frå anna løyvedistrikt.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 47, 3. ledd, til å gjere unntak frå reglane om stasjoneringsstad.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 49 til å tildele reservedrosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 51 til å innvilge søknad om bestyrarordning for drosjeløyve.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 52 til å gjere unntak for aldersgrensa.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle.

3.27 Ekomlova av 04.07.2003 nr. 83

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.28 Lov om frittstående skular (friskulelova av 04.07.2003 nr. 84)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 2-1 til å gi fråsegn før departementet gjer vedtak og mynde til å klage på vedtaket, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-3, 4. ledd, til å vedta omval for eleven og opplæring i inntil to år ekstra er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6, 2. ledd, til å vedta spesialundervisning er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7, 2. ledd, til å gjere vedtak om skyss er delegert til fylkesrådmannen. Fylkesutvalet er klageinstans.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å bortvise ein elev frå resten av kurset er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for opplæring, med høve til vidaredelegering.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-10, 2. ledd til å vedta at ein elev skal miste retten til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-1, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-1 til å velje ein representant som har møte- og talerett i styret for ein privatskule, er delegert til hovudutvalet for opplæring.

3.29 Lov om konsesjon ved erverv av fast eigedom (konsesjonslova) av 28.11.2003 nr. 98

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi fråsegn til konsesjonssaker som gjeld erverv av fast eigedom, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.30 Lov om fagskoleutdanning av 20.06.2003 nr. 56

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi offentleg tilskot til tilbydarar av godkjent fagskoleutdanning er delegert til hovudutvalet for opplæring.

3.31 Lov om Innovasjon Norge av 19.12.2003, nr. 130

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8 til å gi lån og tilskot til Innovasjon Norge ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å inngå avtale med selskapet er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 30 til å krevje eit nærmare bestemt emne handsama for ekstraordinært føretaksmøte, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesdirektøren for næring og kultur førebur sakene for fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 31a til å foreslå saker handsama på føretaksmøte er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesdirektøren for næring og kultur førebur sakene for fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 35 til å fremje forslag om gransking av selskapet eller nærmare opplyst forhold vedkomande forvaltninga av det eller selskapet sitt rekneskap er delegert til fylkesutvalet.

3.32 Lov om universiteter og høyskoler av 01.04.2005 nr. 15

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 (6) til å oppnemne styremedlemer ved statlege høgskular er delegert til fylkesutvalet.

3.33 Straffelova av 20.05.2005 nr. 28

Fylkeskommunen sitt mynde til å melde straffbare handlingar til politiet er delegert til fylkesrådmannen. Dette gjeld også handlingar som er straffbare etter særlovgjevinga.

Fylkesrådmannen har delegert til fylkesdirektørane myndet til å melde ei straffbar handling til politiet. Fylkesdirektørane har høve til å vidaredelegere. Fylkesrådmannen skal ha kopi av politimeldinga.

3.34 Lov om akvakultur av 17.06.2005 nr. 79

Fylkeskommunen sitt mynde til å handsame søknadar om akvakulturløyve er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde knytt til registreringsordning av akvakultur er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova til fylkesdirektøren for næring og kultur.

3.35 Tvistelova av 17.06.2005 nr. 90

Fylkesutvalet har delegert mynde til å reise sivilt søksmål.

I saker der fylkeskommunen er saksøkt skal fylkesutvalet orienterast om saka før hovudforhandlinga startar.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å ta stilling til om avgjerder under førebuinga av rettssaker skal ankast.

Fylkesutvalet har delegert mynde til å ta stilling til ankespørsmålet og krav om oppattaking i sivile saker.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å inngå forlik i sivile saker for inntil kr 250.000. Utover denne summen ligg myndet hjå fylkesutvalet.

Mynde til å gi fullmakt til partsrepresentant ligg hjå fylkesordføraren.

Fylkesrådmannen har delegert mynde til å engasjere juridisk bistand.

3.36 Matrikkellova av 17.06.2005 nr. 101

Fylkeskommunen sitt mynde etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til bygge- og eigedomssjefen. I saker som gjeld forvaltning av fylkesvegar har fylkesrådmannen likevel delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.37 Offentleglova av 19.05.2006 nr. 16

Fylkeskommunen sitt mynde til å handsame krav om dokumentinnsyn og klagar på avgjerder etter lova er delegert til fylkesrådmannen.

3.38 Lov om offentlege styresmakters ansvar for kulturverksemd (kulturlova) av 29.06.2007 nr. 89

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4 til å fremje og legge til rette for variert kulturverksemd er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 bokstav a til å samarbeide med stat og kommune for å syte for at kulturlivet har mest mogeleg føreseielege utviklingskår ligg til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5 bokstav b og c til å fremje profesjonalitet, kvalitet og deltaking i kulturtilbodet og til å syte for at personar, organisasjonar og institusjonar har tilgang til informasjon om ordningar med økonomisk støtte og om andre verkemiddel og tiltak, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring og kultur.

3.39 Lov om forvaltning av viltlevande marine ressursar (havressurslova) av 06.06.2008 nr. 37

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8a til å fatte vedtak på særskilde område innafor lova sitt verkeområde, der det er fastsett i forskrift, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter §§ 12 og 13, jf. forskrift om undervisningskvoter av 19. desember 2014, til å tildele skulekvote, lærlingkvote og berekne storleiken på den enkelte skulekvote, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter lova til fylkesdirektøren for næring og kultur.

3.40 Plan- og bygningslova av 27.06.2008 nr. 71

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 1-9 (3) til å påklage enkeltvedtak som direkte vedkjem fylkeskommunen sitt saksområde, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen, med unntak av enkeltvedtak som direkte vedkjem nærings- og kulturminneinteresser. Sistnemnde er delegert til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-6 til å setje i verk arbeid med planar der ein skal samarbeide med staten og/eller kommunane, er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 3-7 til å heilt eller delvis overta dei oppgåvene planadministrasjonen i kommunen har med å organisere planarbeidet og utarbeide planforslag er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å utarbeide planprogram er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 4-1 til å gi høyringsfråsegn til framlegg til planprogram er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-3 til å opprette regionalt planforum er delegert til fylkesutvalet. Myndet til å leie det regionale planforumet er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å komme med motsegn til kommuneplanen sin arealdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert førebuinga av sakene slik: Motsegn som relaterer seg til planfaglege interesser vert førebudd av plansjefen. Motsegn som relaterer seg til nærings- og kulturminneinteresser vert førebudd av fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til områderegulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert førebuinga av sakene slik: Motsegn som relaterer seg til planfaglege interesser vert førebudd av plansjefen. Motsegn som relaterer seg til nærings- og kulturminneinteresser vert førebudd av fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 5-4 til å kome med motsegn til detaljregulering er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert førebuinga av sakene slik: Motsegn som relaterer seg til planfaglege interesser vert førebudd av plansjefen. Motsegn som relaterer seg til nærings- og kulturminneinteresser vert førebudd av fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6-2 til å gi høyringsfråsegn til statlege planretningslinjer er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-1 til å utarbeide ein regional planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 7-2 til å vedta den regionale planstrategien er lagt til fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-1 til å utarbeide regionale planar utifrå planstrategien er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-3 til å sende framlegg til plandokument på høyring, er delegert til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen har likevel mynde til å sende på høyring plandokument for areal i vassregionane Hordaland, Møre og Romsdal, Vest-Viken og Glomma, som ligg i Sogn og Fjordane.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 8-5 til å fastsetje regional planføresegn er delegert til fylkesutvalet. Dette gjeld også samtykke til å setje i verk tiltak som vert omfatta av regional planføresegn.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-4 til å oppmode kommunane til å overføre planarbeidet til regional plan er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-5 til å opptre som meklar dersom kommunane er usamde, er lagt til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 9-7 til å gi fråsegn om plansamarbeid før departementet pålegg dette er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10-1 til å gi fråsegn til kommunal planstrategi er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert førebuing av sakene til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gi uttale til kommunedelplanar for bestemte område, tema eller verksemdsområde, jf. § 11-1 tredje ledd, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11-14, jf. § 11-4, til å gi fråsegn til kommuneplanen sin samfunnsdel med handlingsdel er delegert til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert førebuing av sakene til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11-14 til å gi fråsegn til kommuneplanen sin arealdel, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-10 til å gi fråsegn til reguleringsplan (områderegulering og detaljregulering) er delegert til fylkesrådmannen. Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen. Fylkesutvalet skal likevel som hovudregel gi fråsegn i følgjande saker:

- Saker som er i strid med fylkeskommunen sine eigarinteresser når det gjeld eigedommar
- Saker som vedkjem regionale interesser

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 12-14 til å gi fråsegn til endring eller oppheving av kommunal reguleringsplan er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 14-4 til å varsle om negative miljøverknader er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 19-1 til å uttale seg til søknader om dispensasjon, er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring og kultur.

Fylkeskommunen sitt mynde til å gje fråsegn til tematiske forvaltningsplanar som vedkjem kulturminne og kulturmiljø, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

3.41 Lov om forvaltning av naturens mangfold (naturmangfoldlova) av 19.06.2009 nr. 100

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 41 til å avklare forholdet til spørsmålet om samtidig oppstart av kommunalt og regionalt planarbeid er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til plansjefen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 43 til å gi høringsfråsegn til verneforskrift er delegert til fylkesutvalet.

3.42 Byggherreforskrifta av 03.08.2009 nr. 1028

Fylkeskommunen sitt mynde etter forskrifta er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.43 Folkehelselova av 24.06.2011 nr. 29

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 20 er delegert til fylkesutvalet.

Fylkeskommunen sitt ansvar etter § 21 er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet vidare til plansjefen.

3.44 Jordskiftelova av 21.06.2013 nr. 100

Fylkesrådmannen har mynde til å fremje sak for jordskifteretten, jf. FU-sak 55/10.

Der jordskiftesaker er reist mot fylkeskommunen skal fylkesutvalet orienterast om saka når fylkeskommunen får innkalling til rettsmøte.

Fylkesrådmannen har mynde til å førebu saka og engasjere juridisk bistand.

Fylkesrådmannen avgjer om saka skal ankast.

I saker som gjeld forvaltning av fylkesvegar har fylkesrådmannen delegert myndet vidare til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.45 Forskrift om minimum sikkerheitskrav til visse tunnelar på fylkesvegnettet og kommunalt vegnett i Oslo av 10.12.2014 nr. 1566 (tunnelsikkerheitsforskrifta for fylkesveg m.m.)

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 6 til å utnemne ein tryggleikskontrollør, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sine plikter etter § 7 til å syte for naudsynte inspeksjonar, evalueringar og prøver, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sine plikter etter § 9 til å utføre inspeksjonar, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 10 til å få framlagt tryggleiksdokumentasjon, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen sitt mynde etter § 11 til å dokumentere krava til tryggleiksnivå, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si plikt etter § 12 til å utarbeide utbetningsplan for tunnelar som ikkje oppfyller krava i forskrifta, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkeskommunen si plikt etter § 13 til å utarbeide rapportar om brannar m.m., og til å utarbeide ein tidsplan for innføring av forskrifta, vert delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet etter forskrifta til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

3.46 Lov om offentlige anskaffelser av 17.06.2016, nr. 73, og forskrift om offentlige anskaffelser (FOA) av 12.08.2016, nr. 974

Fylkesrådmannen har mynde til å utføre oppgaver og til å ta avgjerder etter lova og forskrifta, under dette å utarbeide tilbudsgrunnlag, akseptere tilbud og inngå avtaler om kjøp og tenester og å avgjere klage over tildeling av kontrakt.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for samferdsle når det gjeld saker om kontraktar for drift av kollektivtransport.

Fylkesrådmannen har delegert myndet når det gjeld varer, tenester og byggje- og anleggskontraktar i tilknytning til fylkesvegar til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til bygge- og eigedomssjefen når det gjeld bygge- og anleggskontraktar, jf. årlege ansvarsbrev frå fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til einingsleiarane i sentraladministrasjonen når det gjeld enkeltkjøp inntil kr 500 000, eks. mva., på vare- og tenesteområde utan fylkeskommunal rammeavtale, jf. årlege ansvarsbrev frå fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til innkjøpssjefen når det gjeld andre varer og tenester, jf. årlege ansvarsbrev frå fylkesrådmannen.

KAP 4. ANNA DELEGERING

4.1 Val og oppnemning m.v.

Valrett som ikkje i lover, forskrifter m.v. er lagt til fylkestinget med delegeringssperre, er delegert til fylkesutvalet. Fylkesutvalet kan delegere myndet vidare til hovudutvala eller fylkesrådmannen.

Fylkesutvalet er valnemnd for val som vert gjort av fylkestinget.

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til generalforsamlingar i aksjeselskap er delegert til fylkesutvalet når eigarposten er minst kr 100 000 og som hovudregel til fylkesrådmannen når eigarposten er under kr 100 000.

Fylkeskommunen sitt mynde til å nemne opp representantar til styre, årsmøte m.v. i selskap, stiftingar, statlege organ o.l., er delegert til det hovudutvalet som organet naturleg høyrer under. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesordføraren har mynde til å nemne opp slike representantar dersom det hastar. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om oppnemninga.

4.2 Høyringsfråsegner

Fylkesutvalet har mynde til å gi høyringsfråsegner til lovutkast, sentrale planar, framlegg til vedtektsendringar, m.v.

Hovudutvala kan gi slike fråsegner når fråsegna har ei klar sektoravgrensing og ikkje vedkjem spørsmål av prinsipiell rekkevidde for den fylkeskommunale styringa utanfor sektoren eller kan tenkjast å ha konsekvensar for fylkeskommunen sin totaløkonomi. Fråsegna skal ekspederast frå fylkesordføraren som avgjer om ho likevel bør leggjast fram for fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har høve til å gi fråsegner i hastetilfelle når det ikkje er tid til å vente på neste møte i hovudutvalet/fylkesutvalet. Hovudutvalet/fylkesutvalet skal underrettast om fråsegna og gjevast høve til å gi ei tilleggsfråsegn.

4.3 Husleigeforhold

Fylkesrådmannen har mynde til å inngå og seie opp leigeavtalar om husvære, kontorbygg, undervisningslokale og andre husleigeformål. Det er ein føresetnad at avtalane er kurante og at dei ikkje bind opp fylkeskommunen på ein tyngjande måte. Avtalane må ha dekking i budsjettet. Fylkesutvalet avgjer elles desse sakene.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til bygge- og eigedomssjefen.

Fylkesrådmannen har mynde til å fastsetje husleiga for fylkeskommunale husvære og bygningar, under dette fastsetje årlege reguleringar og avgjere søknader om subsidiert husleige.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til bygge- og eigedomssjefen.

Fylkesrådmannen har mynde til å ivareta fylkeskommunen sine interesser i alle tvistemål som vert reist mot fylkeskommunen vedkomande leigeforhold. Fylkesrådmannen kan nytte dei rettsmiddel som etter omstenda må reknast å vere i fylkeskommunen si interesse, m.a. inngå forlik, jf. elles kap 3.33 ovanfor.

4.4 Disposisjonar over fast eigedom

Fylkesutvalet har mynde til å vedta følgjande:

- Sal eller anna avståing av bygningar og tomtegrunn
- Avtalar om utleige eller leige av tomtegrunn
- Kjøp av tomtegrunn

Fylkesrådmannen har mynde til å erverve grunn og føreta makeskifte til bruk for fylkesveg.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for samferdsle, med høve til vidaredelegering til regionvegsjefen.

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettløyving, vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.5 Deltaking i stiftingar, aksjeselskap eller andre selskap

Fylkesutvalet har mynde til å vedta at fylkeskommunen skal vere med som opprettar ved oppretting av stiftingar, kjøpe aksjar i aksjeselskap eller lutar/medlemskap i andre selskap. Likeeins kan fylkesutvalet vedta sal av aksjar og oppseiing av medlemskap i selskap.

Store og prinsipielle saker og saker som treng ekstra budsjettløyving, vert å leggje fram for fylkestinget til avgjerd.

4.6 Organisering i administrasjonen

Fylkesrådmannen har mynde til å vedta organisering av sentraladministrasjonen og å vedta organisasjonsplanar og andre tiltak i samband med organisasjons- og utviklingsarbeid i den fylkeskommunale verksemda.

Det er eit vilkår at viktige prinsipp og budsjettmessige konsekvensar skal vere avklara i det politiske systemet på førehand.

4.7 Dekking av sakskostnader

Fylkesutvalet har mynde til å dekkje ein part sine sakskostnader i samsvar med forvaltningslova § 36 når eit vedtak vert endra til gunst for parten. Dersom vedtaket vert endra av fylkesutvalet som klagenemnd, er det klagenemnda som avgjer sakskostnadene.

Fylkesutvalet har mynde til å avgjere søknader om dekking av sakskostnader i andre saker der ein part engasjerer juridisk eller anna fagkunnig hjelp for å ivareta sine rettar i saka, t.d. i oppseiingssaker. Det skal gjerast ei behovsprøving av søknaden. Dersom parten går til søksmål mot fylkeskommunen, skal det ikkje gjevast dekking av sakskostnadene og ev. gitte tilsegn fell vekk.

Fylkesrådmannen har mynde til å avgjere søknader om dekking av sakskostnader i saker der han har avgjerdsmynde vedkomande erstatningsspørsmålet, jf. kap 4.8.

4.8 Pengekrav (her medrekna erstatningskrav) - utanomrettsleg handsaming

I samband med utanomrettsleg handsaming av krav på erstatning eller anna betalingsoppfylling, har fylkesrådmannen mynde til å forplikte fylkeskommunen for ein sum avgrensa oppover til kr 250 000,-. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har mynde til i enkeltsaker å ettergi/avskrive fylkeskommunale pengekrav på inntil kr 250 000,- når det er på det reine at kravet ikkje kan drivast inn. Myndet ligg elles til fylkesutvalet.

Fylkesrådmannen har delegert til fylkesdirektørane å avskrive pengekrav på inntil kr 75 000,-.

4.9 Statlege og andre tilskotsmidlar innafor kultursektoren.

Mynde til å fordele statlege midlar til bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet, jf. Kgl.res. av 03.04.87, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Mynde til å fordele andre statlege tilskot til lokale og regionale kulturbygg, restaurering av freda bygg, verdsarvtiltak, m.m, er delegert til hovudutvalet for næring og kultur.

Mynde til å fordele fylkeskommunale tilskotsmidlar løyvde i årsbudsjettet er delegert til fylkesrådmannen.

Fylkesrådmannen har delegert myndet til fylkesdirektøren for næring og kultur.

4. 10 Oppretting, nedlegging og omgjering av stillingar, jf. kommunelova § 24

Fylkesrådmannen har innanfor budsjettammene mynde til å opprette, omgjere og nedleggje alle stillingar innan den fylkeskommunale verksemda, jf. tilsetjingsreglementet.

4.11 Byggesaksrutinar

Oppgåver og mynde etter fylkeskommunen sine byggesaksrutinar er fastsette av fylkestinget i FT-sak 8/04.

KAP 5. INNSTILLINGSINSTITUTTET

5.1 Innstilling til vedtak i folkevalde organ

Ei innstilling er eit framlegg til vedtak som det folkevalde organet skal votere over.

Når administrasjonen legg fram ei sak for eit folkevald organ i fylkeskommunen, skal fylkesrådmannen/fylkesdirektøren som ledd i saksførebuinga presentere ei innstilling, så framti saka har ei slik karakter at dette er naturleg.

I ei sak som skal handsamast av fleire folkevalde organ før vedtak vert gjort, skal fylkesrådmannen innstille til det organet som skal handsame saka først. Dette organet legg så fram si innstilling til det overordna folkevalde organet.



REGLEMENT FOR HOVUDSAMARBEIDSUTVALET

1 GENERELT

Sogn og Fjordane fylkeskommune har eit hovudsamarbeidsutval som er eit kombinert samarbeids- og hovudarbeidsmiljøutval. Hovudsamarbeidsutvalet er eit sentralt sektorovergripande samarbeidsutval.

Hovudsamarbeidsutvalet dekkjer oppgåvene som administrasjonsutval etter hovudavtalen kommunalt tariffområde del B, § 4, og [kommunelova § 25](#), og oppgåver etter [arbeidsmiljølova kap 7](#).

2 MÅL FOR HOVUDSAMARBEIDSUTVALET

Samarbeid, medråderett og medansvar skal sikre målretta styring av ressursane og eit godt arbeidsmiljø. Utvalet sitt arbeid skal vere prega av Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt verdigrunnlag for alle tilsette og kriterium for god leiarpraksis.

Innafor personalpolitikken, vere ein aktiv aktør i utviklings- og omstillingsprosessar, utarbeiding av personalpolitiske retningsliner, reglement m.m. i fylkeskommunen sin overordna arbeidsgjevarpolitikk.

Ivareta intensjonane om utvida konsultasjon- og partnerskapsforankring med gjensidig informasjon, drøfting av tiltak som gjer Sogn og Fjordane fylkeskommune til ein målretta utviklingsaktør.

Det vert elles synt til mål og intensjonar i lov- og avtaleverket.

3 SAMANSETNAD OG VAL



Hovudsamarbeidsutvalet har 10 medlemmer og skal vere slik samansett:

Arbeidsgjevarsida:	Fylkesrådmannen (med forvaltningsdirektøren som stedfortredar som varamedlem).
	Fylkesrådmannen peikar ut dei andre fire medlemene med personlege varamedlemer frå arbeidsgjevarsida.

Arbeidstakarsida:	Fylkeshovudverneombodet (med ein varamedlem frå vernetenesta).
	Fire representantar frå dei tilsette med personlege varamedlemer.
	Ved utpeiking av dei tilsette sine representantar blir medlemstalet både innanfor kommunalt og statleg avtaleområde å leggje til grunn. Representasjonen frå arbeidstakarsida skal skje etter høvetals-prinsippet, men arbeidstakarsida kan fråvike høvetalsprinsippet dersom dei gjennom avtale kjem fram til anna ordning/fordeling, jf. hovudavtalen.
	Utvalet byggjer på gjennomgåande representasjon, slik at det så langt det er praktisk mogeleg bør vere den fylkeshovudtillitsvalde som er representert som medlem eller varamedlem i utvalet.

Leiaren for utvalet vert vald vekselvis av fylkeskommunen og arbeidstakarane sine representantar for to år om gongen.

4 SAKSOMRÅDE/OPPGÅVER

Avgjerdsmynde (innafor ramma av vedteke budsjett):

- Overordna planar og retningslinjer for opplæring- og kompetanseutvikling.
- Overordna retningslinjer for introduksjon av nytilsette.

- Retningslinjer for AKAN-tiltak.
- Velferdstiltak og fordeling av velferdsmidlar av sektorovergripande karakter.
- Tiltak som stimulerer dei tilsette å kome med forbetringstiltak, herunder premieringsordning.
- Retningslinjer for attføringsarbeid.
- Fordele midlane til felles personaltiltak til ulike føremål.
- Avgjere søknader om hospiteringsmidlar.
- Oppfølging av interne tiltak i handlingsplan for likestilling, likeverd og mangfald, og elles løpande likestillingsarbeid omtalt i hovudavtalen for kommunalt tariffområde § 8.
- Tildeling av midlar til likestillingstiltak.
- Avgjere spørsmål som gjeld effektiviseringstiltak og utarbeiding eller revisjon av retningslinjer og reglement når desse ikkje krev auka løyvingar.
- Vedta årsmelding for hovudsamarbeidsutvalet sitt arbeidsområde.

Elles har hovudsamarbeidsutvalet **avgjerdsmynde** i spørsmål om arbeidsmiljø etter arbeidsmiljølova § 4-1 (5) (§ 7.2 i den gamle lova), med særleg vekt på:

- Arbeide for eit forsvarleg arbeidsmiljø som ivaretek arbeidstakaren si helse, tryggleik og velferd.
- Hovudsamarbeidsutvalet skal handsame saker vedkomande bedriftshelseteneste, intern verneteneste, opplæring og instruksjon som har verknad for arbeidsmiljøet.
- Planar som får vesentleg verknad for arbeidsmiljøet.
- Statistikk og rapportar om arbeidsmiljøet, arbeidsulykker og liknande.
- Statistikk over sjukefråvær.
- Innhald, rutinar og oppbygging av system for internkontroll som gjeld tiltak innafor lov om arbeidsmiljø.

Dersom oppfølging av vedtak krev ekstra løyvingar, skal saka gå vidare til politisk handsaming.

Uttalerett

- Overordna retningslinjer for fylkeskommunen sin løns- og personalpolitikk.

- Organisatoriske spørsmål, effektiviseringstiltak og utarbeiding eller revisjon av retningslinjer, instruksar og reglement innafor arbeidsområde som utvalet sjølv ikkje har mynde til å avgjere.
- Gjennomføring av særskilde rekrutteringstiltak for sektorar/sektorovergripande karakter
- Organisasjonsutvikling/omstilling for sektorar eller av sektorovergripande karakter.
- Års- og langtidsplanar for fylkeskommunen som vedgår dei tilsette.
- Årsbudsjett og økonomiplan.
- IKT-planar for sektorar eller av sektorovergripande karakter.
- Større utstyrsinvesteringar.
- Investeringsplanar til nybygg, nyanlegg og rehabilitering- og vedlikehaldsplanar for eksisterande bygg.
- Organisering av helse-, miljø- og tryggleiksarbeidet.

Informasjon/drøfting

- Saker som gjeld fylkeskommunen som utviklingsaktør.
- Fylkesplan med handlingsprogram.
- Revidert handlingsprogram som gjeld fylkesplanen.
- Større utviklingsprosjekt med ekstern finansiering, eller finansiert av fylkeskommunale løyvingar.
- Elles andre større saker som gjeld regional utvikling/samarbeid med kommunar, fylkeskommunar og næringsliv.
- Større saker som vert handsama i Vestlandsrådet.
- Andre større utviklingstiltak eller forsøksverksemd.

5 MØTE OG SEKRETARIAT

Hovudsamarbeidsutvalet skal ha møte når leiaren eller minst 1/3 av medlemane krev det. I arbeidsmiljøsaker skal utvalet også ha møte når minst to av medlemene krev det, jf. *Forskrift om organisering, leing og medvirkning* § 3-16. Det skal setjast opp møteplan for eit halvt eller eit heilt år om gongen.

Utvalet blir innkalla med ein frist på minst 5 dagar. Innkallinga, vedlagt saksdokument, skal sendast medlemar og varamedlemar. Fylkeshovudtillitsvalde

som ikkje er medlemmer eller varamedlemmer i utvalet skal ha tilsendt sakliste og saksdokument, dersom saka ikkje er unnateke off.

Andre fylkeskommunale tilsette og sakkunnige kan og kallast inn til møta når utvalet, leiaren, eller fylkesrådmannen ønskjer det.

Fylkesrådmannen har sekretariatsansvaret for hovudsamarbeidsutvalet, og førebur saker skriftleg med framlegg til vedtak. Sekretariatet samordnar og førebur utvalet sine møte.

I arbeidsmiljøsaker skjer saksbehandlninga med heimel i arbeidsmiljølova.

Det skal førast møtebok. Utskrift av møteboka skal sendast medlemene og varamedlemene. Fylkeshovudtillitsvalde som ikkje er medlem eller varamedlem i utvalet skal ha utskrift av møteboka. Møteboka skal leggjast fram til godkjenning i det følgjande møtet i utvalet.

Utvalet gjer vedtaka sine i møte. Hastesaker kan behandlast i fjernmøte etter reglane i kommunelova § 30 nr. 2.

Utvalet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene/vara-medlemene er til stades.

Utvalet tek avgjerd med vanleg fleirtal. Dersom røystene står likt er leiaren/møteleiaren si røyst avgjerande.

Møta vert haldne for opne dører, men likevel slik at saker merka "Ikkje offentleg" vert handsama i lukka møte.

Vedtaka fatta i utvalet er offentlege, med mindre saka er unnateken offentlegheit eller anna følgjer av lov og forskrift.

Elles gjeld saksbehandlingsreglane i kommunelova og fylkeskommunen sitt reglement for sakshandsaming i politiske utval så langt dei høver.

6 MINDRETALSANKE

Eit mindretal på minst to medlemene kan anke eit vedtak i hovudsamarbeidsutvalet til fylkesutvalet for overprøving.

Krav om mindretalsanke må setjast fram før møtet er slutt og skal protokollerast. Den som ankar har høve til å levere ei skriftleg utgreiing til fylkesutvalet saman med saksframstillinga.

Reglement for fylkestinget

Fastsett av fylkestinget i sak nr 26/95 og revidert i sak nr. 47/15 og nr. 17/17.

§ 1

Val og samansetnad

Fylkestinget har 31 medlemmer med varamedlemmer.

Medlemene vert valde av dei innbyggjarane i fylket som har røysterett etter reglar fastsett i lov, jf kommunelova § 7, nr 1. Valet gjeld for fire år.

Dersom ein medlem trer endeleg ut eller får varig forfall, trer varamedlem frå vedkomande gruppe inn i medlemmen sin stad i den nummerorden han er vald, jf kommunelova § 16, nr 2.

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i fylkestinget, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

Fylkesordføraren avgjer elles om fylkeskommunale arbeidstakarar eller andre skal kunne delta i møta under handsaminga av saker som vedkjem dei.

§ 2

Arbeidsområde

Fylkestinget er ifølgje kommunelova § 6 det øvste organet i fylkeskommunen. Fylkestinget gjer vedtak på vegner av fylkeskommunen i alle saker dersom anna ikkje følgjer av lov eller fylkestinget sine delegeringsvedtak.

Fylkestinget har all mynde som ikkje positivt er lagt til andre organ.

§ 3

Saksgang

Saker frå hovudutvala skal som hovudregel gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Unnatak gjeld for årsbudsjett, økonomiplan og regionale plansaker, og saker frå hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde.

Fylkesordføraren er ansvarleg for å vurdere om sakene skal gå direkte frå hovudutvala til fylkestinget eller om dei bør gå via fylkesutvalet.

Saker som ein vil ha lagt fram for fylkestinget må vere komne inn til fylkesrådmannen innan ein frist som vert fastsett av fylkesutvalet.

Fylkesutvalet kan fremje saker for fylkestinget fram til tingseta er sett, så sant saka har kome på fylkesutvalet si sakliste i samsvar med reglement for dette.

§ 4

Sekretariat

Fylkesrådmannen har sekretariatsansvaret for fylkestinget. Han førebur sakene og har ansvaret for at dei er forsvarleg utgreidde, jf. kommunelova § 23, nr. 2. Vidare har han ansvaret for at vedtaka vert sette i verk.

Til å føre møteboka og vere fylkestinget til hjelp kan tinget velje ein eigen sekretær

§ 5

Møta

a) Tidspunkt

Fylkestinget skal ha møte på dei tidspunkt som tinget sjølv har vedteke, når fylkesordføraren finn det naudsynt, når minst 1/3 av medlemene krev det, jf kommunelova § 32, nr 1, eller etter den møteplanen som vert vedteken av fylkesutvalet.

Fylkesutvalet har fullmakt til fastsetje møtetidspunkt og møtestad. Fylkesutvalet kan delegere fullmakta til fylkesordføraren.

b) Møteprinsippet

Fylkestinget gjer vedtaka sine i møte, jf kommunelova § 30, nr 1.

Fylkestinget har ikkje høve til å handsame saker ved fjernmøte eller skriftleg handsaming, jf kommunelova § 30, nr 2.

c) Sakliste

Fylkesordføraren set opp sakliste for det enkelte møtet, jf kommunelova § 32, nr 2.

Sakene skal handsamast i den rekkjefølgja som følgjer av saklista, men fylkestinget kan vedta ei anna rekkjefølgje. Er ei sak teken opp til handsaming, kan ikkje møtet avsluttast før saka er avgjort ved avrøysting eller fylkestinget har vedteke å utsetje saka.

Fylkestinget kan med vanleg fleirtal vedta å utsetje realitetshandsaminga av ei sak på saklista, jf kommunelova § 34, nr 1.

Fylkestinget kan gjere vedtak i ei sak som ikkje er oppført på saklista dersom møteleiaren eller 1/3 av dei møtande ikkje motset seg dette.

d) Møteleiing/møtesetjing

Møta i fylkestinget vert leia av fylkesordføraren eller fylkesvaraordføraren. Dersom begge har forfall, vert det vald ein særskilt møteleiar ved fleirtalsval, jf kommunelova § 32, nr 4.

Møteleiaren konstaterer at møtet er lovleg sett, jf kommunelova § 33. Han ropar opp namna på medlemene og møtande varamedlemer. Medlemer og varamedlemer som eventuelt tiltrer møtet etter oppropet melder seg til møteleiaren før dei tek sete

Dersom det i samband med oppropet er reist innvendingar mot at nokon har rett til å ta sete i fylkestinget, eller tvil om nokon sitt forfall, tek fylkestinget først avgjerd om dette. Fylkestinget godkjenner forfall og permisjonar etter tilråding frå fylkesordføraren.

e) Varsel - innkalling

Fylkestinget vert kalla inn skriftleg med minst åtte dagars varsel. Saksdokumenta vert gjort tilgjengelege elektronisk.

Fylkestingssamlinga skal kunngjerast på fylkeskommunen si heimeside, jf. kommunelova §§ 4 og 32, nr. 3. Også saklista og dei offentlege saksdokumenta vert lagt ut på heimesida.

f) Møteplikt - forfall

Medlemene har plikt til å delta i fylkestinget sine møte med mindre det ligg føre gyldig forfallsgrunn. Som gyldig forfallsgrunn vert rekna sjukdom, viktige velferdsgrunnar og forretningar eller plikter som ikkje kan utsetjast eller forsømast.

Forfall skal meldast til sekretariatet snarast mogleg og i god tid før møtet.

Etter at møtet er sett kan medlemer ikkje forlate møtet utan å melde frå til møteleiaren på førehand.

Er det reist tvil om eit forfall er gyldig, vert dette handsama før sakene på saklista.

Har ein varamedlem lovleg teke sete i samlinga og medlemen, eventuelt den varamedlemen som står føre han i nummerorden, deretter kjem, skal den førstnemnde varamedlemen likevel delta i møtet inntil den saka som var påbyrja då vedkomande kom, er ferdighandsama.

g) Ordskiftet

Møteleiaren les opp tittelen og nummeret på saka og framlegg til vedtak. Medlemene får ordet i den rekkjefølgja møteleiaren avgjer. Møteleiaren kan tillate replikkordskifte direkte etter eit innlegg og fastset tidsavgrensing for dette.

Møteleiaren kan gi ordet til fylkesrådmannen eller eventuelt andre når dei opplysningar/vurderingar dei kan gi, er viktige for ordskiftet vidare. Dei kan då få ordet utanom talarlista. Dette vil særleg gjelde dersom det vert retta spørsmål direkte til administrasjonen.

Jf. omtale av ordskiftet og taletid i §§ 6 og 7 nedanfor.

h) Vedtak - røysting

Fylkestinget kan gjere vedtak når minst halvparten av medlemene er til stades og har røysta, jf. kommunelova § 33.

Vedtak vert gjort med vanleg fleirtal dersom anna ikkje er bestemt i kommunelova, jf § 35, nr 1. Dersom røystene står likt er møteleiaren si røyst avgjerande.

Ved handsaming av økonomiplan og årsbudsjett gjeld særlege røystereglar, jf kommunelova § 35, nr 2.

I valsaker og tilsetjingssaker skal det haldast ny avrøysting dersom ingen får tilstrekkeleg fleirtal, jf kommunelova § 38. Ved den nye avrøystinga er dei valde eller tilsette som får flest røyster. Dersom røystene står likt, skal valet avgjerast ved loddtrekking og tilsetjinga vert avgjort av møteleiaren.

Sjå nærare omtale av røysting i § 8 nedanfor.

i) Røysteplikt

Medlem som er tilstades i fylkestinget når ei sak vert teken opp til avrøysting pliktar å røyste, jf kommunelova § 40, nr 2. Det er berre høve til å røyste blankt ved tilsetjing og val.

j) Møtebok

Det skal førast møtebok, som vert lagt ut elektronisk på fylkeskommunen si heimeside.

Møtestad og møtetid, fråverande medlemmer og møtande varamedlemmer vert ført inn i møteboka. Går nokon frå eller kjem til medan møtet varer, vert dette bokført slik at når ein samanheld boka med medlemslista kan ein sjå kven som har vore med i handsaminga av kvar sak.

Elles vert bokført det som må til for å visa gangen i førehavingane og at vedtaka vert gjort etter rett framgangsmåte. Sakene vert bokførde slik at ein kan sjå kva saka gjeld. For kvar sak vert bokført dei tilrådingar og framlegg som er gjorde og røystetala for desse. Møteleiaren, eller eventuelt fylkestinget, dersom det vert reist protest mot avgjerda hans, avgjer om protokolltilførsel skal tillatast.

Tema for munnlege orienteringar skal protokollast og eventuelt gje ei tilvising til at skriftleg bakgrunnsmateriale er arkivert i fylkeskommunen sitt sak- og arkivsystem.

Eigarskapsinformasjon skal dokumenterast ved bruk av stikkord og/eller ei tilvising til at eventuelt skriftleg bakgrunnsmateriale er arkivert i fylkeskommunen sitt sak- og arkivsystem.

Fylkestinget godkjenner møteboka ved at to av dei tilstadeverande medlemene, som fylkestinget oppnemner for kvart møte, får tilsendt møteboka elektronisk seinast to dagar etter kvart møte og godkjenner og signerer ho digitalt på vegner av fylkestinget.

k) Opne eller lukka møte

Møta vert som hovudregel haldne for opne dører, jf kommunelova § 31. Fylkestinget kan på nærmare bestemte vilkår vedta å lukke møtet under handsaminga av konkrete saker.

Debatten om lukking av møtet skal haldast i lukka møte dersom møteleiaren eller fylkestinget krev det, jf. kommunelova § 31 a. Avrøystinga skal skje i ope møte.

At møtet er lukka, inneber at utanom møtande medlemmer eller varamedlemmer er det berre fylkesrådmannen eller vedkomande sin representant, kontrollutvalet, kontrollutvalssekretariatet og revisor som har rett til å vere til stades. Fylkestinget kan fastsetje at kontrollutvalet og kontrollutvalssekretariatet likevel ikkje har rett til å vere til stades.

Andre kan få løyve av fylkestinget til å vere til stades. Dette gjeld t.d. tilsette som har oppgåver i samband med den aktuelle saka eller sakstypen. Fylkestinget avgjer sjølv frå sak til sak kven som eventuelt skal få vere til stades.

l) Teieplikt

Medlemene av fylkestinget, og andre som tek del i møtet, har teieplikt i samsvar med forvaltningslova § 13 og særlover.

m) Ugildskap - fritak

For medlemene sin habilitet gjeld reglane i forvaltningslova kap II og kommunelova § 40, nr 3. Ein medlem som er ugild i ei konkret sak, forlet plassen sin. Dersom møtet er lukka, skal vedkomande også forlate møterommet. Fylkestinget kan likevel i særskilde tilfelle, t.d. når medlemen har ei rolle i den vidare oppfølginga av saka, gje vedkomande løyve til å vere til stades i møterommet.

§ 6

Nærare om ordskiftet

Talaren skal vende orda sine til møteleiaren og ikkje til forsamlinga. Talaren skal halde seg nøye til saka eller den del av saka som ordskiftet gjeld. Møteleiaren skal sjå til at det blir gjort

Det må ikkje seiast noko som krenkjer forsamlinga eller andre. Heller ikkje må nokon lage uro for å få fram at ein er misnøgd eller usamd i det som blir sagt.

Dersom nokon bryt desse ordensføresegnene, skal møteleiaren åtvare han, om naudsynleg to gonger. Rettar han seg likevel ikkje etter dette, kan møteleiaren ta frå han ordet eller ved røysting la forsamlinga avgjere om vedkomande skal stengjast ute frå resten av møtet.

Møteleiaren må ikkje avbryte nokon som har ordet dersom det ikkje vert gjort for å handheve ordensføresegnene eller for å rette mistydingar frå talaren si side.

Vil møteleiaren vere med i ordskiftet med meir enn heilt korte innlegg, skal han overlate leiinga av førehavingane til varaordføraren.

Før ordskiftet i ei sak tek til, og medan ordskiftet varer, kan fylkestinget vedta at taletida skal avgrensast for kvart innlegg. Jf elles nærare om taletid i § 7 nedanfor.

Når fylkestinget meiner at ei sak er ferdigdrøfta, kan det vedta å slutte ordskiftet i saka. Ved handsaming av framlegg om å korta av taletida eller om å slutte av ordskiftet, må berre to talarar få ordet - ein for og ein mot framlegget.

Framlegg til vedtak skal sendast elektronisk til heile fylkestinget. Framlegget kan gjerast munnleg om det går ut på at nokon skal veljast eller tilsetjast, at saka som vert handsama skal utsetjast, sendast tilbake til vedkomande hovudutval eller anna organ, eller at framlegg ikkje skal vedtakast. Det skal gå fram av framlegga kven som har sett dei fram.

Dersom det under førehavinga av ei sak vert gjort framlegg om å utsetje saka eller å sende saka attende til ny førehaving i fylkesutvalet eller hovudutvalet, skal dette framlegget drøftast og avgjerast før saka vert handsama vidare i realiteten. Fylkestinget kan pålegge fylkesutvalet å hente inn fråsegner frå eitt eller fleire hovudutval før fylkesutvalet sender saka attende til fylkestinget.

§ 7

Nærare om taletid

Møteleiar kan for den einskilde sak, som t.d. årsbudsjettet og økonomiplanen, ta avgjerd om avgrensa taletid for kvart innlegg. Møteleiar kan også ta avgjerd om å slutte av ordskiftet i ei sak.

§ 8

Nærare om røysting

Når ordskiftet er slutt seier møteleiaren frå om at saka skal takast opp til røysting. Frå då og til saka er avgjort ved røysting må det ikkje vera meir ordskifte om saka eller setjast fram nye framlegg. I dette tidsrommet er det heller ikkje høve til å ta opp ei anna sak til førehaving.

Berre dei medlemene som er til stades i salen når saka blir teken opp til røysting har rett til å røyste. Dei har røysteplikt. Dei kan ikkje gå frå salen før røystinga er ferdig.

Er saka delt opp eller det skal røystast over fleire framlegg, gjer møteleiaren framlegg om rekkefølga av røystingane. Blir det ordskifte om dette, skal møteleiaren nøye sjå til at talarane berre held seg til røystingsspørsmålet.

Før endeleg røysting i ei sak kan forsamlinga vedta prøverøystingar som ikkje er bindande.

Er den tilrådinga eller det framlegget som det skal røystast over delt i fleire postar eller paragrafar, bør det til vanleg røystast førebels over kvar einskild post eller paragraf, og deretter til slutt over heile tilrådinga eller heile framlegget.

Røysting vert gjort på ein av desse måtane:

a) Ved stilleiande godkjenning når ikkje nokon seier imot

b) Ved at møteleiaren oppmodar dei medlemene som er imot eit framlegg om å reise seg eller å rette opp handa. Når møteleiaren fastset det, eller ein medlem krev det, vert det halde kontrarøysting ved at deretter dei som røyster for framlegget reiser seg eller rettar opp handa.

c) Ved namneopprop, ja eller nei til svar, når møteleiaren ropar opp namna. Det vert fastsett ved lutkasting kva for namn på oppropslista oppropet skal ta til med.

Namneopprop vert brukt når møteleiaren fastset det, når ein medlem krev det og kravet frå støtte frå minst 1/5 av forsamlinga, eller når møteleiaren eller 1/5 av forsamlinga meiner at utfallet av ei røysting etter pkt. b ovanfor (med etterfølgjande kontrarøysting) ikkje kan fastslåast sikkert.

Røystinga over om namneopprop skal brukast vert gjort på den måten som er nemnd ovanfor utan ordskifte på førehand.

d) Ved skriftleg røysting med røysetelar utan underskrift. To medlemmer som møteleiaren nemner opp, og møtesekretæren, tel opp røystene. Skriftleg røysting kan berre brukast ved val og tilsetjing etter krav frå ein medlem.

§ 9

Spørsmål og interpellasjonar

Spørsmål

Kvar fylkestingsmedlem kan setje fram førespurnader (spørsmål) til fylkesordføraren i møtet, også om saker som ikkje står på saklista, jf. kommunelova § 34 nr. 2.

I utgangspunktet bør førespurnader/spørsmål varslast seinast åtte dagar før møtedagen for at møteleiaren skal kunne gi fullnøyande svar.

Til førespurnader/spørsmål som ikkje er varsla på førehand eller som er sett fram kort tid før møtet, kan møteleiaren gi ei førebels utgreiing eller vise til at han vil gi svar i neste møte.

Den som set fram førespurnad/spørsmål kan bruke inntil to minutt til å setje det fram. Etter at fylkesordføraren har svara kan spørsmålsstillaren nytte inntil eitt minutt til å stille eitt tilleggs-spørsmål. Dette må knyte seg til det svaret fylkesordføraren har gjeve. Etter at fylkesordføraren også har gjeve svar på tilleggsspørsmålet, er det ikkje høve til ytterlegare ordskifte i høve førespurnaden/spørsmålet.

Interpellasjon

Kvar fylkestingsmedlem kan setje fram interpellasjon til fylkesordføraren i møtet, også om saker som ikkje står på saklista, jf. kommunelova § 34 nr. 2.

Ein interpellasjon som er meld seinare enn ein månad før den aktuelle fylkestingssamlinga, kan avvisast frå tingsamlinga. Normalt skal fylkesordføraren også avvise krav om interpellasjon dersom spørsmålet alt har fått si avklaring i inneverande fylkestingsperiode eller alt er sett opp på fylkestinget si sakliste.

Den som set fram ein interpellasjon kan maksimalt nytte 10 minutt på å fremje og grunngje interpellasjonen. Etter at møteleiaren har svara er det høve til ordskifte om saka. Ordskiftet bør avgrensast til ein time. Møteleiaren har høve til å kome med ein sluttmerknad etter at ordskiftet er ferdig.

Møteleiaren tek i første omgang stilling til om ein førespurnad kan godtakast som interpellasjon. Dersom han ikkje kan godtakast, skal møteleiaren tilby vedkomande fylkestingsmedlem å nytte spørsmålsforma. Dersom den som ønskjer å fremje interpellasjon ikkje godtek møteleiaren si avgjerd, tek fylkesutvalet stilling til saka. Fylkestinget kan med verknad for ei seinare fylkestingsamling likevel avgjere at førespurnaden skal godtakast som interpellasjon.

Framlegg etter spørsmål eller interpellasjonar

Framlegg som vert fremja i tilknytning til førespurnader, spørsmål eller interpellasjonar, og som gjeld saker som ikkje står på saklista, kan fylkestinget eventuelt ta opp til handsaming etter reglane i kommunelova § 34 nr. 1, jf. over i § 5, pkt c.

§ 10

Ny førehaving av avgjorte saker

Når ei sak er avgjort kan ho ikkje takast opp att til ny førehaving i same fylkestingsperiode dersom det ikkje seinare er kome til nye opplysningar eller nye tilhøve som er vesentlege for avgjerda i saka.

Reglement for fylkesutvalet

Fastsett av fylkestinget i sak nr 26/95 og revidert i sak nr. 24/03 og 47/15

§ 1

Val og samansetnad

Fylkesutvalet har 9 medlemmer med varamedlemer. Fylkestinget vel medlemene blant fylkestinget sine medlemmer. Valet skjer ved høvestalval. Leiarane av hovudutvala skal ikkje vere medlemmer i fylkesutvalet.

Valet gjeld for den fylkeskommunale valperioden.

Fylkestinget vel blant fylkesutvalet sine medlemmer fylkesordførar og fylkesvaraordførar for heile valperioden. Fylkesordføraren leier møta i fylkesutvalet.

Fylkesordføraren og fylkesvaraordføraren skal ikkje vere medlem av eit hovudutval. Minst éin medlem av kvart hovudutval skal vere medlem av fylkesutvalet. Ein skal freiste å ha ein mest mogleg lik representasjon av medlemmer frå fylkesutvalet i dei ulike utvala

Fylkesrådmannen har møte- og talerett i fylkesutvalet, jf kommunelova § 23, nr 3. Retten kan utøvast av han personleg eller av ein av hans underordna.

§ 2

Arbeidsområde

Fylkesutvalet tek avgjerd i saker etter mynde delegert frå fylkestinget i enkeltsaker eller i delegeringsreglementet.

Fylkesutvalet gir tilråding til fylkestinget vedkomande årsbudsjett, økonomiplan, regionale plansaker og i andre saker der handsaminga startar i eller er innom fylkesutvalet.

§ 3

Saksgang

Saker frå hovudutvala skal som hovudregel gå direkte til fylkestinget utan handsaming i fylkesutvalet. Unntak gjeld for årsbudsjett, økonomiplan, regionale plansaker og saker frå hovudutvala som inneber endringar i føresetnadene i desse overordna dokumenta, eller der ein på annan måte legg opp til vedtak av vesentleg prinsipiell rekkevidde.

Fylkesordføraren er ansvarleg for å vurdere om sakene skal gå direkte frå hovudutvala til fylkestinget eller om dei bør gå via fylkesutvalet.

§ 4

Spesielle arbeidsområde

Likestillingsutval

Fylkesutvalet har funksjonen som likestillingsutval. Likestillingsutvalet skal ha egne møte med eiga sakliste og eiga møtebok.

Klagenemnd

Fylkesutvalet har funksjonen som klagenemnd etter forvaltningslova § 28. Det skal setjast opp eiga sakliste og førast eiga møtebok for klagenemnda.

Fylkesvalstyre

Fylkesutvalet har funksjonen som fylkesvalstyre etter vallova § 4-3.

Valnemnd

Fylkesutvalet har funksjonen som valnemnd ved val av medlemmer til politiske utval i fylkeskommunen. Valnemnda gir tilråding til fylkestinget.

Finansutval og planutval

Fylkesutvalet, med tillegg av hovudutvalsleiarane og gruppeleiarane for dei partia som eventuelt ikkje er representerte i fylkesutvalet eller har hovudutvalsleiar, har funksjon som finansutval i arbeidet med årsbudsjett og økonomiplan og som planutval i arbeidet med regionale plansaker.

Tannhelse

Fylkesutvalet har sektoransvaret for tannhelsetenesta og for budsjettområdet «Forvaltning».

§ 5

Sekretariat

Fylkesrådmannen har sekretariatsfunksjonen for fylkesutvalet. Han førebur sakene til utvalet og har ansvaret for at sakene er forsvarleg utgreidde, jf. kommunelova § 23, nr 2. Vidare har han ansvaret for at vedtaka vert iverksette.

Sekretariatet i samråd med leiaren kan innkalle personar til møta i fylkesutvalet som ein finn det ønskjeleg å rådføre seg med i einskilde saker.

§ 6

Sakshandsaming

For sakshandsaming i utvalet gjeld Reglement for sakshandsaming i politiske utval.